



UiT Noregs arktiske universitet

Institutt for språk og kultur

«Mye tøv du skriv»

Språklege og semiotiske ressursar i politisk CMC

Geir Heggås Bakkevoll

Masteroppgåve i nordisk språk NOR-3920 november 2019

Innheld

1 INNLEIING	1
1.2 BAKGRUNN FOR ARBEIDET.....	2
1.3 STRUKTUREN I ARBEIDET.....	4
2 FAGLEG PLASSERING OG ETABLERT TEORI	5
2.1 EIT DOBBELTBOTNA PROSJEKT	5
2.2 PRINSIPP OM IDENTITET SOM SOSIAL KONSTRUKSJON	6
2.3 VARIASJONAR MED SYMBOLSK SIGNIFIKANS.....	7
2.4 FIRE SOSIALE ELLER KULTURELLE FORKLARINGAR TIL SPRÅKLEG VARIASJON	8
2.5 VARIASJONAR SOM GIR AUTORITET	9
2.6 SYMBOLSK INTERAKSJONISME I KONTEKSTKOLLAPSEN	9
2.7 TEKNOLOGIEN OG DET FØRESTILTE PUBLIKUMET	11
2.8 MEDIALEKTALE TREKK OG MEDIALISERTE DIALOGRESSURSAR	11
2.9 SPRÅKØKONOMISERING OG ‘PRIMÆRINTERAKSJONEN’	12
2.10 EMOJIAR ER MEIR ENN FØLELSAR	13
2.11 FAKTISKE INTERESSEFELLESSKAP	14
2.12 MANGFALDIGE IDENTITETAR KREV TEORETISK MANGFALD	15
3 FORSKINGSSPØRSMÅL OG METODE.....	16
3.1 EI AVKLARING MELLOM SPRÅK OG SEMIOTIKK.....	16
3.2 FORSKINGSSPØRSMÅLA	17
3.2.2 <i>Høgfrekvente ortografiske avvik</i>	17
3.2.3 <i>Ortografiske avvik og politiske tema</i>	18
3.2.4 <i>Dialekt og politiske tema</i>	18
3.2.5 <i>Piktogram og politiske tema</i>	19
3.2.6 <i>Kommunikasjonsressursar og innleiarar</i>	20
3.2.7 <i>Kommunikasjonsressursar, tempo og lengde</i>	20
3.2.8 <i>Samanfatting av forskingsspørsmåla</i>	21
3.3 VARIANSANALYSE.....	22
3.4 VAL AV SPRÅKBRUKSARENA.....	24
3.5 YTRING SOM DEN ANALYTISKE EININGA	26
3.6 KLASIFISERING AV YTRINGANE	26
3.6.1 <i>Valkampen og grenser for datainnsamlinga</i>	26
3.6.2 <i>Politiske ytringar</i>	27
3.6.3 <i>Politiske kategoriar</i>	28
3.6.4 <i>Kategoriar av innleiarar</i>	30
3.7 KLASIFISERING AV SPRÅKLEGE OG SEMIOTISKE RESSURSAR.....	30
3.7.1 <i>Ytringar med ortografiske avvik</i>	30
3.7.2 <i>Dialektytringar</i>	31
3.7.3 <i>Dialekten i Troms</i>	32
3.7.4 <i>Ytringar med piktogram</i>	32
3.8 OBSERVATØRENS PARADOKS	32
3.9 ETISKE VURDERINGER	32
3.10 EIT MATEMATISK VAL: MÅL FOR SENTRALTENDENS.....	35
3.11 VIDAREUTVIKLING AV METODEN	36
4 RESULTAT	38
4.1 BRUKEN AV SPRÅKLEGE OG SEMIOTISKE RESSURSAR I «NORDNORSK DEBATT»	38
4.2 ORTOGRAFISKE AVVIK I DIGITALE, POLITISKE SAMTALAR	39
4.3 DIALEKT I DIGITALE, POLITISKE SAMTALAR	44
4.4 PIKTOGRAM I DIGITALE, POLITISKE SAMTALAR	46
4.5 INNLEIAR OG SPRÅKTREKK	47
4.6 ORTOGRAFI OG TEMPO	53
4.7 PIKTOGRAM OG LENGDE	54
4.8 OPPSUMMERING AV RESULTATA.....	55

5 TOLKING OG DISKUSJON AV RESULTATA.....	57
5.1 ORTOGRAFISKE AVVIK I POLITISK CMC	57
5.1.1 <i>Eit nytt ortografisk regime</i>	58
5.1.2 <i>Smarttelefonane gir arenakollaps</i>	58
5.1.3 <i>Dempa tale eller rop i politisk CMC</i>	60
5.1.4 <i>Ikonar for politisk CMC</i>	61
5.1.5 <i>Seriøse samtalar om finansar og næring</i>	62
5.1.6 <i>Ikkje det same med samepolitikk</i>	63
5.1.7 <i>Standardortografi i respekt?</i>	64
5.1.8 <i>Standardortografi i protest?</i>	65
5.1.9 <i>Engasjert språkøkonomisering og fleire ortografiske avvik</i>	67
5.2 DIALEKT I POLITISK CMC	68
5.2.1 <i>Korfor våge dialekt?</i>	68
5.2.2 <i>Planlagd variasjon i Noreg</i>	69
5.2.3 <i>'The voice from nowhere' om forsvar</i>	72
5.2.4 <i>'The voice from somewhere' om distrikt</i>	73
5.3 PIKTOGRAM I POLITISK CMC	75
5.3.1 <i>Piktogram gir samtalen tempo</i>	76
5.3.2 <i>Språkøkonomisering og skjermtid</i>	76
5.3.3 <i>Kopplingstrong</i>	77
5.3.4 <i>Kopplingstrong mot privatpersonar</i>	78
5.3.5 <i>Piktogram gir ytringa illokusjonær presisjon</i>	79
5.3.6 <i>Medialisert digital dialog</i>	81
5.3.7 <i>Kopplingstrongen skil innvandring frå helse og omsorg</i>	82
5.3.8 <i>Atterhald i samtale med redaksjonelle medarbeidarar</i>	83
6 OPPSUMMERING OG AVSLUTNING.....	86
6.1 VIDARE FORSKING	89
LITTERATUR OG ANDRE KJELDER.....	91

Figurar og tabellar

FIGUR 1: SENTRALE FUNN I "SØRINGKUKA OG FORBANNA MANNSKIT"	3
FIGUR 2: RESPONSTIDA MELLOM YTRINGAR OM EIT TEMA OG MELLOM YTRINGAR OM ANDRE TEMA	24
FIGUR 3: EIN POST PÅ "NORDNORSK DEBATT"	26
FIGUR 4: SKILNAD MELLOM SVAR OG KOMMENTARAR PÅ FACEBOOK.....	36
FIGUR 5: BOLANDER OG LOCHER (2013) OM FORUM OG INNHOLD I CMC.....	37
FIGUR 6: SPRÅKLEGE OG SEMIOTISKE RESSURSAR PÅ «NORDNORSK DEBATT»	38
TABELL 1: SAMTALAR FORDELTE PÅ POLITISKE KATEGORIAR OG INNLEIARAR	29
TABELL 2: YTRINGAR MED ORTOGRAFISKE AVVIK FOR KVART TEMA	40
TABELL 3: TEMA OG TEMPO I SAMTALANE	41
TABELL 4: TEMA OG LENGDE PÅ YTRINGANE.....	43
TABELL 5: DIALEKTYTRINGAR FOR KVART TEMA.....	45
TABELL 6: YTRINGAR MED PIKTOGRAM FOR KVART TEMA.....	46
TABELL 7: DIALEKTYTRINGAR ETTER INNLEIAR FOR SAMTALANE	48
TABELL 8: YTRINGAR MED ORTOGRAFISKE AVVIK ETTER INNLEIAR FOR SAMTALANE.....	49
TABELL 9: YTRINGAR MED PIKTOGRAM ETTER INNLEIAR FOR SAMTALANE.....	50
TABELL 10: INNLEIAR OG TEMPO I SAMTALANE	51
TABELL 11: INNLEIAR OG LENGDE PÅ DEI ETTERFØLGANDE YTRINGANE.....	52
TABELL 12: TEMPO OG SPRÅKTREKK I YTRINGANE.....	53
TABELL 13: LENGDE OG SPRÅKTREKK I YTRINGA	54
TABELL 14: PIKTOGRAMMA FORDELT ETTER FUNKSJON	81

Vedlegg

- Vedlegg 1: Skjema for innsamling og analyse av datamaterialet
- Vedlegg 2: Tilråding frå NSD Personvernombudet for forskning
- Vedlegg 3: Informasjonsskriv til språkbrukarane i «Nordnorsk debatt»

1 Innleiing

«Summa summarum har Listhaug ikke gjort noe annet enn en helt ordinær spissformulert Facebook-melding».

Tidlegare FrP-formann Carl I. Hagen, VG 3. april 2018

«Du påstår altså i fullt alvor at Sylvi Listhaugs Facebook-innlegg var en «helt ordinær spissformulert melding».

Tidlegare stortingsrepresentant Tove Karoline Knutsen (Ap), VG 5. april 2018

Diskusjonen mellom to tidlegare stortingsrepresentantar får introdusere temaet for dette arbeidet: Språkbruken i datamediert kommunikasjon (heretter ‘CMC’ for det engelske ‘Computer Mediated Communication’) når vi diskuterer politikk.

Midt i krangelen peikar desse norske politikarane på utgangspunktet for denne undersøkinga: Mange meiner og få veit mykje om kva som kjenneteiknar ei «helt ordinær spissformulert Facebook-melding». Eit av dei seinaste eksempla kjem frå tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik (2019), som seier den offentlege debatten i sosiale medium er prega av «[e]t språklig forfall, ja rett og slett “søppel”». Bondevik meiner dette språklege forfallet oppstår «[n]år man ikke ser den det gjelder i øynene, men bare kan “lire av seg” noe i en anonym avstand». Med det peikar han på at avstanden i tid og rom kan forklare språkleg variasjon i sosiale medium, og det blir eit sentralt resonnement også i dette arbeidet.

Trass klare meininger og sterke karakteristikkar frå politikarar og andre; norske språkforskarar har jobba lite med CMC, og endå mindre med politisk CMC (Lande 2017:3-4, Evjen 2011:10-11). Dette prosjektet er eit bidrag til å svare meir forskingsbasert på spørsmålet om *kva som kjenneteiknar språket i politiske debattar i sosiale medium*. Forskingsspørsmåla i undersøkinga tek for seg kva for språklege og semiotiske ressursar vi brukar i slike debattar, og om det varierer etter tema eller kven som startar debatten.

Eg er ikkje aleine om å meine at feltet treng meir interesse, ikkje minst frå språkforskarar. Stæhr og Mortensen (2018:10) spør korfor ein skal interessere seg for språk om ein vil forstå kva som går føre seg i sosiale medium. Like etter svarar dei sjølve at vi bør forstå at «språkbrugere anvender sprog til at opnå noget socialt» og at vi derfor kan bruke språkleg datamateriale frå sosiale medium «til at forstå samfunds dynamikker og mellemmenneskelige forhold» (Stæhr og Mortensen 2018:13).

Allereie før dei skreiv dette gav blant anna Susanne Kaluza dei rett. Ho brukte sosiale medium i kampen for at legar ikkje skal kunne reservere seg mot å vise til abort (*Dagbladet* 2014).

Innlegga om dette temaet på bloggen hennar¹ vil vere spennande for mange som er interesserte i språk. Har ein syntaks som spesialområde, finn ein fleire interessante vekslingar mellom lange og korte periodar. Retorikkforskaren kan på si side finne bibelske allusjonar som «i løvens hule» og «regjeringens velsignelse», eller sjå korleis gjentakingane verkar i tekstane.

Eit nyare eksempel er oppgjeret som skodespelaren Kristoffer Joner hadde med dåverande innvandrings- og integreringsminister Sylvi Listhaug på Facebook² (*Dagbladet* 2016). Både i postane til Joner og kommentarane under finst det fleire interessante språklege trekk. Vi legg raskt merke til det som ser ut til å vere gjennomtenkte ortografiske avvik frå Joner, særleg dei store bokstavane kvar gong han brukar orda ‘LIKE’ og ‘DELE’. Kommentarane under postane inneheld emojiar som er ein studie verd, for eksempel «Du bør skamme deg. Trenger ikke dine meninger» og «TUSEN TAKK SKAL DU HA ». Både dei ortografiske avvika og emojiane er med som språklege variablar i denne undersøkinga, som blant anna svarar på om vi finn fleire eller færre av dei når innvandring er tema for den politiske debatten.

1.2 Bakgrunn for arbeidet

Sjølv fatta eg interesse for språket i CMC då eg våren 2017 gjorde ei undersøking i den politisk orienterte Facebook-gruppa «Bevar Andøya Flystasjon». Lesaren får unnskyldje bannskapen når eg siterer språkbrukarane som kallar norske folkevalde «Søringkuka» og avgjerdene deira for «Forbanna mannskit bekkola³». Ytringane er frå Facebook-gruppa tysdag 8. november 2016. Då blei fleirtalet på Stortinget einige om den neste langtidsplanen for Forsvaret (LTP), inkludert å legge ned flybasen med om lag 300 arbeidsplassar på Andøya. Debatten har gått høgt, både før og etter denne avgjerda, ikkje minst mellom dei 31.105 medlemene⁴ i Facebook-gruppa «Bevar Andøya Flystasjon».

¹ Dei mest sentrale innlegga om dette temaet finn ein ved å bruke funksjonen som samlar blogginnlegg etter stikkord: <http://susannekaluza.com/tag/abort/>.

² Kampanjen starta med denne posten på Facebook: <https://www.facebook.com/photo.php?fbid=110907779395200&set=a.110917102727601&type=3&theater>.

Eg problematiserer ikkje at det i ettertid viste seg at Joner samarbeidde både med reklamebyrået Anorak og Norsk organisasjon for asylsökere (NOAS) om kampanjen.

³ Det har ikkje lukkast meg å avgjere tydinga til ordet «bekkola». Etter dialog med forskrarar på språkkontaktområda i nord er det mest nærliggande å tru at dette er ein variant av det finske banneordet perkele, som i sin tur er eit låneord frå baltisk i finsk. Häkkinen (2006:98) seier i boka «Mistä sanat tulevat: suomalaista etymologiaa» ('Kvar kjem orda frå') at perkele har fleire variantar, og ho nemner blant anna perkale, perskeles, pirskale, pirhana, perhana, persana, pentele. Eg seier her takk til fleire av vennane mine på Facebook, spesielt Aud-Kirsti Pedersen, som hjelpte meg fram til denne slutninga.


⁴ Dette er talet på medlemar 22. august 2018.

Med dei friske vendingane eg nettopp siterte, overraskar det neppe at «Bevar Andøya Flystasjon» er ei Facebook-gruppe med aktiv debatt og variert språkbruk. Derfor undersøkte eg om språket i gruppa utvikla seg i takt med den politiske saka som medlemene er samla om.

Evjen (2011) har studert CMC i debattforum knytt til norske nettavisar. Undersøkinga hennar viser at ikkje nokon tema gir så lite dialekt i samtalen som politikk (Evjen 2011:69). Ho argumenterer likevel for at «emosjonelt innhald [kan] vere ei medverkande årsak til at ein skriv på dialekt» (Evjen 2011:81). På bakgrunn av det var hypotesen min at medlemene i «Bevar Andøya Flystasjon» ville ytre seg med fleire avvik frå standardortografi, bruke fleire piktogram og skrive meir dialekt etter kvart som spenninga rundt den politiske saka vaks. For å teste hypotesen om ei parallel utvikling i politikk og språk delte eg den politiske prosessen rundt LTP inn i tre fasar og undersøkte 1541 ytringar fordelt mellom desse fasane.

Som figur 1 viser, blei hypotesen tilbakevist i undersøkinga. Tvert om produserte debattantane i gruppa færre ytringar med dialekt og piktogram etter kvart som spenninga i den politiske saka kvesste seg til. Likevel såg eg at språk brukarane brukte monaleg mykje meir dialekt i den politiske debatten enn tidlegare norsk forsking på CMC gav grunn til å tru (Evjen 2011).

Figur 1: Sentrale funn i "Søringskuka og forbanna mannskit" (Bakkevoll 2017)



1.3 Strukturen i arbeidet

I dette arbeidet forlet eg Facebook-gruppa «Bevar Andøya Flystasjon» og undersøker CMC på ein annan språkbruksarena og om fleire politiske tema. Datagrunnlaget for denne undersøkinga er 1949 ytringar frå «Nordnorsk debatt», regionavisa Nordlys si Facebook-side for debatt.

Evjen (2011) er allereie nemnd som ein del av bakgrunnen for dette prosjektet. Kapittel 2 er viggd anna teori som har vore viktig for å utvikle forskingsspørsmåla og som blir relevant for å diskutere resultata av undersøkinga. I kapittel 3 gjer eg først greie for problemstillingane og hypotesane som dette prosjektet forsøker å svare på. Deretter drøftar eg metoden eg har valt for å samle inn og analysere dei 1949 ytringane frå «Nordnorsk debatt».

Resultata frå denne analysen kjem i kapittel 4, først på detaljnivå og deretter med eit overordna blikk. I kapittel 5 tolkar og diskuterer eg resultata. Ei oppsummering av både resultata og tolkingane kjem i kapittel 6. Der foreslår eg også vidare forsking på politisk CMC.

2 Fagleg plassering og etablert teori

2.1 Eit dobbeltbotna prosjekt

Denne undersøkinga viser at språk har ein dobbel ontologisk status, slik at vi kan betrakte det som både natur og kultur (Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:16). På den eine sida skal prosjektet finne og telje fenomen. På den andre sida er det like viktig å forstå og forklare funna. Det vil derfor vere lett å trekke linjene frå denne undersøkinga til både naturvitenskapen og dei humanistiske faga.

Det naturvitenskapelege forskingsidelet blir tydelegast i den kvantitative metoden (Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:54). I undersøkinga blir dataa samla inn på avstand frå språkbrukaren i både tid og rom (Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:26). Vidare har eg med klare variablar og verdiar gjort det mogleg å måle og telje språklege og sosiale fenomen. Deretter brukar eg statistiske testar for å samanlikne mengder og fordelingar og på det grunnlaget etterprøve vitskapelege utsegner (Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:41).

Nettopp desse utsegogene eller forskingsspørsmåla framstiller likevel språket som eit sosialt og kulturelt fenomen. Dermed tar prosjektet utgangspunkt i at CMC er noko meir enn ein isolert tekst. Milner (2011) diskuterer korleis ein kan nærme seg CMC både som ‘tekst’ og ‘stad’: «a community or site much like any traditional site an ethnographer would study [...] even if ‘place’ here is metaphorical» (Milner 2011:18). Når ein studerer tekst også som ‘stad’, opnar ein for å inkludere sosiale perspektiv utanfor teksten. Då ser ein på CMC som sosial interaksjon som heng saman med prosessar, relasjonar og aktivitet utanfor dei digitale arenaene (Androutsopoulos 2013:4-5).

Det er ei klassisk forståing i sosiolinguistikken at enkeltmenneske eller grupper uttrykker identiteten gjennom språkbruken sin og at dei tilpassar språket for å uttrykke ulike identitetar i ulike situasjonar (Shoemark mfl. 2017:1239). Denne undersøkinga har trekk frå fleire delar av sosiolinguistikken, som av mellom andre Eckert (2012) er framstilt som eit fagfelt i tre bølger eller med tre paradigme. Den første bølga brukar kvantitative metodar for å undersøke korrelasjonar mellom språktrekk og verdiar på makrovariablar som klasse, alder og kjønn (Eckert 2012:88-89). Metoden eg presenterer i kapittel 3, viser innslag frå denne bølga, ofte kalla den labovianske tradisjonen etter forskaren Willam Labov (Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:112). Prosjektet er likevel derfor ikkje ein studie av sosial, språkleg variasjon som i den labovianske tradisjonen, ettersom det ikkje viser samvariasjonar mellom språklege og demografiske kategoriar.

Endå mindre høyrer prosjektet til innanfor det Eckert (2012:91) kallar den ‘den etnografiske tilnærminga’. Denne andre bølga innanfor sosiolingvistikken inkluderer studiane om lokal og individuell variasjon og interaksjon. Variablane er ofte dei same som i den første bølga, men fokuset flyttar seg altså frå eit makro- til eit mikroplan.

Undersøkinga på «Nordnorsk debatt» er tydelegast forankra i den tredje bølga av sosiolingvistikken, som Eckert (2012:93) kallar ‘det stilistiske perspektivet’. Her går forskaren frå å sjå på språktrekk som teikn på identitet eller tilhøyrsel i ein sosial kategori, til å anta at ein kan bruke språkvariasjon for å posisjonere seg i eit sosialt landskap og konstruere identitet eller sosial mening (Eckert 2012:94; Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:123).

2.2 Prinsipp om identitet som sosial konstruksjon

Ein grundig og nytig diskusjon nettopp om identitet som språkleg konstruksjon kjem frå Bucholtz og Hall (2005). Dei skriv seg tydeleg inn i den tredje bølga av sosiolingvistikken når dei formulerer fem prinsipp om språk og identitet. I den vidare diskusjonen er termene omsette, men i originalversjonen er prinsippa kalla ‘the emergence principle’, ‘the positionality principle’, ‘the indexicality principle’, ‘the relationality principle’ og ‘the partialness principle’.

Det første prinsippet, omsett til ‘skapingsprinsippet’, slår fast at identitet utviklar seg heile tida, ikkje minst med språk som verktøy og uttrykk: «Identity is best viewed as the emergent product rather than the pre-existing source of linguistic and other semiotic practices» (Bucholtz og Hall 2005:588).

‘Posisjoneringsprinsippet’ seier at identitet er ei blanding av tre komponentar. Den første er dei demografiske kategoriane frå den labovianske tradisjonen. Den andre komponenten i identitet er kulturelle posisjonar. Til slutt er identitet også dei standpunktene og rollene som blir til i interaksjon med andre. Om desse seier Bucholtz og Hall (2005:591) at «social actors briefly occupy and then abandon as they respond to the contingencies of unfolding discourse», men at dei også kan «accumulate ideological associations with both large-scale and local categories of identity». Vi skal altså legge merke til at standpunktene og rollene er ustadige posisjonar som språkbrukaren trer inn og ut av, men dei kan også skape dei meir permanente kategoriane i ein identitet.

Det tredje prinsippet, ‘indeksikalitetsprinsippet’, følger som ein konsekvens av det førre. Dette prinsippet handlar om koplinga mellom det språklege teiknet og ei sosial mening (Bucholtz og Hall 2005:594). Altså kan vi diskutere om eit språktrekk indekserer ein komponent i identiteten.

Som namnet seier, handlar ‘relasjonsprinsippet’ om at identitet ikkje utviklar seg i eit vakuum. Bucholtz og Hall (2005:598) seier derimot at «identites are never autonomous or independent but always acquire social meaning in relation to other available identity positions and other social actors [...]». Ved hjelp av språket kan ein jamne ut eller forsterke skilnadar frå andre, ein kan vise sin eigen eller andre sin posisjon som autentisk eller framand, og ein kan styrke legitimiteten (Bucholtz og Hall 2005:599-605).

I ‘fragmenteringsprinsippet’ slår Bucholtz og Hall (2005) fast det ein har skjønt frå dei fire første prinsippa: Identitet er sett saman av både vilje og vane, og konstruksjonen er like mykje ubevisst som bevisst. I språklege analysar kan vi derfor forvente at identitet vekslar etter relasjonar og konteksten for diskursen.

2.3 Variasjonar med symbolsk signifikans

Det kan altså ligge mange og vekslande sosiale grunnar bak språkleg variasjon. Det er tema også for Sebba (2007). I verket *Spelling and society* skriv Sebba (2007:6) at «language as a social and cultural phenomenon intersect. It touches on matters of social identity, national identity, cultural politics, representation and voice». Som boktittelen antydar, tar Sebba utgangspunkt i ortografiske variasjonar, fordi «the signs carry not only linguistic meaning, but also social meaning at the same time» (Sebba 2007:7).

Som Sebba leiter vi etter sosiale eller kulturelle grunnar for å gi «[...] an account for the apparently intentionally ‘deviant’ or unconventional spelling [...]» (Sebba 2007:2). Dei ortografiske variasjonane kan ifølge Sebba ha «symbolsk signifikans» (‘symbolic significance’), for dei opptrer ikkje tilfeldig. Vi kan identifisere ikkje-standardiserte ortografiske normer på ein språkbruksarena, ikkje minst den digitale (Sebba 2007:46; Stæhr og Mortensen 2018:10). Med god hjelp frå Androutsopoulos (2000) viser Sebba (2007:37-40) følgjande fem strategiar for å bruke språket i slik sosial praksis.

Grafemsubstitusjon (Sebba 2007:34; Androutsopoulos 2000:522) er ein strategi der språkbrukarane utnyttar ein korrespondanse mellom fonem og grafem som er konvensjonell i språket, men ikkje i det aktuelle ordet. Eit eksempel på slik variasjon i materialet frå «Nordnorsk debatt» er «onga som aldri har vært i arbeidslivet». Grafemet ‘o’ er som kjent ikkje uvanleg for fonemet /u/. Det har vi for eksempel i ‘onde’, men altså ikkje i ordet ‘unge’.

Ein annan strategi handlar om å bruke *munnlegmarkørar* (Sebba 2007:37). I denne kategorien av språkleg variasjon inkluderer Sebba (2007:37) og Androutsopoulos (2000:521) teiknsetting

eller store bokstavar som markerer prosodisk forsterking eller demping. Eksempel frå materialet i mi undersøking er «de MÅTTE klare seg selv fra første dag» og «Noe vi på ingen måte er!!!!».

Leksikalsk substitusjon (Androutsopoulos 2000:521) er merkelappen på den tredje av dei fem strategiane som Sebba (2007:37) listar opp. Denne strategien inneber at språkbrukaren erstattar ord eller sekvensar av bokstavar med enkeltbokstavar, eller med tal og andre symbol som ikkje er frå alfabetet. «Enig m han» og «Elendig BME» er eksempel frå materialet i denne undersøkinga.

Den fjerde kategorien i lista frå Sebba (2007:38-39) er *arkaisk staving*, altså at språkbrukaren brukar forelda staving. Denne strategien er i bruk på «Nordnorsk debatt» i ytringar som «Høire». Dersom språkbrukaren derimot brukar ord eller staving frå andre språk, kallar Sebba (2007:39) det *språkekstern symbolisme*. I materialet frå «Nordnorsk debatt» finn vi for eksempel ein språkbrukar som skriv «trix» i staden for ‘triks’, og ein annan kjem med ytringa: «[...] Listhaug og hennes haleheng bruker ... Unheimlich!» Dette er den siste av dei fem strategiane Sebba (2007) meiner kan forklare ortografisk variasjon.

Desse variasjonane opptrer i ulik grad i ulike ‘ortografiske regime’, som Sebba (2007:43) framstiller som eit kontinuum. På den eine sida ligg fullt regulerte regime, for eksempel skulebøker. På den andre sida av skalaen ligg dei heilt uregulerte, for eksempel graffiti. Sebba (2007:44) plasserer CMC mellom desse ytterpunktene, i dei delvis regulerte ortografiske regima. Der plasserer han også litteratur som bryt med ortografiske standardar.

2.4 Fire sosiale eller kulturelle forklaringar til språkleg variasjon

Sebba (2007:160-165) samanfattar vidare fire grupper av sosiale eller kulturelle grunnar for desse språklege praksisane: Identitet, ikonisering, interspråklege grunnar og autoritet. *Identitet* inkluderer også nasjonal og etnisk identitet. Sebba seier det så sterkt som at «[T]he tendency of orthography to become a marker of identity is beyond question» (Sebba 2007:160).

Ikonisering (Sebba 2007:161) er ein annan potensiell bakgrunn for språkleg variasjon. Irvine og Gal (2000:37) beskriv ikonisering som ein transformasjon i forholdet mellom eit språkleg og eit sosialt element, slik at det språklege elementet blir ein fast representasjon av det sosiale elementet. Sebba (2007:161) presiserer at alle element på alle nivå i språket er potensielle ikon.

Vidare peikar Sebba (2007:162) på at ingen variantar, varietetar eller ortografiar er isolerte, men står i ein relasjon til kvarandre. Derfor kan språkbrukarar bruke utvalde språklege element frå eit anna språk for å markere avstand eller gi eige språk prestisje. Dette er dei *interspråklege grunnane* Sebba (2007) nemner for språkleg variasjon.

Den fjerde og siste gruppa av sosiale eller kulturelle grunnar til språkleg variasjon er *autoritet* (Sebba 2007:163-164). Ein språkbrukar kan bruke språket til å markere status eller legitimitet for seg sjølv, ein variant eller ein varietet. I diskusjonen om autoritet tar Sebba (2007:112-114) i bruk omgrepssparet ‘Ausbau’ (‘utbygging’) og ‘Abstand’ (‘avstand’) frå den tyske lingvisten Kloss (1967). Hos Kloss er Ausbau eit spørsmål om ein variant er utvikla for å fylle funksjonar i samfunnet, og Abstand er eit spørsmål om den lingvistiske avstanden til andre variantar og varietetar. Mens Kloss brukte omgrepet Abstand meir formelt for å klassifisere språk, brukar Sebba (2007:114) omgrepet sosiolingvistisk og meiner at ein også kan konstruere symbolsk Abstand ved hjelp av språket.

2.5 Variasjoner som gir autoritet

Woolard (2005) har gått næyare inn i nettopp dette siste punktet frå Sebba om autoritet. Ho peikar på autensitet og anonymitet som to konkurrerande ideologiar, men som begge kan gi ein variant eller ein varietet autoritet. Om *autensitet* seier Woolard (2005:2) at språk og språkhandlingar kan få autoritet om dei viser tilknyting til eit geografisk område eller ei sosial gruppe: «To be considered authentic, a speech variety must be considered “from somewhere” in speakers’ consciousness».

På den andre sida kan språk også få autoritet om dei viser seg som *anonyme*, altså frå «nowhere» (Woolard 2005:4). Logikken i denne språkideologien er ifølge Woolard at ein standardvarietet er umarkert og derfor ikkje uttrykker interessene til noka gruppe. Samstundes peikar ho på at denne språkideologien lar ein allereie dominerande variant eller varietet konsolidere hegemoniet.

2.6 Symbolsk interaksjonisme i kontekstkollapsen

Den symbolske signifikansen hos Sebba (2007) har klare parallellear til diskusjonane hos Marwick og boyd (2011) om ‘symbolic interactionism’, i mi omsetting ‘symbolsk interaksjonisme’: «Symbolic interactionism claims that identity and self are constituted through constant interactions with others – primarily talk [...] Individuals work together to uphold

preferred self-images of themselves and their conversation partners [...]» Marwick og boyd (2011:123).

Marwick og boyd (2011) introduserer symbolsk interaksjonisme når dei diskuterer den såkalla ‘kontekstkollapsen’. Dette er situasjonen som oppstår i CMC når fleire grupper som ein vanlegvis ikkje kommuniserer med samstundes, blir samla til eit felles publikum for ytringane. I ein slik situasjon lagar språkbrukaren seg eit ‘førestilt publikum’, av Marwick og boyd (2011:115) definert som «a more specific conception of audience than ‘anyone’ to choose the language, cultural referents, style and so on [...]. Dei presiserer at det førestilte publikumet kan vere ei heilt anna gruppe enn dei som faktisk les ytringane på Facebook, Twitter eller andre sosiale medium. Ifølge Marwick og boyd (2011) fangar deltakarane i CMC likevel opp vink frå konteksten i sosiale medium og tilpassar seg til dette.

Basert på ei spørjeundersøking blant 181 Twitter-brukarar diskuterer Marwick og boyd (2011) særleg to strategiar i denne prosessen. Ein grunnleggande strategi er å *balansere* mellom det ein trur er forventingane frå det førestilte publikumet og behovet for å framstille seg autentisk og sann.

Sjølvsensur er den andre grunnleggande strategien Marwick og boyd (2011:125) nemner som ‘symbolsk interaksjonisme’ i CMC. Denne strategien inneber at ein tilpassar seg det ein trur er ‘den mest sensitive mottakaren’ i publikumet for ytringa:

«Context collapse creates an audience that is often imagined as its most sensitive members [...]. This ‘nightmare reader’ is the opposite of the ideal reader, and may limit personal discourse» (Marwick og boyd 2011:125).

Teoriane til Marwick og boyd (2011) handlar om at ein treng strategiar for å møte eit publikum ein ikkje kjenner. Her finn vi att dei mykje eldre tankane om at munnleg kommunikasjon ansikt til ansikt er den primære. ‘The interaction order’ er omgrepet Goffman (1983:2) brukar om ein synkron samtale der deltakarane er fysisk til stades. Dette er ifølge Goffman den opphavelige kommunikasjonssituasjonen, som alle andre arenaer berre er reduserte versjonar av. Goffman (1983:2-3) beskriv ein slik språkbruksarena som «environment in which two or more individuals are physically in one another’s response presence», og meiner dette nærværet er «rooted in certain universal preconditions of social life». Derfor blir the interaction order vidare omtalt med den norske termen ‘primærinteraksjonen’.

2.7 Teknologien og det førestilte publikumet

Litt (2012) kjem med ei viktig presisering til teorien om det førestilte publikumet, i det ho gir eit rammeverk for å forstå korleis denne mentale konstruksjonen oppstår hos språkbrukaren i sosiale medium. Det førestilte publikumet er ifølge Litt (2012:334) ein syntese av strukturelle faktorar på eit makronivå og individuelle faktorar på eit mikronivå.

Blant dei strukturelle faktorane nemner Litt (2012) sosiale normer og roller, kontekstar og teknologiske eigenskapar ved den digitale plattforma. Bucher (2012:1167) forklarar det matematiske omgrepet ‘algoritmar’ som automatiske seleksjonsmekanismar som avgjer kva for innhald ein blir eksponert for og når det skjer. Desse mekanismane er ifølge Litt (2012) ein av dei teknologiske eigenskapane som er med på å konstruere det førestilte publikumet, fordi dei gir noko og filtrert informasjon om det faktiske publikumet: «[...] services, such as Facebook, influence the potential audience by using an algorithm that ultimately decides which contacts will receive users' broadcasted posts» (Litt 2012:337).

På mikronivået ligg dei individuelle faktorane. Litt (2012) nemner her kva ønske og evne språkbrukaren har til å opptre på ein måte som han eller ho trur er sosialt akseptert. Andre individuelle faktorar er kva motiv ein har for å kommunisere på sosiale medium, men ikkje minst dugleiken ein har til å operere på den aktuelle plattforma.

Frå Sebba (2007) og Marwick og boyd (2011) kjenner vi att dei sosiale og kulturelle faktorane på både makro- og mikronivå. Det nye Litt (2012) introduserer for oss, er kva rolle teknologien har når språkbrukaren konstruerer det førestilte publikumet: «[...] technological environments [...] may influence the imagined audience by providing cues and cognitive shortcuts to help users, whether consciously or unconsciously, imagine their audience» (Litt 2012:335).

2.8 Medialektale trekk og medialiserte dialogressursar

Hjarvard (2007) og Hougaard og Balleby (2019) diskuterer også samanhengen mellom teknologi og språk: «Medierne er imidlertid ikke kun passive videreforsmidlere af allerede eksisterende sproglige variationer eller nydannelser, der har sit utspring et andet sted. Medierne bidrager selv til forandringen af det talte og skrevne sprog» (Hjarvard 2007:29). ‘Mediering’, ‘medialisering’ og ‘medialektale trekk’ er tre sentrale omgrep hos desse danske forskarane.

Når dialogane er formidla via eit digitalt medium, er dei elektronisk ‘medierte’ (Hougaard og Balleby 2019:8). Då er det ifølge Hougaard og Balleby også sannsynleg at desse digitale dialogane blir ‘medialiserte’, altså påverka av dei særlege vilkåra som mediet gir samtalen.

Medialiseringa skjer når språkbrukaren tilpassar seg desse vilkåra, ved å prioritere nokon handlingar og språktrekk framfor andre (Hjarvard 2007:30; Hougaard og Balleby 2019:8). Slik oppstår ‘medialektale trekk’, definert som språklege kjenneteikn ved kommunikasjonen i bestemde medium (Hjarvard 2007:42).

Hougaard og Balleby (2019) utforskar korleis medialektale trekk er i bruk i digitale, sosiale medium. På desse språkbruksarenaene er dei medialektale trekka ifølge Hougaard og Balleby ressursar for at den digitale dialogen kan likne den fysiske samtalens. Derfor får dei også samlenemninga ‘medialiserte dialogressursar’ (Hougaard og Balleby 2019:12). Blant desse medialiserte dialogressursane er endra bruk av teikn og teiknsetting. Eit anna eksempel er det dei kallar «nye multimediale elementer» (Haugard og Balleby 2019:8) som emojies⁵.

2.9 Språkøkonomisering og ‘primærinteraksjonen’

Også Androutsopoulos (2011) diskuterer samanhengen mellom dei tekniske tilhøva på plattforma og språket i CMC. Han peikar på at teknologien er ei mogleg årsak til ‘økonomisering’ som det karakteristiske trekket ved språket i sosiale medium. Androutsopoulos (2011:149) samanfattar økonomisering som «any strategy of shortening the message form» som språkbrukarane tyr til av omsyn til tida eller tekniske tilhøve på plattforma.

Teorien om språkøkonomisering er framleis mykje brukt av lingvistar som vil forklare språk, både i CMC og annan skriftleg kommunikasjon. For eksempel diskuterer Christensen, Jensen og Stæhr (2018) grammatikk i sosiale medium. Dei meiner språkøkonomisering kan forklare korfor språkbrukarar utelet subjektet i digitale ytringar, der ein i annan skriftleg kommunikasjon og i munnleg tale sannsynlegvis ville hatt med eit subjekt. Eit anna eksempel er Rathje (2018), som har samanlikna danske skulestilar med tekstar frå Facebook, der ho finn fleire såkalla verbale kortformer. Dette er det som står att av verbalet når konsonanten i verbstammen og den etterfølgande trykksvake -e fell vekk, slik at *kunne* blir *ku*. Rathje (2018:110) meiner at språkøkonomisering kan forklare desse kortformene. I dei kvalitative intervjuia i undersøkinga er også språkbrukarane sjølv inne på det same (Rathje 2018:114-115).

I diskusjonen om korfor språkbrukarane tyr til språkøkonomisering blir teorien frå Goffman (1983) om the interaction order eller primærinteraksjonen igjen nyttige. Goffman (1983:3) seier

⁵ Haugard og Balleby (2019) skil ikkje mellom omgrepene ‘emotikon’ og ‘emoji’. Andre brukar ‘emotikon’ om ansiktsuttrykka som er bygd opp av tradisjonelle skriftteikn, for eksempel ;), og ‘emoji’ om teikningane som blir stadig meir mangfaldige i CMC, men der ansiktsuttrykka som 😊 og 😃 framleis er dei vanlegaste (The Guardian 2015). For enkelheits skull brukar eg det meste kjente omgrepene emojies i denne utgreiinga om sentrale teoriar. I delkapittel 3.7.4 definerer eg variabelen pictogram, som i all hovudskap er synonymt med omgrepet ‘emoji’ i dette avsnittet.

at fordelen med den synkrone samtalsituasjonen er at samtalepartnarane «are admirably placed to share a joint focus of attention». Når Goffman (1983:3) grunngir korfor primærinteraksjonen er «the premordial real thing», seier han blant anna at ein slik samtalsituasjon tillet «matters sited outside the situation to be brought into the collaborative process», som jo er tilfellet på «Nordnorsk debatt».

2.10 Emojiar er meir enn førelsar

Skildringa av primærinteraksjonen er sentral for å forstå kritikken frå Dresner og Herring (2010) når dei går i rette med lingvistar som tolkar emojiar berre som erstatning for informasjonen som ligg i den fysiske samtalsituasjonen. I ein slik samtale ligg det mykje kommunikasjon i ansiktsuttrykk og anna kroppsspråk. Dresner og Herring undervurderer ikkje desse signala i den fysiske samtalen, men meiner vi må forstå emojiane som meir enn eit utrykk for førelsar som ein ikkje får formidla på annan måte i digitale kanalar. Lie (2011:59) kan tolkast som ein norsk representant for ei slik tilnærming når han seier at:

«Om en skal forklare bruken av emotikon, må en se på forskjellene mellom skriftspråk. I talespråket følges det som formidles direkte gjennom ord, altså budskapet, av ikkeverbal kommunikasjon: intonasjon, gester, mimikk m.m. Dette finnes jo ikke i skriftspråket, og bruk av emotikon kan til en viss grad sees på som en erstatning for det. I stedet for et smil hos den som snakker, kan et smilefjes i en nettsamtale fortelle noe om den samme sinnstemningen».

Dette er ifølge Dresner og Herring (2010) berre ein av tre moglege funksjonar av emojiar. Dei små teikningane kan også formidle andre meininger og haldningar enn dei som er knytte til førelsar. Frå «Nordnorsk debatt» kan vi bruke dette eksempelet: «[...] Hun stiller på linje med eliten i Ap da kanskje, 😊 [...]. I denne ytringa kan vi ikkje seie at emojien uttrykker ein følelse. Snarare formidlar teikninga ei undrande eller avventande haldning, og det kan jo ein språkbrukar ha anten ein er sint, glad, redd eller har andre førelsar.

For å forklare den tredje moglege funksjonen til emojiar i CMC tyr Dresner og Herring til ein av klassikarane innanfor språkfilosofien: Skiljet mellom lokusjonære, illokusjonære og perlokusjonære språkhandlingar, slik det er formulert av Austin (1962) og seinare utdjupa av blant andre Searle (1973).

Når språkbrukaren set språklydar saman i forståelege ord og setningar med referanse til verkelegheita, utfører han eller ho ei *lokusjonær* språkhandling (Austin 1962:95; Dresner og Herring 2010:253). Denne ytringa har gjerne i tillegg ein intensjon. Blant dei ulike føremåla med lokusjonen nemner Austin (1962:98) å spøke, informere, åtvare og kritisere. Det er desse handlingane som er dei *illokusjonære* språkhandlingane. Til slutt kan språkhandlinga også ha

ein effekt på mottakaren, som for eksempel kan kjenne seg trua av åtvaringa eller glede seg over spøken, og dette blir kalla dei *perlokusjonære* språkhandlingane. Searle (1973:143) presiserer at ei og same lokusjonære språkhandling kan vere ulike illokusjonære språkhandlingar. For eksempel kan ei så enkel ytring som «eg skal gjere det» vere eit løfte, men kan i den rette konteksten også vere ein trussel.

Med denne presiseringa frå Searle er det enklare å forstå kva Dresner og Herring (2010:256) meiner med at emojiar også kan indikere den illokusjonære krafta til ytringa ho står i: «[...] they convey an important aspect of the linguistic utterance they are attached to: what the user intends by what he or she types». Som eksempel brukar Dresner og Herring blunkesmilefjeset ‘{:sweat_smile:}’, som uttrykker spøk eller ironi. Ein spøk er ikkje knytt til ein bestemt følelse eller grad av engasjement. Tvert om kan ein spøke anten ein er veldig sint, litt irritert, overlykkeleg eller folkeleg sagt har ein dag på det jamne. Derfor er å spøke ei illokusjonær språkhandling, som vi utfører ved å seie noko på ein bestemt måte (Dresner og Herring 2010:256).

Emojiane kan ifølge Dresner og Herring (2010:257) ha ulike, men viktige, funksjonar i illokusjonære språkhandlingar. Blunkesmilefjeset ‘{:sweat_smile:}’ indikerer at ytringa ikkje skal lesast alvorleg, men er meant som ein spøk. I slike tilfelle bidrar faktisk emojien til å klassifisere den illokusjonære språkhandlinga som ein spøk, og ikkje som ei meiningsytring. Andre gongar kan emojiane modulere ytringa ved å forsterke eller dempe ho. I materialet for denne undersøkinga finn vi dette eksempelet: «[...] takk gode venn. Du fikk satt ord på det {:ok:}{:sun:}». Her er den illokusjonære språkhandlinga å rose mottakaren som er nemnd tidlegare i ytringa, og teikningane av ein tommel og ei sol forsterkar denne handlinga.

2.11 Faktiske interessefellesskap

To andre viktige presiseringar til Marwick og boyd (2011) sine teoriar om det forestilte publikumet kjem frå Tagg og Seargeant (2016). Dei har forska på Facebook og har eit liknande perspektiv på identitet i CMC som Marwick og boyd (2011): «[...] identity operates as a set of resources which people draw upon in presenting and expressing themselves via interaction with others» (Tagg og Seargeant 2016:343).

Meir eksplisitt enn Marwick og boyd (2011) viser likevel Tagg og Seargeant kva betydning språklege ressursar har når ein konstruerer identiteten sin i CMC, og dei skriv treffande at språkbrukarar på sosiale medium «write themselves into being» (Tagg og Seargeant 2016:343).

Blant dei språklege ressursane nemner dei typografi, ortografi og kreative kombinasjonar av ulike teikn.

Vidare utvidar Tagg og Seargeant (2016) perspektivet med å peike på at utgangspunktet for CMC ikkje berre er mentale konstruksjonar om eit førestilt publikum. Samtalane skjer også i reelle fellesskap rundt for eksempel politiske standpunkt eller hobbyar, gjort mogleg nettopp fordi sosiale medium som Facebook ikkje er avgrensa av tid eller stad (Tagg og Seargeant 2016:345).

2.12 Mangfaldige identitetar krev teoretisk mangfold

Dette kapittelet har vist at identitet er ein mangfaldig og skiftande konstruksjon (Sebba 2007; Litt 2012; Marwick og boyd 2011; Tagg og Seargeant 2016; Bucholtz og Hall 2005). Prosessane der ein dannar, forhandlar og reforhandlar identitet, er tilsvarande komplekse. Bucholtz og Hall (2005:606) seier at identiteten som konstruksjon er

«constantly shifting both as interaction unfolds and across discourse contexts. Particular kinds of analysis will often bring to the forefront one of these aspects over others. However, the rich possibilities of the broad interdisciplinary research [...] are most fully realized when multiple dimension of identity are considered in a single analysis or when complementary analyses are brought together».

Teorimangfaldet både i dette kapittelet og seinare i kapittel 5 er derfor eit bevisst val. Eg lar teoriane kommentere og utdjupe kvarandre, i tråd med oppmodinga til Bucholtz og Hall (2005:607) om å fange mest mogleg av den komplekse identiteten til ein språkbrukar gjennom «the combination of [...] diverse theoretical and methodological strengths». Berre slik fangar lingvisten mest mogleg av den komplekse prosessen der ulike språktrekk påverkar og bind seg saman (Kristiansen 2018:109).

Den faglitteraturen eg har valt å gjennomgå ovanfor, er heller ikkje avgrensa til arbeid som berre handlar om CMC spesielt. Eg har også med relevante teoriar om språkleg variasjon generelt om dei kan kaste lys over resultata i denne undersøkinga. Det er naturleg fordi fleire studiar viser robuste parallellar mellom skriftleg CMC og munnleg kommunikasjon ansikt til ansikt (Tatman 2015).

3 Forskingsspørsmål og metode

Sidan CMC er eit relativt nytt forskingsfelt, er mange av metodespørsmåla framleis uavklarte og prega av nybrottsarbeid. Situasjonen krev at vi er rause når vi gjer greie for metoden bak forskingsprosjekta våre (Androutsopoulos 2013:236). Ei slik haldning pregar dette kapittelet, som gjer greie for og drøftar korleis hypotesane er undersøkte. Somme kan innvende at definisjonen av metodiske val er for vid, for eksempel når kapittelet også drøftar og grunngir valet av matematiske rekneoperasjoner. Det kan hende desse eventuelle kritikarane får rett om nokon år, når det har blitt publisert meir forsking om språket i sosiale medium og metoden er meir etablert. I mellomtida støttar eg meg på Hårstad, Lohndal og Mæhlum (2017:133) som seier at «å gjøre eksplisitte refleksjoner om metodevalg vil bidra til større reliabilitet i forskningen. Det gjør også forskningsarbeidet mer transparent [...].» For dette prosjektet er det relevant at dei nemner teknologiutvikling som ein viktig grunn til kontinuerlege refleksjonar om metode (Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:133).

Kapittelet startar med forskingsspørsmåla som metoden skal passe til. Deretter presenterer eg språkbruksarenaen der alle ytringane i materialet er produserte og korleis variablane og verdiane i undersøkinga er operasjonaliserte. På det grunnlaget drøftar eg nokon særskilde fordelar og ulemper med metoden. Dei tydelegaste bidraga til utviklinga av metoden for CMC-forsking kjem som to erfaringsbaserte råd til slutt i dette metodekapittelet.

3.1 Ei avklaring mellom språk og semiotikk

Tre kommunikasjonsressursar er sentrale variabler i denne undersøkinga, og alle blir nærmare definerte seinare i kapittelet. Desse ressursane er språktrekka dialekt og ortografiske avvik, og den semiotiske ressursen piktogram. Variabelen piktogram passar ikkje inn i den tradisjonelle definisjonen av språk og språkteikn som eit finitt sett av einingar som ikkje har mening i seg sjølv, men som blir kombinerte til ei infinitt mengde meiningsberande einingar (Vikør 2007:49-50). Sjølv om eg reknar piktogram som meiningsberande teikn, kan dei ikkje dekomponerast til mindre einingar utan mening og fell slik utanfor den tradisjonelle språkforståinga.

Piktogramma er likevel med i denne undersøkinga, basert på den same semiologiske forståinga som Stæhr og Mortensen (2018:14) har når dei omtalar og forskar på språk i sosiale medium. I tillegg til skriftspråklege teikn inkluderer dei andre meiningsberande teikn som bilde, emotikon og emojiar i analysane (Stæhr 2018; Mortensen 2018).

Det er tre grunnar til at pictogram er med i denne undersøkinga. Den første er at dei i CMC ofte er det einaste meiningsberande teiknet i ei ytring som andre språkbrukarar vel å svare på. Desse pictogramma kan derfor reknast som innhaldet i ein tur i ein samtale. Den andre grunnen er at pictogramma ser ut til stå i eit omvendt proporsjonalt forhold til skrifteikna i undersøkinga, altså at det blir mindre skrift av meir pictogram. Til slutt såg vi i delkapittel 2.10 korleis grensa mellom språklege og andre semiotiske ressursar blir uklar når Dresner og Herring (2010) argumenterer for å sjå på emojiene som ein sentral del av den illokusjonære språkhandlinga. Barton og Lee (2013:29) skildrar kombinasjonen av språk og andre semiotiske ressursar i CMC på denne måten:

«In understanding language online, we are also trying to understand how different modes work together to form coherent and meaningful online texts. Modes, which are also known as communicative modes or semiotic modes, broadly refer to systems or resources that people draw upon for meaning making. These include spoken language, written language [...] In particular, people combine images and other visual resources with the written word online».

Det er altså interessant å diskutere korleis språk og andre semiotiske ressursar verkar saman for å skape mening på dei digitale språkbruksarenaene (Deumert 2014:3). Sjølv om desse grunnane altså ikkje blir brukt som argument for å omtale også pictogram som ein språkleg variabel, er det viktig å presisere at omgrepene ‘språkbrukar’ blir brukt gjennomgåande i dette arbeidet, uansett kva for språklege eller semiotiske ressursar han eller ho brukar.

Dermed blir dette prosjektet med på å utvide den tradisjonelle språkforskinga, noko Stæhr og Mortensen (2018:14) tar til orde for. Gregersen (2018:288) meiner også at dette er ei nødvendig, men krevjande, utvikling: «Man kan argumentere for at det er blevet mere og mere nødvendigt at sprogforskningen bevæger sig i den retning, altså bliver en egentlig semiologi [...]. Neste delkapittel klargjer indirekte kor i dette faglege spennet dette prosjektet plasserer seg, i gjennomgangen av dei sju problemstillingane med til saman elleve hypotesar som er utgangspunktet for undersøkinga.

3.2 Forskingsspørsmåla

3.2.2 Høgfrekvente ortografiske avvik

Den første problemstillinga startar med eit fugleperspektiv på materialet frå «Nordnorsk debatt» og spør *i kva grad dialekt, ortografiske avvik og pictogram er til stades i den digitale, politiske samtalen*, og vidare *korleis rangeringa mellom desse er*. Ut frå denne problemstillinga avleier eg to hypotesar. Den første hypotesen tek utgangspunkt i påstandane frå Sebba om at ortografiske avvik er «‘mainstream’ practices» (2007:5) og «[...] a widespread and recurrent

activity» (2007:31). For å sjå om uttrykket ‘mainstream’ inneber at dei ortografiske avvika er meir vanleg enn uvanleg, seier hypotesen at *meir enn halvparten av ytringane på «Nordnorsk debatt» har dette språktrekket.*

Eg vil også teste mønsteret frå Facebook-gruppa «Bevar Andøya Flystasjon» (figur 1) på eit større materiale. Derfor seier den andre hypotesen at *språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» brukar minst dialekt og mest ortografiske avvik som kommunikasjonsressursar i digitale, politiske samtalar.*

3.2.3 Ortografiske avvik og politiske tema

Ortografiske avvik er altså det antatt hyppigaste språktrekket i materialet, og den andre problemstillinga spør *om det er eit mønster mellom ortografiske avvik og politisk tema i den digitale, politiske samtaLEN.* Sebba (2007) har diskutert dette språktrekket inngåande og trekker fram nasjonal og etnisk identitet som ei viktig forklaring på ortografiske avvik. I mitt materiale er det særleg to tema som handlar om nasjonal og etnisk identitet: innvandringspolitikk og samepolitikk. Derfor er den tredje hypotesen at *dei ortografiske avvika oftare er å finne i den digitale, politiske samtaLEN når innvandrings- og samepolitikk er tema.*

Autoritet eller legitimitet er ei anna sosial eller kulturell forklaring på ortografiske avvik (Sebba 2007; Woolard 2005). Ifølge Sebba (2007:55) kan ein finne mindre ortografiske avvik og meir standardisert språk i samtalar om tema som språkbrukarar ser på som særleg seriøse. I materialet for denne undersøkinga kan finans- og næringspolitikk vere slike tema. Den fjerde hypotesen er då at *dei ortografiske avvika sjeldnare er å finne i den digitale, politiske samtaLEN når finans- og næringspolitikk er tema.*

3.2.4 Dialekt og politiske tema

Studien til Evjen (2011) er eit av grunnlag for den neste problemstillinga i undersøkinga. Evjen (2011:81) meiner førelsar kan forklare dialekt i CMC, men ho finn lite dialekt i ytringar om politikk (Evjen 2011:69). Desse resultata vekker fagleg interesse hos meg. Politikk er for mangfaldig til at eg utan vidare forventar at digitale språkbrukarar ikkje blir engasjerte og dermed ikkje brukar dialekt i CMC når politikk er tema. I den tredje problemstillinga gjer eg derfor variabelen politikk meir finmaska enn Evjen (2011), og spør *om det er eit mønster mellom dialektbruk og politisk tema i den digitale, politiske samtaLEN.*

I den femte hypotesen tar eg til liks med Evjen (2011:81) utgangspunkt i at personleg engasjement er ein dialektfremmande faktor. Distriktpolitikk og forsvarspolitikk har av fleire

vore trekt fram som to saker som har skapt engasjement og påverka valresultata i Nord-Noreg (Stanghelle 2019; VG 2017). Basert på det er hypotesen at *dialekt oftare er å finne i den digitale, politiske samtalen når forsvars- og distriktpolitikk er tema*.

Til liks med ortografien kan også dialekt vere ein språkleg ressurs i forhandlingar om autoritet og legitimitet. Derfor tar den sjette hypotesen utgangspunkt i dei same antatte seriøse tema som over og seier at *det er færre dialektytringar i den digitale, politiske samtalen når finans- eller næringspolitikk er tema*.

3.2.5 Piktogram og politiske tema

Piktogramma er den tredje sentrale variabelen i denne undersøkinga. Sameleis som i dei førre forskingsspørsmåla om dialekt og ortografiske avvik, spør den fjerde problemstillinga *om det er eit mønster mellom piktogram og politisk tema i den digitale, politiske samtalen*.

Desse små teikningane uttrykker ei mengde følelsar. Dei tre eksempla under er alle frå materialet i «Nordnorsk debatt»:

1. «Både bygd og by trenger optimisme ikke pessimisme.👍😊»
2. «[...] nå er det H & Frp som har "modernisert" (svekket) Arbeidsmiljøloven ... 🤦»
3. [...] lyver seg til rettigheter de ikke har krav på 🤡»

I førre avsnitt blei forsvars- og distriktpolitikk peikt ut som to engasjerande tema i valkampen 2017 (Stanghelle 2019; VG 2017). Då er det nærliggande å tru at piktogramma er ein ressurs som blir særleg mykje brukt i samtalar nettopp om desse to temaa. Den eine hypotesen knytt til denne problemstillinga er derfor at *det er fleire ytringar med piktogram i den digitale, politiske samtalen når forsvars- og distriktpolitikk er tema*.

Nettopp fordi piktogramma formidlar blant anna følelsar, er det mange som trekker fram at dei kan gjere ytringa mindre seriøs (Skovholt 2009). Då kan ein anta at språkbrukaren som vil verke seriøs, viser dette med færre piktogram, særleg i samtalar om seriøse tema som finans- og næringspolitikk. Derfor er den neste hypotesen at *det er færre ytringar med piktogram i den digitale, politiske samtalen når finans- eller næringspolitikk er tema*.

3.2.6 Kommunikasjonsressursar og innleiar

Forskingsspørsmåla så langt har leitt etter samanhengar mellom politiske tema og dei språklege og semiotiske ressursane dialekt, ortografiske avvik og pictogram. Teorien frå Marwick og boyd (2011) om det førestilte publikumet antydar at det faktiske eller tenkte publikumet er ein like viktig variabel for å forstå korfor ein brukar meir eller mindre dialekt, ortografiske avvik og pictogram.

Det er fleire moglege publikum for den digitale, politiske samtalen, og dermed fleire moglegheiter for å lage ei problemstilling ut av desse tankane. Denne undersøkinga spør *om det er ein samanheng mellom kven som innleiar den digitale, politiske samtalen og kva kommunikasjonsressursar som pregar han*. Inspirert av teorien om den mest sensitive mottakaren (Marwick og boyd 2011) kan vi tenke oss at privatpersonar er mindre kritiske enn andre innleiarar av politiske debattar. Hypotesen er derfor at *dialekt, ortografiske avvik og pictogram oftare er å finne i den digitale, politiske samtalen når han blir innleia av privatpersonar*.

3.2.7 Kommunikasjonsressursar, tempo og lengde

Det raske tempoet blir ofte trekt fram som eit sentralt trekk i kommunikasjonen på sosiale medium (Staude og Marthinsen 2013:36-38). I teorien om økonomisering av språket i sosiale medium peikar Androutsopoulos (2011) på ein mogleg samanheng mellom språklege ressursar, tid og lengde på ytringa.

Trass denne faglige forankringa finn vi som regel skiljet mellom synkrone og asynkrone samtalsituasjonar berre i det teoretiske grunnlaget for CMC-forskinga. Der slår forskarane rett nok fast at samtalane i sosiale medium ikkje lar seg plassere i ein av desse to kategoriane. Derfrå blir tidsaspektet sjeldan tatt vidare som ein konkret forskingsvariabel i prosjektet. Evjen (2011) er eit allereie nemnt eksempel på dette, og Lande (2017) er eit anna.

Den sjette problemstillinga spør derfor *om det er eit mønster mellom språk og tempo i den digitale, politiske samtalen*. Om vi trur at det fell lettare og derfor går raskare for ein språkbrukar å produsere umarkert språk (Monka 2018:55), forventar vi at høgare tempo gir meir standardortografi i samtalen. Derfor er den tiande hypotesen i undersøkinga at *når tempoet blir høgare i den digitale, politiske samtalen, brukar språkbrukaren færre ortografiske avvik*.

Teorien om språkøkonomisering inspirerer også til å undersøke *om det er ein samanheng mellom semiotiske ressursar og lengde på ytringa i den digitale, politiske samtalen*. Dette blir

den sjuande og siste problemstillinga. Alle dei følelsane og meiningsane som ligg i eit pictogram, må ein språkbrukar elles bruke atskilige fleire teikn på å uttrykke. Piktogramma kan altså vere det Androutsopoulos (2011:5) omtalar som ein «[...] strategy of shortening the message form». Hypotesen er derfor at *ytringar med pictogram er kortare enn ytringar utan denne semiotiske ressursen*.

3.2.8 Samanfatting av forskingsspørsmåla

Før eg gjer greie for og drøftar metoden brukt for å teste hypotesane, skal eg kort samanfatte forskingsspørsmåla i denne undersøkinga. I sentrum står dei tre trekka dialekt, ortografiske avvik og pictogram. Dei sju problemstillingane (P) og dei elleve underliggende hypotesane (H) er då:

P1: I kva grad er dialekt, ortografiske avvik og pictogram til stades i den digitale, politiske samtalen, og korleis er rangeringa mellom desse?

H1: Meir enn halvparten av ytringane på «Nordnorsk debatt» har ortografiske avvik.

H2: Språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» brukar minst dialekt og mest ortografiske avvik som kommunikasjonsressursar i digitale, politiske samtalar.

P2: Er det eit mønster mellom ortografiske avvik og politisk tema i den digitale, politiske samtalen?

H3: Det er fleire ytringar med ortografiske avvik i den digitale, politiske samtalen når innvandrings- eller samepolitikk er tema.

H4: Det er færre ytringar med ortografiske avvik i den digitale, politiske samtalen når finans- eller næringspolitikk er tema.

P3: Er det eit mønster mellom dialektbruk og politisk tema i den digitale, politiske samtalen?

H5: Det er fleire dialektytringar i den digitale, politiske samtalen når forsvars- og distriktpolitikk er tema.

H6: Det er færre dialektytringar i den digitale, politiske samtalen når finans- eller næringspolitikk er tema.

P4: Er det eit mønster mellom pictogram og politisk tema i den digitale, politiske samtalen?

H7: Det er fleire ytringar med pictogram i den digitale, politiske samtalen når forsvars- og distriktpolitikk er tema.

H8: Det er færre ytringar med pictogram i den digitale, politiske samtalen når finans- eller næringspolitikk er tema.

P5: Er det eit mønster mellom kven som innleiar den politiske samtalen på Facebook og kva for kommunikasjonsressursar som pregar han?

H9: Det er fleire dialektytringar, ortografiske avvik og pictogram i den digitale, politiske samtalen når han blir innleia av privatpersonar.

P6: Er det eit mønster mellom språktrekk og tempo i den digitale, politiske samtalen?

H10: Når tempoet blir høgare i den digitale, politiske samtalen, brukar språkbrukaren færre ortografiske avvik.

P7: Er det ein samanheng mellom semiotiske ressursar og lengde på ytringa i den digitale, politiske samtalen?

H11: Ytringar med pictogram er kortare enn ytringar utan denne semiotiske ressursen.

Når eg heretter omtalar problemstillingane og hypotesane, brukar eg også merkelappane P1 - P7 og H1 - H11. Vidare i kapittelet fungerer desse forskingsspørsmåla som verktøy for eit djupdykk i resultata. Mot slutten av kapittelet stig eg til overflata og presenterer hovudfunna om politisk CMC på «Nordnorsk debatt». Travle leesarar kan gå rett til desse funna i delkapittel 4.8, mens dei detaljorienterte nok har glede av også å lese resten av kapittel 4.

3.3 Variansanalyse

I samanfattinga over viser eg til variablar og effektar. Ei viktig presisering er derfor at eg ikkje påstår at tema, innleiar eller tempo er den *isolerte årsaka* til fleire eller færre ytringar med dialekt, ortografiske avvik eller pictogram. Ein kan heller ikkje bruke resultata frå denne undersøkinga til å *føreseie* korleis språkbrukarane i ein samtale vil ytre seg. Moyer (2008:19) seier at «choice of methods [...] will depend on theoretical ideas concerning the phenomena we are asking questions about». Vi gjer samtalen som sosiokulturelt fenomen urett ved å isolere to variablar og påstå at den eine har ein isolert effekt på den andre, for eksempel i ein rein regresjonsanalyse. Til det er det for mange faktorar som verkar saman i samtalen og påverkar måten ein språkbrukar ytrar seg på.


Derfor er målet med denne undersøkinga å vise samvariasjonar eller samanhengar, som kan antyde meir enn påstå kva som påverkar språket og kommunikasjonen i samtalane. Eg kan nemleg ikkje seie at eg har kontroll på alle relevante forhold for samtalen og språket i sosiale medium. Slik kontroll er eitt av dei tre krava Jacobsen (2005:108-120) stiller til ein ikkje-eksperimentell studie på menneskelege tilhøve, men som framleis vil uttale seg om kausalitet. Denne undersøkinga oppfyller derimot dei andre to krava langt på veg. Det eine er at det skal vere samvariasjon mellom det vi antar er årsaka og det vi antar er verknaden, og det andre er at den antatte årsaka kjem før den antatte verknaden.

Målet med dette prosjektet er å undersøke om variasjonen i ein variabel, for eksempel politisk tema, korrelerer med variasjonar i ein av dei andre variablane i undersøkinga, for eksempel talet på dialektytringar. Hovudprinsippet i undersøkinga blir då alltid å samanlikne variasjonen i to grupper ytringar. Den eine gruppa er alle ytringane *med* ein bestemt verdi på ein variabel, den andre gruppa er alle ytringane som *ikkje* har denne verdien. Enklare sagt skal eg for eksempel samanlikne dialektbruken i ytringane på temaet innvandring, med alle dei ytringane som ikkje har dette temaet som politisk variabel.

Variansanalyse er ein test som er godt eigna til å samanlikne grupper på denne måten. Hornæs (2003) trekker fram at testen er mykje brukt når hypotesane forventar skilnadar mellom naturlege undergrupper i materialet, som i dette prosjektet. Varianstestane inneber då indirekte å spørje om gruppene er like, og det kan tene som ein forenkla definisjon av varianstenen.

Ei viktig presisering er at variansanalysen samanliknar ytringane i den aktuelle kategorien, for eksempel dialektytringar om innvandring, mot alle dei andre ytringane, altså *resten av materialet* når denne gruppa er trekt ut. Funna kjem altså ikkje fram ved å samanlikne ei gruppe ytringar med *heile materialet*, inkludert ytringane i den aktuelle gruppa. Figur 2 illustrerer denne presiseringa, og då er eksempelet korleis eg samanliknar den gjennomsnittlege responstida mellom ytringar om eit bestemt politisk tema med den gjennomsnittlege responstida mellom alle ytringar om alle *andre* tema. I kapittel 4 er denne presiseringa uttrykt i fotnoten merka ** under tabellane.

Figur 2: Responstida mellom ytringar om eit tema og mellom ytringar om andre tema



3.4 Val av språkbruksarena

For å avgrense undersøkinga arbeider eg på ein og same språkbruksarena gjennom heile prosjektet, i staden for å gjere også arenaen til ein variabel. Eg har valt ein språkbruksarena som gir eit stort nok datamateriale og som er eigna for ei undersøking av CMC når vi diskuterer politikk.

Sosiale medium er ei samlenemning for digitale plattformer der brukarane sjølve kan skape og dele innhald og som slik legg til rette for sosial interaksjon (Enjolras mfl. 2013:11). I 2004 skapte Mark Zuckerberg Facebook for at han og medstudentane på Harvard University lettare kunne halde kontakt, men brukarane og bruksområda blei raskt fleire (Tagg og Seargeant 2016:339; Staude og Marthinsen 2013:42). Nær 3,5 millionar nordmenn har ein personleg profil på Facebook, og 83 prosent av desse brukar plattforma dagleg (Ipsos 2019). I dag blir Facebook rekna som «motoren i bruken av sosiale medier» (Staude og Marthinsen 2013:43).

Ein privatperson brukar Facebook med ein personleg *profil*. Denne profilen dannar nettverk med andre etter kvart som brukarane spør og aksepterer førespurnadar om vennskap. Dette skil seg noko frå verksemder på Facebook. Dei opprettar ei *side* som privatpersonar så abонnerer på oppdateringar frå, men her treng ikkje verksemda akseptere førespurnaden.

Nordlys er ei regionavis som har Nord-Norge nord for Vestfjorden som sitt primære dekningsområde (*amedia*). På Facebook-sida «Nordnorsk debatt» vil Nordlys skape politisk debatt, gjennom å dele leiarartiklar, kommentarar og ytringar frå politikarar og andre eksterne skribentar. Nordlys skriv sjølv på sida at «[d]ette er Nord-Norges største og beste forum for den nordnorske debatt – på nett». Det er verdt å merke seg at «Nordnorsk debatt» kjem i tillegg til Facebook-sida «Nordlys», der Nordlys deler nyheitsartiklar og reportasjestoff. I delkapittel 3.9 kjem det nokon fleire detaljar om «Nordnorsk debatt», då i ein diskusjon om samtykke og informasjon til språkbrukarane.

Barton og Lee (2013:5-6) minner oss om at CMC ikkje er eit einsarta omgrep, men at språkbrukarar brukar ulike typar CMC til ulike formål. Dermed kan det vere mindre aktuelt å generalisere testresultata når dataa kjem frå berre ein språkbruksarena (Lande 2017:21). Likevel kan funna frå analysen bidra med nokon av dei første perspektiva på politisk CMC i norsk samanheng.

3.5 Ytring som den analytiske eininga

Når vi studerer språket i politiske samtalar på «Nordnorsk debatt», er inngangen dei såkalla ‘postane’ som er publiserte på sida. Kvar post startar med ei lenke til ei signert meiningsytring, saman med ei kort oppsummering av innhaldet. Under kvar post kjem ein eller fleire kommentarar, og på eit tredje nivå kan ein språkbrukar svare på kommentaren.

Desse kommentarane og svara er den analytiske eininga i denne undersøkinga, omtala som ‘ytringane’. Tråden av desse ytringane etter ein post omtalar eg som ein ‘samtale’, og ytringane i ein samtale har felles tema og innleiar. I seinare omtale av samtalane er det likevel viktig å ha med seg at det er den enkelte ytringa som er undersøkt. Nettopp fordi det er ytringa som er den analytiske eininga, tillèt eg meg å variere mellom omgropa diskusjon og samtale når eg snakkar om ei gruppe ytringar.


3.6 Klassifisering av ytringane

3.6.1 Valkampen og grenser for datainnsamlinga

Det blir dagleg publisert mellom fem og ti postar på Facebook-sida «Nordnorsk debatt». For å avgrense materialet slik at det blir relevant for problemstillingane, studerer eg ytringar frå valkampen 2017. Denne perioden definerer eg som dagane frå og med 1. august til og med valdagen 11. september. Eg vil kommentere eitt av desse ytterpunktene spesielt.

Med 11. september som utgangspunkt inkluderer eg dei 276 ytringane etter posten som blei publisert klokka 14:29 på valdagen. Dette er 14 prosent av det samla datamaterialet, og ei så stor mengde kan påverke resultata i undersøkinga. Derfor bør det ligge ei grundig vurdering bak avgjerdene om å inkludere eller ekskludere desse ytringane.

Figur 3: Ein post på "Nordnorsk debatt", med både kommentarar og svar under. I delkapittel 3.9 forklarar eg korfor alle ytringane er sladda.



Argumentet for å ekskludere desse ytringane er at samtalen på grunn av storleiken kan vurderast som ein ekstremitet, som attpå til kom heilt på slutten av perioden eg interesserer meg for. Ei slik tenking om ekstremverdiar er relevant for fleire av dei metodiske vala, blant anna diskusjonen om kva mål for sentraltendensen som blir riktig i denne undersøkinga (Hellevik 1999:222-224). Dette er eit spørsmål om validitet, altså *gyldigheita til resultata*. Denne viktige standarden for god metode er blant anna eit spørsmål om ein samlar data som er relevante for problemstillinga (Hellevik 1999:102; Lindlof og Taylor 2017:355). Nettopp gyldigheita blir argumentet for å inkludere ytringane. Dei høyrer ganske enkelt til i valkampen som eg samlar data frå. Den digitale mediekvarden utan deadline lar debatten og valkampen halde fram heilt til vallokala stenger⁶. Det ville etter mitt syn representere ei feilkjelde å ta ut ytringar i ein samtale som finn stad i den aktuelle perioden.

3.6.2 Politiske ytringar

Med desse ytterpunktene i tid har eg samla inn til saman 2026 ytringar frå «Nordnorsk debatt», ulikt fordelt etter dei 79 postane på Facebook-sida frå 1. august til 11. september 2017. Det er likevel ikkje alle desse ytringane som er med i det endelige datautvalet. Først er berre postar som faktisk innleiar ein politisk samtale, tekne med. Til grunn for utvalet ligg den enkle definisjonen av politikk som «den virksomheten innenfor et sosialt system [...] som innebærer at mål blir satt, prioriteringer ordnet, verdier fordelt og virkemidler valgt og anvendt» (Østerud, Goldmann og Pedersen 1997:199). Med denne nokså vide definisjonen av politikk er det berre ein av postane som fell ut av datautvalet, og han handlar om å skape liv i løypa for sykkelrittet Arctic Race of Norway. I tillegg er åtte postar tatt ut av det endelige datautvalet fordi dei ikkje blei følgde opp av kommentarar eller svar og dermed ikkje har ytringar å undersøke.

Slik står det att 70 samtalar som til saman inneheld 1949 ytringar. Desse ytringane er 920 kommentarar og 1029 svar, og det står 922 unike språkbrukarar bak dei. For å kontrollere om fleire ytringar av same språkbrukar påverkar dei statistiske resultata, har eg også køyrt analysane med berre ei tilfeldig vald ytring frå kvar språkbrukar. Dette gav ikkje nemneverdige utslag på resultata. Funna eg presenterer i kapittel 4, har alle ytringane med, fordi dette best representerer samtalane slik dei gjekk på Facebook under valkampen 2017. Vedlegg 1 gir eit innblikk i korleis eg har systematisert ytringane og koda variablane i eit skjema.

⁶ Tanken om at veljarane er påverkelege heilt fram til vallokala stenger, er også bakgrunnen for forbodet som vallova har mot å offentleggjere prognosar eller målingar som er tatt opp på valdagen (Valgloven 2002 §9-9).

3.6.3 Politiske kategoriar

Tre av problemstillingane i undersøkinga har politisk tema som variabel. I tillegg til ein generell definisjon av politikk trengst då eit skilje mellom ulike politiske tema. Arbeidsdelinga mellom komiteane på Stortinget kan vere utgangspunkt for ei høveleg inndeling. Tabell 1 viser at dette utgangspunktet er noko endra. Den viktigaste justeringa er at kommunalkomiteen på Stortinget ikkje har fått kategorien ‘kommunalpolitikk’ eller noko liknande i materialet. Grunnen er at denne komiteen behandlar fleire av dei saksfelta som har skapt lange og engasjerte debattar i materialet. Her ligg både innvandringsspørsmål, samepolitikk og distriktpolitiske tema som regionreform og kommunesamanslåing. Denne kategorien er derfor delt opp i ‘innvandringspolitikk’, ‘distriktpolitikk’ og ‘samepolitikk’, for å ha meir presise verdiar i hypotesane der politisk tema er variabel. Kategorien ‘valanalyse’ er samtalane om prognosar eller andre vurderingar av styrkeforholdet mellom partia.

Til slutt har eg laga ein samlekategori med tittelen ‘andre politiske tema’ for dei samtalane som ikkje fell inn i nokon av dei andre kategoriane. Sidan dette blir ein upresis kategori som det er vanskeleg å seie mykje konkret om, blir ikkje funn frå denne kategorien med til analyse og diskusjon. Dette er nokså uproblematisk fordi berre 20 av 1949 ytringar høyrer til i denne kategorien.

Tabell 1: Samtalar fordele på politiske kategoriar og innleiatarar

TEMA	TAL PÅ YTRINGAR (=N)
Kulturpolitikk	13
Innvandringspolitikk	932
Helse- og omsorgspolitikk	28
Forsvarspolitikk	172
Distriktpolitikk	41
Finanspolitikk	148
Næringspolitikk	159
Samferdselspolitikk	104
Samepolitikk	82
Arbeids- og sosialpolitikk	20
Valanalyse	188
Energi- og miljøpolitikk	40
Utdannings- og forskingspolitikk	2
Andre politiske tema	20
<i>N= 1949</i>	
INNLEIAR	TAL PÅ YTRINGAR (=N)
Privatperson	385
Lokal- eller regionalpolitikar	210
Rikspolitikar	139
Redaksjonell medarbeidar	1035
Frå offentleg sektor	37
Frå privat sektor	85
Frå frivillig sektor	58
<i>N= 1949</i>	

3.6.4 Kategoriar av innleiarar

Tabell 1 viser også korleis inndelinga gjer det mogleg å undersøke hypotesane med innleiaren som variabel. Det er signaturen for meiningsytringa som avgjer kva kategori innleiaren hamnar i, men nokon av kategoriane bør kommenterast nærmare.

Om ein skribent berre signerer med namn, og angir verken verv eller yrke, blir innleiaren rekna som ‘privatperson’. Ein ‘redaksjonell medarbeidar’ treng ikkje nødvendigvis å vere tilsett i Nordlys, som driv denne debattarenaen. Tilsette også i andre redaksjonar hamnar i same kategori når dei innleiari ein samtale på «Nordnorsk debatt». I klassen ‘lokal- og regionalpolitikar’ ligg alle med politiske tillitsverv på kommune og fylkesnivå. Det er spesielt relevant å nemne at tittelen stortingskandidat ikkje nødvendigvis gjer at innleiaren blir rekna som ‘rikspolitikar’ i undersøkinga. Berre om ein stortingskandidat allereie var stortingsrepresentant eller hadde anna tillitsverv i rikspolitikken under valkampen, blir ho eller han rekna som rikspolitikar. Det er altså plattforma dei hadde når dei innleiia samtaLEN, som avgjer kva kategori dei hamnar i. Den same tankegangen ligg til grunn for at tidlegare verv eller yrke ikkje tel under kategoriseringa av innleiarane. For eksempel blir tidlegare offiserar og fylkesmenn rekna som privatpersonar.

3.7 Klassifisering av språklege og semiotiske ressursar

Forskingsspørsmåla i 3.2 omtalar tre trekk som må operasjonaliseras før analysen: ortografiske avvik, dialekt og pictogram. Ei første presisering er at desse kategoriane ikkje stenger for kvarandre. Det betyr at ei ytring kan høyre til i ein, to eller alle tre av desse kategoriane om ho tilfredsstiller dei krava som eg gjer greie for under. Om ytringa ikkje har ortografiske avvik, dialekt eller pictogram, blir ho sjølv sagt heller ikkje plassert i nokon av desse klassane. I materialet mitt gjeld det 482 ytringar.

3.7.1 Ytringar med ortografiske avvik

Eg støttar meg på Lie (2011) når eg definerer ytringar med ortografiske avvik som ein kommentar eller eit svar med eit eller fleire av dei følgjande tre trekka:

1. Når språkbrukaren forkortar orda, for eksempel ved å sløyfe vokalane. Eit eksempel frå materialet på slik leksikalsk substitusjon (Sebba 2007:37, Androutsopoulos 2000:521) er «det r vel det».

2. Når språkbrukaren brukar små eller store bokstavar på ein måte som skil seg frå rettskrivingsnormalen. Det skjer for eksempel ved at ho eller han startar ei setning med liten bokstav eller skriv heile ord og setningar med store bokstavar, som i ytringa «[...] i nord, DESSVERRE!».
3. Når språkbrukaren har teiknsetting som skil seg frå rettskrivingsnormalen. Eksempel er fleire punktum eller utropsteikn etter kvarandre, som her: «[...] Det er IKKE vår oppgave.!!!».

Det eg etter ei skjønnsmessig vurdering reknar som reine skrivefeil, kjem derimot ikkje i klassen for ortografiske avvik som eg vil studere i denne samanhengen. Når ein språkbrukar for eksempel skriv «[..] spesiellt FRP», og dermed stavar både ‘spesielt’ og ‘Frp’ feil, held eg det utanfor definisjonen på ortografiske avvik. Slike eksempel meiner eg i første rekke er eit uttrykk for ustø rettskriving.

3.7.2 Dialektytringar

Nokon av resultata i denne undersøkinga blir samanlikna med Evjen (2011). Med eitt unntak har undersøkinga derfor dei same kriteria som ho for å klassifisere dialektytringar. Det betyr for det første at ytringa inneheld trekk som vik av frå dei fastsette normene for bokmål og nynorsk, og som truleg skriv seg frå dialekten til språkbrukaren. Her krevst det av og til skjønn og kjennskap til norsk talemål for å skilje mellom dialekt og reine skrivefeil. Eit anna kriterium er at avvika er morfologiske eller fonologiske. Syntaktiske avvik gjer altså ikkje at ytringa hamnar i klassen for dialektytringar, av to grunnar. For det første blir undersøkinga med det på linje med Evjen (2011:42-43) så langt som råd er. For det andre har mange ytringar i materialet så få ord at det blir upresist å bruke setningskonstruksjon som kriterium.

Unntaket frå definisjonen til Evjen er at svaret eller kommentaren tel som ei dialektytring sjølv om ho har berre eitt avvik av den typen beskrive over. Evjen på si side kravde minst to. Eit argument for dette er at Facebook inviterer til endå kortare ytringar enn dei debattforumata som Evjen studerte. Eit krav om to avvik hadde definert mange dialektytringar ut av materialet. Her støttar eg meg også på Monka (2018). I studien av dialekt på Facebook-sida til den sørjyske baren «Kom Bar Do» reknar ho ytringa som dialekt om ho berre har eitt avvik frå standarddansk og der avviket høyrer til den sørjyske varieteten. Slike avvik kallar Monka (2018:43) for dialektortografi, eit omgrep også eg brukar i dette arbeidet for å variere.

3.7.3 Dialekten i Troms

Dei fleste dialektyringane stammar frå det sentrale dekningsområdet til avisa Nordlys, altså Troms fylke. Eg skal derfor kort presentere nokon talemålstrekk i dette området.

Blant dei mest typiske trekka i datamaterialet er at det personlege pronomenet i 1. person eintal er ‘æ’/’æg’/’e’/’eg’ i subjektsform og ‘mæ’/’mæg’/’meg’ i objektsform (Jahr og Skare 1996:20). Like viktig er det at nektingsadverbet er ‘ikkje’/’itje’ (Jahr og Skare 1996:56). I 2. person fleirtal er det personlege pronomenet ‘dåkker’/’dokker’ (Jahr og Skare 1996:40). Eg finn også eksempel på at -r fell vekk som ending i fleirtal av substantiv utan omlyd, som i «[...] onga som aldri har vært i arbeidslivet». Det same skjer i presens av verb, som i «[...] da skjønne æ ikkje». Materialet har også eksempel på at korte vokalar er senka eit steg i vokalsystemet (Sandøy 1996:170), slik at ‘virka’ blir ‘verka’ og ‘sikker’ blir ‘sekker’.

3.7.4 Ytringar med pikrogram

Det er ikkje unikt for språkbrukarane i «Nordnorsk debatt», men også dei viser at orda ikkje alltid strekk til. Slik har dei små teikningane av blant anna ansikt, nevar og hjarte blitt eit karakteristisk trekk i det digitale språket (Barton og Lee 2013:18). Omgrepet ‘pikrogram’ omfattar slike emojiar, dei noko eldre emotikona bygd opp av skiljeteikn, og det omfattar andre animasjonar eller bilde. Ein kommentar eller eit svar med minst eitt slikt uttrykk blir rekna som ei ytring med pikrogram.

3.8 Observatørens paradoks

Avstanden mellom datakjeldene og forskaren er den store fordelen med det kvantitative forskingsopplegget beskrive i dette kapittelet (Holme og Solvang 1996:15). Slik oppstår ikkje fare for at forskaren påverkar fenomenet for studien (Hellevik 1999:137). Labov (referert i Trechter 2013:33) har beskrive risikoen for at ein språkbrukar endrar språket sitt når han eller ho veit at det blir studert, og kallar ein slik fare ‘observatørens paradoks’. Denne undersøkinga av nettspråk produsert meir enn eit halvt år før innsamlinga unngår dette kjente problemet i lingvistikken (Lande 2017:24). Metoden i dette prosjektet har likevel to andre svakheiter. Den eine er av etisk karakter, skapt nettopp i fråværet av kontakt mellom forskar og språkbrukar. Den andre svakheita er av matematisk art. Dei neste to delkapitla gjer greie for begge.

3.9 Etiske vurderingar

Personvernombudet for forskning (NSD) har avklart at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» skal informerast (vedlegg 2), men det er ikkje nødvendig med aktivt samtykke for å hente

datamaterialet frå «Nordnorsk debatt». Eit bidrag til metoden i CMC-forsking vil vere å diskutere korleis NSD kom til denne konklusjonen og om han i møte med tekniske tilhøve på Facebook oppfyller grunnleggande forskningsetiske krav om *samtykke*, *informasjonsplikt* og at det skal vere *frivillig* for informantane å delta i undersøkinga.

Etiske retningslinjer for forskning på Internett frå Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH 2014)⁷ seier at «forskere som hovedregel fritt [kan] benytte materiale fra åpne fora uten å innhente samtykke fra dem opplysningene gjelder». Det er tre argument for at «Nordnorsk debatt» er eit opent forum og at hovudregelen frå NESH gjaldt for denne undersøkinga.

For det første er det inga grense på tilgangen til sida. Ein kan delta i forumet utan å søke ein administrator om å få bli medlem. For det andre har sida har ein tydeleg offentleg profil, og «kontekstens integritet» er ifølge NESH (2014) viktig i vurderinga av skiljet mellom privat og offentleg. For det tredje ville det vere umogleg å sikre kvaliteten på eit samtykke, både på grunn av tekniske tilhøve på Facebook og av forskningsetiske omsyn. Ei privat Facebook-melding frå framande vil i hovudregelen vere skjult for brukarar. Eit skjema i posten eller per e-post til språkbrukarane er også eit dårleg alternativ. Mange Facebook-brukarar har nemleg ikkje fullt namn på profilen, og nokon kan gi seg ut for å vere andre enn dei faktisk er. Derfor skriv også NESH (2014) at «[d]ette gjør at forskeren ikke kan være sikker på at samtykke er innhentet fra den man ønsker å innhente samtykke fra».

Når Eckert (2013:15-16) diskuterer informasjonsplikta, spør ho om forskaren som skal informere utvalet, er ærleg nok. I informasjonen til språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» er utgreiinga om prosjektet forenkla samanlikna med forskingsspørsmåla, men då for at prosjektet skal bli så forståeleg at deltakarane veit kva dei er med på.

Eckert (2013:16) seier vidare om informasjonskravet at det kan vere like viktig å fortelje kva ein ikkje skal gjere som kva ein faktisk skal gjere. I dette prosjektet var det heilt sentralt å opplyse om at undersøkinga ikkje handlar om meiningsinnhaldet i kommentarane. Etter at prosjektet var meldt til NSD og språkbrukarane blei informerte, er forskingsspørsmåla noko justert. Fordi prosjektet framleis ikkje undersøker meiningsinnhaldet og forskingsopplegget

⁷ I juni 2019 gav NESH ut ein ny «Forskingsetisk veileder for internettforskning». Datamaterialet for denne undersøkinga blei samla inn og behandla før den nye rettleiinga kom, og diskusjonen handlar derfor om versjonen frå 2014.

ikkje er endra på andre sentrale måtar, har eg ikkje meldt desse endringane til NSD eller komme med presiseringar i «Nordnorsk debatt».

Ein annan garanti det var nødvendig å gi deltagarane, er at dei ikkje blir identifiserte i nokon fasar av prosjektet (Moyer 2008:22-25). Sidan heile datamaterialet ligg tilgjengeleg på internett, må derfor sitata i ei publisering vere så korte at dei ikkje lar seg spore til ein informant ved hjelp av ein søkemotor (NESH 2014). Monka (2018:34) peikar likevel på at ein ikkje kan garantere full anonymitet i ein studie av nettspråk. Sjølv om det er praktisk vanskeleg og vil ta mykje tid, kan ein lese gjennom alle kommentarane på «Nordnorsk debatt» frå den aktuelle tidsperioden. Det vil slik vere mogleg å finne språkbrukaren bak ei ytring også utan hjelp av ein søkemotor.

Like interessant som sjølve formuleringane, er korleis dei blei formidla til språkbrukarane. Utgangspunktet frå NSD var at Nordlys burde vere avsendar av innhaldet i vedlegg 3 som ein sjølvstendig post på «Nordnorsk debatt» like før datainnsamlinga. Eg bad sjølv NSD revurdere denne avgjerda på to punkt: Kven som skulle informere og når det skulle skje. Begge delar er basert på kunnskap om at algoritmane på Facebook gjorde forslaget frå NSD lite eigna til å møte viktige forskingsetiske krav.

Ei viktig endring i algoritmane til Facebook kom i januar 2018. Då blei innhald publisert frå private profilar prioritert opp, mens innhald frå profesjonelle verksemder blei mindre synleg (Hole 2018). Konsekvensen er at informasjonen om forskinga ville ha vore mindre synleg om Nordlys hadde publisert han. Informasjonen blei heller ikkje publisert som ein enkelt post øvst på «Nordnorsk debatt» like før innsamlinga, altså eit halvt år etter at den siste samtales var avslutta. Algoritmane på Facebook ville truleg eksponert ei slik melding berre til dei som hadde vore aktive på «Nordnorsk debatt» i dei seinaste dagane før ein slik post. Det ville dermed vore reint tilfeldig om nokon av dei aktive språkbrukarane i valkampen 2017 var blant dei som såg informasjonen.

Løysinga blei heller å legge att informasjonen som ein kommentar på slutten av dei 79 samtalane som er samla inn. Dei aktuelle språkbrukarane har allereie vore aktive i samtales. Sjansen for at Facebook varslar dei om informasjonen blir derfor mykje større. Eg har fått mange nok tilbakemeldingar til å vite at informasjonen har hatt god eksponering i samtalane, og likevel har ingen reservert seg frå å vere med i undersøkinga.

Konklusjonen på denne drøftinga blir derfor at eg har brukt oppdatert kunnskap om algoritmane på Facebook for å tilfredsstille sentrale forskningsetiske krav. Alternativet til å navigere etter best mogleg etisk skjønn er at Facebook ikkje skal vere ein arena for forsking, og det er ingen farbar veg. Til det er denne kanalen altfor viktig og interessant for språkforskarar.

3.10 Eit matematisk val: Mål for sentraltendens

I ein av hypotesane er tempo ein variabel, målt som tida frå førre ytring for alle dei 1949 svara og kommentarane i materialet. Tempoet i ein samtale er gjennomsnittet av desse responstidene for ytringane som hører til i samtalen. Når nokon samtalar er raskare eller meir synkrone enn andre, blir det tydeleg at synkrone og asynkrone samtalar er eit kontinuum og ikkje avgrensa kategoriar (jf. også Evjen 2011:14-15). I det eine ytterpunktet av denne skalaen finn vi den reindyrka synkrone samtalen, der ein språkbrukar kan forvente at ytringa blir lesen med ein gong ho er produsert og publisert, akkurat som i den munnlege samtalen. I den andre enden ligg den asynkrone samtalen. Der går det lengre tid frå ytringa blir produsert til ho blir lesen og eventuelt følgd opp med eit svar (Evjen 2011:4-5).

Responstidene varierer mykje i materialet, anten fordi diskusjonen går i bølger over tid eller fordi det kjem eit eller nokon få svar eller kommentarar lenge etter hovudmengda i ein samtale. Noko av variasjonen i responstida kan forklara naturleg med at døgnrytme påverkar kor raskt ein ser og eventuelt følger opp ei ytring, mens andre lange responstider ikkje har ei like iaugefallande forklaring. Då blir det avgjerande at eg brukar det riktige målet for sentraltendensen når eg skal samanlikne tempoet.

Ei nærliggande løysing er ikkje å ta omsyn til såkalla statistiske outliers, eller ekstreme verdiar, på ein av minst to moglege måtar. Det eine alternativet er å bruke median som mål for sentraltendens, i staden for gjennomsnittet, fordi dette målet er mindre følsamt for ekstreme verdiar (Hellevik 1999:222-224). Medianen blir den responstida som ligg midt i rekka når dei står i stigande rekkefølge. Den andre moglegheita er å bruke gjennomsnittet som mål for sentraltendens, men etter at ytringane med dei lengste responstidene frå materialet er fjerna.

Når eg ikkje vel nokon av desse alternativa, er det av omsyn til den interne validiteten i prosjektet. Han heng blant anna saman med om ein vel dei målemetodane som gir dei distinksjonane vi er interesserte i (Lindlof og Taylor 2017:354). Etter mitt syn hører også dei lange responstidene med i materialet og bør få påverke sentraltendensane i funna, av to grunnar. For det første er det ingen samtalar som meir enn andre er underlagde det eg har kalla naturlege

faktorar som døgnrytme. For det andre har eg ingen grunn til å tru at dei lange responstidene er eit resultat av manipulasjon eller strategiske val hos språkbrukarane som produserte dei. Sidan dei er så mange og jamt fordelte i materialet, vil eg tvert imot betrakte dei som ein naturleg del av CMC.

For å vurdere om den gjennomsnittlege responstida faktisk representerer tempoet i samtalen, kan det likevel vere interessant å vite korleis responstidene varierer internt i samtalen. Til det er standardavviket (SD) eit mål, fordi det gir meg eit bilde på kor stor variasjon det er i tidsintervalla som ligg bak gjennomsnittet (Hellevik 1999:224). For eksempel vil eg med større sikkerheit kunne kalle ei gruppe samtalas raske om gjennomsnittstida er låg og dei også har eit lågare standardavvik enn andre. Standardavviket er då eit uttrykk for at mange av responstidene i gruppa ligg nær gjennomsnittet. På den måten er standardavvika også med på å avgjere om skilnadane eg finn i tempoet mellom samtalane, er signifikante eller ikkje.



Figur 4: Skilnad mellom svar og kommentarar på Facebook. Dialogen er gitt att med løyve frå alle deltakarane.


Før vi forlét dette temaet, er ei presisering nødvendig for at utgreiinga om reknemetoden blir fullstendig. I delkapittel 3.5 er svar og kommentarar skilt ut som to typar ytringar på ulike nivå i samtalen. Utrekningane må ta omsyn til desse to nivåa, slik figur 4 illustrerer. Dei oransje og blå pilene viser at responstidene er målt mellom kommentarane, mellom svara eller mellom det første svaret og kommentaren som svaret sorterer under.

3.11 Vidareutvikling av metoden

Heilt mot slutten av dette kapittelet vil eg med to konkrete råd bidra til at metoden i den norske CMC-forskinga i framtida skal vere mindre nybrottsarbeid (Hårstad, Lohndal og Mæhlum 2017:133). For det første viser delkapittel 3.9 at vi treng ein oppdatert diskusjon om omgrepene ‘opne fora’ som Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH 2014) brukar i retningslinjene sine. Her har Bolander og Locher (2013:17) nyttige innspel som kan vere ein ressurs i den norske debatten. Dei peikar på at skiljet mellom offentlege og lukka nettstadar ikkje er ein dikotomi. I staden oppmodar dei forskarmiljøet til å vurdere dette spørsmålet langs to aksar, der tilgangen til forumet er den eine aksen og innhaldet er den andre. Poenget til Bolander og Locher er illustrert i figur 5. Kategoriane ‘lukka innhald

i lukka forum' og 'lukka innhald opent forum' bør ifølge Bolander og Locher (2013:17) få dei strengaste grensene for forsking. Mellomkategorien er 'opent innhald i lukka forum'. Materialet for denne undersøkinga ligg i den enkleste av desse fire kategoriane, nemleg den med 'opent innhald i opent forum'.

Figur 5: Bolander og Locher (2013) om forum og innhald i CMC



Også det andre rådet for å vidareutvikle metoden for CMC-forskning går til Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora og Personvernombudet for forsking. Eg ser det som heilt nødvendig å tilføre desse institusjonane, som skal rettleie forskingsprosjekt i sosiale medium, meir kompetanse om algoritmane på Facebook og andre digitale språkbruksarenaer. Som dette kapittelet viser, er slik kompetanse sentral for alle som vil informere og innhente samtykke frå deltakarar i forsking i sosiale medium. Eg må understreke at dei første råda eg fekk, ville halde deltakarane uvitande om kva dei var med på eller reserverte seg mot, nettopp fordi desse råda ikkje var baserte på kunnskap om korleis Facebook deler informasjon. Og når det er sagt, kan eg berre håpe at det blir oppfatta meir som hjelp og mindre som kritikk av norske forvaltarar av forskingsetikk⁸.

⁸ Den nye rettleiinga om internettforskning frå NESH (2019) møter den første utfordringa eit stykke på vegen. I «Forskingsetisk veileder for internettforskning» diskuterer NESH skillett mellom innhald og arena grundigare enn tidlegare.

Den andre utfordringa meiner eg NESH framleis må jobbe meir med. Sjølv om den nye rettleiinga tar opp spørsmål om opne data og stordata, formidlar NESH framleis lite om korleis algoritmane på Facebook kan påverke etikken i forsking på denne språkbruksarenaen.

4 Resultat


Førre kapittel presenterte sju problemstillingar (P1-P7) og elleve hypotesar (H1-H11). Dette kapittelet viser resultata frå undersøkinga, og startar med den første problemstillinga (P1). Ho spør kor mykje dialekt, ortografiske avvik og pictogram som er til stades i den digitale, politiske samtalen og korleis rangeringa mellom desse er.

4.1 Bruken av språklege og semiotiske ressursar i «Nordnorsk debatt»

For å undersøke P1 er dei tre trekka i undersøkinga samla i figur 6. H1 antar at meir enn halvparten av ytringane har ortografiske avvik, og H2 seier at språktrekket dialekt er sjeldnast og ortografiske avvik vanlegast i dei politiske samtalane på «Nordnorsk debatt».

Undersøkinga støttar begge hypotesane, ettersom 7 prosent (132) av ytringane i materialet er på dialekt, 15 prosent (296) har minst eit pictogram, og 54 prosent (1043) har minst eitt ortografisk avvik.

Figur 6: Språklege og semiotiske ressursar på «Nordnorsk debatt»



4.2 Ortografiske avvik i digitale, politiske samtalar

Den andre problemstillinga i undersøkinga spør om det er eit mønster mellom ortografiske avvik og politisk tema, og tabell 2 viser eit slikt mønster. To tema har ein signifikant større del ytringar med ortografiske avvik enn andre: innvandringspolitikk og helse- og omsorgspolitikk.

I ytringar om innvandringspolitikk har 522 av 932 ytringar ortografiske avvik, det vil seie 56 prosent eller 5 prosentpoeng meir enn i resten av materialet. Denne skilnaden er signifikant, og funnet er derfor markert med grønt⁹. I alle dei seinare tabellane er signifikante funn markerte på same måte. Helse- og omsorgspolitikk har heile 71 prosent ytringar med ortografiske avvik. I dei digitale diskusjonane om dette temaet er det altså 18 prosentpoeng fleire ytringar med dette språktrekket enn i samtalar om andre tema.

Resultata støttar altså den delen av H3 som antar at det er fleire ytringar med ortografiske avvik når innvandringspolitikk er tema. Tabell 2 viser likevel at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» brukar denne språklege ressursen endå meir i digitale samtalar om helse- og omsorgspolitikk, noko som ikkje var forventa.

Når det gjeld samepolitikk, stemmer derimot ikkje H3, ettersom ytringane om samepolitikk viser det motsette mønsteret enn antatt. I desse diskusjonane har 44 prosent av ytringane ortografiske avvik. Det er 10 prosent lågare enn i diskusjonane om andre tema.

To andre tema har også ein signifikant lågare del ytringar med ortografiske avvik enn resten av materialet. Det er finanspolitikk med 47 prosent og næringspolitikk med 45 prosent. Dette er høvesvis 7 og 9 prosentpoeng mindre enn for dei andre tema. Dermed får H4 støtte i denne undersøkinga.

⁹ Til grunnlag for signifikanstestane i variansanalyse (jf. delkapittel 3.3) ligg gjennomsnittsverdiane og standardavvika.

Tabell 2: Ytringar med ortografiske avvik for kvar tema

TEMA	YTRINGAR MED ORTOGRAFISKE AVVIK*	SKILNAD**	STANDARD- AVVIK (SD)
Helse- og omsorgspolitikk (N=28)	71 % (20)	+	18 prosentpoeng
Valanalyse (N=188)	59 % (111)	+	6 prosentpoeng
Innvandringspolitikk (N=932)	56 % (522)	+	5 prosentpoeng
Forsvarspolitikk (N=172)	53 % (91)	+/-	0 prosentpoeng
Samferdselspolitikk (N=104)	51 % (53)	-	3 prosentpoeng
Finanspolitikk (N=148)	47 % (70)	-	7 prosentpoeng
Kulturpolitikk (N=13)	46 % (6)	-	7 prosentpoeng
Næringspolitikk (N=159)	45 % (72)	-	9 prosentpoeng
Arbeids- og sosialpolitikk (N=20)	45 % (9)	-	9 prosentpoeng
Energi- og miljøpolitikk (N=40)	45 % (18)	-	9 prosentpoeng
Distriktpolitikk (N=41)	44 % (18)	-	10 prosentpoeng
Samepolitikk (N=82)	44 % (36)	-	10 prosentpoeng
Utdannings- og forskingspolitikk (N=2)	0 % (0)	-	50 prosentpoeng
<i>N=1949***</i>		<i>54 % (1043) ***</i>	

N=Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* Del ytringar med ortografiske avvik i kategorien.

** Skilnaden mellom delen ytringar med ortografiske avvik i kategorien og delen ytringar med ortografiske avvik i dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.

*** Inkluderer dei 20 ytringane i samlekategorien for andre politiske tema.

I dei seinare diskusjonane blir tempoet i samtalane og lengda på ytringane relevante fleire gongar, først i analysen av samanhengar mellom politiske tema og ortografi. Tabell 3 viser samvariasjonane mellom tema for samtalen og tempo, mens tabell 4 viser korrelasjonane mellom tema og lengde på ytringa.

Tabell 3: Tema og tempo i samtalane

TEMA	RESPONSTID*	SKILNAD**	STANDARD-AVVIK (SD)
Kulturpolitikk (N=13)	39 minutt	- 164 minutt	47,2
Innvandringspolitikk (N=932)	134 minutt	- 129 minutt	442,7
Helse- og omsorgspolitikk (N=28)	136 minutt	- 67 minutt	315,4
Forsvarspolitikk (N=172)	155 minutt	- 51 minutt	345,9
Distriktpolitikk (N=41)	166 minutt	- 37 minutt	317,3
Finanspolitikk (N=148)	181 minutt	- 22 minutt	548,5
Næringspolitikk (N=159)	185 minutt	- 18 minutt	649,5
Samferdselspolitikk (N=104)	208 minutt	+ 7 minutt	474,3
Samepolitikk (N=82)	340 minutt	+ 145 minutt	629,9
Arbeids- og sosialpolitikk (N=20)	356 minutt	+ 156 minutt	385,7
Valanalyse (N=188)	409 minutt	+ 230 minutt	926,4
Energi- og miljøpolitikk (N=40)	569 minutt	+ 375 minutt	1172,6
Utdannings- og forskingspolitikk (N=2)	671 minutt	+ 467 minutt	21,2
<i>N=1949***</i>		<i>202 minutt***</i>	

N=Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

- * *Gjennomsnittleg responstid i kategorien, her definert som tida mellom ytringane. Lågare tal for responstid gir altså høgare tempo i samtalen.*
- ** *Skilnaden mellom den gjennomsnittlege responstida i kategorien og responstida mellom dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.*
- *** *Inkluderer dei 20 ytringane i samlekategorien for andre politiske tema.*

I tabell 3 ser vi at den gjennomsnittlege responstida i materialet er 202 minutt. Sagt på ein annan måte tar det litt mindre enn tre og ein halv time frå ei av dei 1949 ytringane blir følgd opp med

ei ny ytring. I oppsettet av tabellen er det viktig å legge merke til at lågare tal for responstid er det same som høgare tempo i samtalene. Sagt på ein annan måte: Når responstida mellom ytringar om eit gitt tema går ned, tar samtalene om dette temaet eit steg i retning av den synkronre samtalene.

Tabell 3 viser også at innvandringspolitikk ser ut til å få opp farta i den digitale, politiske samtalene. Når språkbrukarane i materialet diskuterer innvandring, tar det i gjennomsnitt 134 minutt før eit svar eller ein kommentar på Facebook blir følgd opp med ei ny ytring. Denne responstida er 129 minutt mindre enn den gjennomsnittlege responstida mellom alle dei andre ytringane i materialet.

På den meir diakrone delen av skalaen ser vi at samtalane om samepolitikk korrelerer med lågare fart. Det tar i snitt 340 minutt mellom dei 82 ytringane om dette temaet. Dette er 145 minutt meir enn mellom ytringar som handlar om alle andre tema. Sagt på ein annan måte går den digitale, politiske samtalene om samepolitikk signifikant seinare enn digitale samtalar om andre politiske tema.

Den digitale samtalene om valanalyse samt energi- og miljøpolitikk går endå seinare. Det tar i gjennomsnitt 409 minutt frå ei av dei 188 ytringane om valanalyse får svar eller blir følgd opp med ein ny kommentar. Denne responstida er 230 minutt meir enn mellom ytringar som handlar om andre tema i materialet. For energi- og miljøpolitikk er responstida 569 minutt, altså 375 minutt meir enn mellom ytringane om andre tema.

Tabell 4 viser at den gjennomsnittlege lengda på dei 1949 ytringane i materialet er 179 teikn. Ytringane om helse- og omsorgspolitikk er signifikant lengre enn ytringane om andre politiske tema. Den gjennomsnittlege ytringa om dette temaet er 320 teikn, altså 143 teikn lengre enn ytringane om andre tema i undersøkinga. Også om innvandringspolitikk skriv språkbrukarane signifikant lengre enn om andre tema. Om dette temaet er den gjennomsnittlege ytringa 189 teikn, og det er 20 teikn lengre enn ytringane i materialet elles. I samtalane om forsvarsopolitikk og finanspolitikk er ytringane derimot signifikant kortare. Ei gjennomsnittleg ytring om forsvarsopolitikk er 139 teikn, 43 teikn kortare enn ytringane om andre tema i materialet. Om finanspolitikk er gjennomsnittslengda 135 teikn. Det er 48 teikn kortare enn ytringane i resten av materialet.

Tabell 4: Tema og lengde på ytringane

TEMA	LENGDE*	SKILNAD**	STANDARD-AVVIK (SD)
Helse- og omsorgspolitikk (N=28)	320 teikn	+ 143 teikn	370,1
Arbeids- og sosialpolitikk (N=20)	242 teikn	+ 64 teikn	344,5
Distriktpolitikk (N=41)	226 teikn	+ 48 teikn	248,4
Utdannings- og forskingspolitikk (N=2)	204 teikn	+ 25 teikn	39,6
Innvandringspolitikk (N=932)	189 teikn	+ 20 teikn	234,6
Samferdselspolitikk (N=104)	185 teikn	+ 7 teikn	199,9
Valanalyse (N=188)	178 teikn	+/- 0 teikn	277,5
Næringspolitikk (N=159)	175 teikn	- 4 teikn	222,7
Samepolitikk (N=82)	170 teikn	- 9 teikn	192,7
Energi- og miljøpolitikk (N=40)	148 teikn	- 32 teikn	137,5
Forsvarspolitikk (N=172)	139 teikn	- 43 teikn	175,1
Finanspolitikk (N=148)	135 teikn	- 48 teikn	127,7
Kulturpolitikk (N=13)	134 teikn	- 45 teikn	132,8
<i>N=1949***</i>		<i>179 teikn</i>	

N= Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Signifikante skilnadar er markert med grønt.

* *Gjennomsnittleg lengde på ytringar i kategorien.*

** *Skilnaden mellom den gjennomsnittlege lengde i kategorien og den gjennomsnittlege lengda for dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.*

*** *Inkluderer dei 20 ytringane i samlekategorien for andre politiske tema.*

4.3 Dialekt i digitale, politiske samtalar

Tabell 5 gir eit stadfestande svar på P3, som spør om det er eit mønster også mellom dialektbruk og politisk tema i den digitale, politiske samtalen. Den største prosentdelen dialektytringar har arbeids- og sosialpolitikk med 25 prosent, heile 19 prosentpoeng meir enn dei andre temaa. Etter arbeids- og sosialpolitikk følger distriktpolitikk med 17 prosent. Det er 11 prosentpoeng meir enn i samtalar om andre tema i undersøkinga. Det signifikante funnet i den andre enden av rangeringa er diskusjonane om forsvarspolitikk. Her har 2 prosent av ytringane dialekttrekk, og det er 5 prosentpoeng mindre enn i dei andre temaa.

Resultata støttar altså den delen av H5 som antar at det er fleire dialektytringar om distriktpolitikk, sjølv om kategorien ikkje toppar dialektbruken på «Nordnorsk debatt». Det er heile 7 prosentpoeng opp til arbeids- og sosialpolitikk, som ligg aller øvst. For forsvarspolitikk stemmer H5 derimot ikkje i det heile. Tvert om er det signifikant færre dialektytringar om forsvarspolitikk enn om dei fleste andre tema i denne undersøkinga.

5 prosent av ytringane om finanspolitikk har dialektinnslag, og for næringspolitikk er talet 7 prosent. Dermed er delen dialektytringar om finans- og næringspolitikk like under eller på gjennomsnittet for materialet. H6 antok at det skulle vere færre dialektytringar om desse temaa og får altså inga støtte i denne undersøkinga.

Tabell 5: Dialektytringar for kvart tema

TEMA	DIALEKT-YTRINGAR*		SKILNAD**	STANDARD-AVVIK (SD)
Arbeids- og sosialpolitikk (N=20)	25 % (5)	+	19 prosentpoeng	0,44
Distriktpolitikk (N=41)	17 % (7)	+	11 prosentpoeng	0,38
Valanalyse (N=188)	10 % (19)	+	4 prosentpoeng	0,30
Kulturpolitikk (N=13)	8 % (1)	+	1 prosentpoeng	0,28
Samferdselspolitikk (N=104)	8 % (8)	+	1 prosentpoeng	0,27
Næringspolitikk (N=159)	7 % (11)	+/-	0 prosentpoeng	0,26
Innvandringspolitikk (N=932)	6 % (56)	-	1 prosentpoeng	0,24
Samepolitikk (N=82)	6 % (5)	-	1 prosentpoeng	0,24
Finanspolitikk (N=148)	5 % (7)	-	2 prosentpoeng	0,21
Helse- og omsorgspolitikk (N=28)	4 % (1)	-	3 prosentpoeng	0,19
Energi- og miljøpolitikk (N=40)	3 % (1)	-	4 prosentpoeng	0,16
Forsvarspolitikk (N=172)	2 % (3)	-	5 prosentpoeng	0,15
Utdannings- og forskingspolitikk (N=2)	0 % (0)	-	7 prosentpoeng	0,00
<i>N=1949***</i>		<i>7 % (132) ***</i>		

N=Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* Del dialektytringar i kategorien.

** Skilnaden mellom delen dialektytringar i kategorien og delen dialektytringar i dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.

*** Inkluderer dei 20 ytringane i samlekategorien for andre politiske tema.

4.4 Piktogram i digitale, politiske samtalar

I den fjerde problemstillinga er spørsmålet om det er eit mønster mellom piktogram og politisk tema i den digitale, politiske samtalen. Tabell 6 viser at heller ikkje ytringane med piktogram er jamt fordelte mellom dei 13 politiske temaa i denne undersøkinga.

Tabell 6: Ytringar med piktogram for kvart tema

TEMA	YTRINGAR MED PIKTOGRAM *	SKILNAD **	STANDARD-AVVIK (SD)
Valanalyse (N=188)	20 % (38)	+	5 prosentpoeng
Finanspolitikk (N=148)	18 % (27)	+	3 prosentpoeng
Innvandringspolitikk (N=932)	17 % (158)	+	3 prosentpoeng
Kulturpolitikk (N=13)	15 % (2)	+/-	0 prosentpoeng
Arbeids- og sosialpolitikk (N=20)	15 % (3)	+/-	0 prosentpoeng
Forsvarspolitikk (N=172)	13 % (22)	-	2 prosentpoeng
Energi- og miljøpolitikk (N=40)	13 % (5)	-	2 prosentpoeng
Samepolitikk (N=82)	11 % (9)	-	4 prosentpoeng
Samferdselspolitikk (N=104)	11 % (11)	-	5 prosentpoeng
Næringspolitikk (N=159)	11 % (17)	-	5 prosentpoeng
Distriktpolitikk (N=41)	10 % (4)	-	5 prosentpoeng
Helse- og omsorgspolitikk (N=28)	0 % (0)	-	16 prosentpoeng
Utdannings- og forskingspolitikk (N=2)	0 % (0)	+/-	0 prosentpoeng
<i>N=1949 ***</i>		<i>15 % (296) ***</i>	

N=Del samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* Del ytringar med piktogram i kategorien.

** Skilnaden mellom delen ytringar med piktogram i kategorien og delen ytringar med piktogram i dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.

*** Inkluderer dei 20 ytringane i samlekategorien for andre politiske tema.

Det er signifikant fleire ytringar med pictogram i samtalane om valanalyse og innvandringspolitikk. I diskusjonane om valanalysar har 20 prosent av dei 188 ytringane eit pictogram. Det er 5 prosentpoeng meir enn ytringane om andre politiske tema. 17 prosent av dei 932 ytringane om innvandring har det same språktrekket, noko som er 3 prosentpoeng meir enn i materialet elles. Sidan verken forsvars- eller distriktpolitikk har fleire ytringar med pictogram, får H7 inga støtte i denne undersøkinga.

Signifikant færre ytringar med pictogram finn vi i dei digitale samtalane om to andre politiske tema. I diskusjonane om næringspolitikk har 11 prosent av ytringane pictogram, og om helse- og omsorgspolitikk finst det ingen slike ytringar. Dette er høvesvis 5 og 16 prosentpoeng mindre enn for ytringane frå dei andre kategoriane. Dermed kan vi seie at H8 har ei viss støtte i materialet, i den delen som handlar om at det er færre pictogram i samtalet når næringspolitikk er tema.

4.5 Innleiar og språktrekk

Så langt har vi undersøkt samanhengane mellom språktrekk og semiotiske ressursar på den eine sida og politisk tema på den andre. P5 opnar for at det også kan vere samanhengar mellom kommunikasjonsressursar og kven som startar den digitale, politiske samtaLEN. Ei presisering her er at innleiaren altså har signert meiningsytringa som startar posten, men har ikkje produsert ytringane som kjem etter han. Ytringane er framleis dei 1949 svara og kommentarane som er produserte av 922 unike språkbrukarar i «Nordnorsk debatt».

Hypotesen (H9) er at det er fleire dialektytringar, ortografiske avvik og pictogram i samtaLEN når han blir innleia av privatpersonar. Dei tre neste tabellane viser om hypotesen får støtte i undersøkinga.

Tabell 7: Dialektytringar etter innleiar for samtalane

INNLEIAR	DIALEKT-YTRINGAR*	SKILNAD**		STANDARD-AVVIK (SD)
Frå offentleg sektor (N=37)	11 % (4)	+	5 prosentpoeng	0,32
Frå frivillig sektor (N=58)	10 % (6)	+	4 prosentpoeng	0,31
Frå privat sektor (N=85)	8 % (7)	+	2 prosentpoeng	0,28
Rikspolitikar (N=139)	8 % (11)	+	2 prosentpoeng	0,27
Privatperson (N=385)	7 % (27)	+	1 prosentpoeng	0,26
Lokal- eller regionalpolitikar (N=210)	7 % (15)	+/-	0 prosentpoeng	0,25
Redaksjonell medarbeidar (N=1035)	6 % (62)	-	2 prosentpoeng	0,23
<i>N=1949</i>		<i>7 % (132)</i>		

N=Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* Del dialektytringar i kategorien.

** Skilnaden mellom delen dialektytringar i kategorien og delen dialektytringar i dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.

Tabell 7 viser få korrelasjoner mellom innleiar og dialekt. Spennet frå toppen til botnen er lite, og i denne delen av undersøkinga finst det ikkje nokon signifikante funn. Samtalane som blir innleia av representantar frå offentleg sektor, har flest dialektytringar med 11 prosent. Det er 5 prosentpoeng meir enn ytringane i samtalane som blir starta av andre. Færrest dialektytringar har dei samtalane som redaksjonelle medarbeidrar startar. 6 prosent av dei 1035 ytringane i denne gruppa har dialektinnslag, og det er 2 prosentpoeng mindre enn i materialet elles. Ytringane som kjem etter at privatpersonar har innleia debatten, ligg på gjennomsnittet. Undersøkinga støttar dermed ikkje H9 for den delen av hypotesen som handlar om dialekt som språktrekk, og vi skal heller sjå om det finst samanhengar mellom innleiar og ortografiske avvik i samtalane.

Tabell 8: Ytringar med ortografiske avvik etter innleiar for samtalane

INNLEIAR	YTRINGAR MED ORTOGRAFISKE AVVIK*		SKILNAD**	STANDARD- AVVIK (SD)
Frå offentleg sektor (N=37)	65 % (24)	+	12 prosentpoeng	0,48
Privatperson (N=385)	60 % (231)	+	8 prosentpoeng	0,49
Redaksjonell medarbeidar (N=1035)	54 % (559)	+	1 prosentpoeng	0,36
Lokal- eller regionalpolitikar (N=210)	51 % (107)	-	3 prosentpoeng	0,50
Rikspolitikar (N=139)	48 % (67)	-	6 prosentpoeng	0,50
Frå privat sektor (N=85)	41 % (35)	-	13 prosentpoeng	0,50
Frå frivillig sektor (N=58)	34 % (20)	-	20 prosentpoeng	0,40
<i>N=1949</i>		54 % (1043)		

N=Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* Del ytringar med ortografiske avvik i kategorien.

** Skilnaden mellom delen ytringar med ortografiske avvik i kategorien og delen ytringar med ortografiske avvik i dei andre ytingane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.

Tabell 8 viser at samtalar som er starta av privatpersonar, har ein signifikant større del ytringar med ortografiske avvik enn andre samtalar. Av dei 385 ytingane i samtalane som er starta av ein privatperson, har 60 prosent dette språktrekket. Dette er 8 prosentpoeng meir enn i materialet elles. Undersøkinga støttar altså H9 på dette punktet.

Tabell 9: Ytringar med pikrogram etter innleiar for samtalane

INNLEIAR	YTRINGAR MED PIKTOGRAM*		SKILNAD**	STANDARD-AVVIK (SD)
Privatperson (N=385)	19 % (73)	+	5 prosentpoeng	0,39
Lokal- eller regionalpolitikar (N=210)	16 % (34)	+	1 prosentpoeng	0,37
Redaksjonell medarbeidar (N=1035)	15 % (155)	+/-	0 prosentpoeng	0,36
Frå frivillig sektor (N=58)	14 % (8)	-	1 prosentpoeng	0,35
Rikspolitikar (N=139)	12 % (17)	-	4 prosentpoeng	0,32
Frå privat sektor (N=85)	11 % (9)	-	4 prosentpoeng	0,31
Frå offentleg sektor (N=37)	0 % (0)	-	16 prosentpoeng	0,00
<i>N=1949</i>		<i>15 % (296)</i>		

N=Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* Del ytringar med pikrogram i kategorien.

** Skilnaden mellom delen ytringar med pikrogram i kategorien og delen ytringar med pikrogram i dei andre ytingane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.

Piktogramma er den siste kommunikasjonsressursen i H9. Tabell 9 viser korleis ytingane med desse er fordelte på ein måte støttar hypotesen. Privatpersonar innleiar samtalar med signifikant fleire ytringar med pikrogram. I diskusjonane som blir starta av privatpersonar, har 19 prosent av ytingane eitt eller fleire pikrogram. Det er 5 prosentpoeng meir enn i samtalane som blir starta av andre, og funnet gir ytterlegare støtte til H9.

I neste kapittel kjem ein analyse av desse funna. Då blir det også relevant å sjå på tempoet i samtalane og lengde på ytingane når dei er sorterte etter innleiar. Tabell 10 og tabell 11 viser desse samvariasjonane.

Tabell 10: Innleiar og tempo i samtalane

INNLEIAR	RESPONSTID*	SKILNAD**	STANDARD-AVVIK (SD)
Privatperson (N=385)	125 minutt	- 96 minutt	359,2
Lokal- eller regionalpolitikar (N=210)	189 minutt	- 15 minutt	501,3
Rikspolitikar (N=139)	201 minutt	- 1 minutt	357,4
Redaksjonell medarbeidar (N=1035)	214 minutt	+ 26 minutt	628,3
Frå offentleg sektor (N=37)	222 minutt	+ 21 minutt	566,4
Frå privat sektor (N=85)	254 minutt	+ 55 minutt	769,7
Frå frivillig sektor (N=58)	457 minutt	+ 263 minutt	991,5
<i>N=1949</i> 202 minutt			

N=Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* *Gjennomsnittleg responstid i kategorien, her definert som tida mellom ytringane.*

** *Skilnaden mellom den gjennomsnittlege responstida i kategorien og responstida mellom dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.*

I tabell 10 ser vi at den politiske samtalens på Facebook går signifikant raskare når han blir innleia av ein privatperson. Responstida mellom desse kommentarane og svara er i gjennomsnitt 125 minutt, altså to timer og fem minutt. Dette er 96 minutt raskare enn når ein annan startar samtalens. På den andre sida av skalaen finn vi at samtalane som blir innleia av representantar frå frivillig sektor, går seinare. Responstida mellom ytringane i desse samtalane er 457 minutt. Dette er 263 minutt meir enn i samtalane innleia av andre.

Tabell 11: Innleiar og lengde på dei etterfølgande ytringane

INNLEIAR	LENGDE*	SKILNAD**	STANDARDAVVIK (SD)
Representant frå offentleg sektor (N=37)	336 teikn	+ 160 teikn	350,6
Representant frå privat sektor (N=85)	213 teikn	+ 36 teikn	236,9
Redaksjonell medarbeidar (N=1035)	191 teikn	+ 27 teikn	253,9
Rikspolitikar (N=139)	169 teikn	- 11 teikn	215,8
Privatperson (N=385)	150 teikn	- 36 teikn	159,7
Lokal- eller regionalpolitikar (N=210)	147 teikn	- 36 teikn	144,9
Representant frå frivillig sektor (N=58)	134 teikn	- 46 teikn	146,0
<i>N=1949</i> 179 teikn			

N= Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* *Gjennomsnittleg lengde på ytringar i kategorien.*

** *Skilnaden mellom den gjennomsnittlege lengda i kategorien og den gjennomsnittlege lengda for dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.*

Tabell 11 viser at den gjennomsnittlege lengda på dei 1949 ytringane er 179 teikn. To grupper av innleiarar startar samtalar med signifikant lengre ytringar enn i resten av materialet. Når ein representant frå offentleg sektor er innleiar, er den gjennomsnittlege ytringa i den etterfølgande samtalen på 336 teikn. Dette er 160 teikn meir enn i materialet elles. Noko kortare, men framleis signifikant lengre enn resten av materialet, er ytringane i samtalar starta av redaksjonelle medarbeidrar. Her er gjennomsnittslengda på ytringa 191 teikn, 27 teikn lengre enn i samtalar innleia av andre.

To andre grupper av innleiarar startar samtaler med signifikant kortare ytringar. Den første av desse er privatpersonar. Her er ytringane i gjennomsnitt 150 teikn, altså 36 teikn kortare enn den gjennomsnittlege lengda for ytringane i alle andre samtalar. Endå kortare er ytringa i samtalar starta av lokale eller regionale politikarar. Desse svara og kommentarane er på 147 teikn i gjennomsnitt. Også det er 36 teikn mindre enn ytringane i resten av materialet.

4.6 Ortografi og tempo

P6 spør om det er eit mønster mellom språktrekk og tempoet i den digitale, politiske samtalen. H10 antar at høgare tempo korrelerer med færre ortografiske avvik.

For å svare på H10 brukar undersøkinga materialet på ein annan måte enn i resten av arbeidet, og oppløyser samtalen der ytringane står under ein post på «Nordnorsk debatt» med felles tema og innleiar. I staden er ytringane no grupperte etter språktrekk, og den gjennomsnittlege responstida gjeld no for ytringane i denne gruppa.

Det er viktig med ei presisering om denne metoden brukt for å hente og gruppere ytringar basert på språktrekk, uansett kor i materialet dei elles høyrer til. Når ytringane ikkje lenger står grupperte i den samanhengen dei var produserte i, kan vi heller ikkje som i resten av undersøkinga snakke om responstid *mellom* ytringane. På dette punktet i undersøkinga vil responstida berre vere eit mål på *tida frå førre ytring*. Det betyr at undersøkinga måler kor lang tid det går før ein språkbrukar bevisst eller ubevisst vel å kommentere eller svare med ortografiske avvik.

Det er like fullt interessant å sjå etter ein samanheng mellom tida som går før ein språkbrukar produserer ei ytring, og kva for språktrekk denne ytringa inneheld. Desse samanhengane kjem fram i tabell 12.

Tabell 12: Tempo og språktrekk i ytringane

SPRÅKTREKK	RESPONSTID*	SKILNAD**	STANDARD-AVVIK (SD)
Piktogram (N=296)	182 minutt	- 23 minutt	532,9
Dialekt (N=132)	172 minutt	- 32 minutt	514,6
Ortografiske avvik (N=1043)	157 minutt	- 96 minutt	495,8
N=1949***		202 minutt ***	

N= Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* Gjennomsnittleg responstid i kategorien, her definert som *tida frå førre ytring*.

** Skilnaden mellom den gjennomsnittlege responstida i kategorien og responstida mellom dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.

*** Inkluderer dei 482 ytringane utan dialekt, ortografiske avvik eller piktogram.

I tabellen ser vi at responstida går ned, uansett kva for trekk vi ser på. Alle dei tre trekka i undersøkinga høyrer altså til i dei meir synkrone samtalane i materialet. Det er likevel berre for ytringane med ortografiske avvik at skilnaden er signifikant. I materialet frå «Nordnorsk debatt» går det i gjennomsnitt 157 minutt frå førre ytring før ei av dei 1041 ytringane med ortografiske avvik blir produserte. Dette er 96 minutt mindre enn responstida for ytringar utan ortografiske avvik. Undersøkinga støttar altså ikkje H10 om ein samanheng mellom høgt tempo og få ortografiske avvik i samtalen. Tvert imot går tempoet i samtalen opp i samtalane med dette språktrekket.

4.7 Piktogram og lengde

Den aller siste problemstillinga spør om det er ein samanheng mellom semiotiske ressursar og lengde på ytringa. Tabell 13 viser at dei 298 ytringane med piktogram er signifikant kortare enn andre ytringar i materialet, som H11 antok. Den gjennomsnittlege lengda på ei ytring med piktogram er 124 teikn, og det er 65 teikn kortare enn for ytringane i materialet utan dette trekket.

Tabell 13: Lengde og språktrekk i ytringa

SPRÅKTREKK	LENGDE*	SKILNAD**	STANDARD-AVVIK (SD)
Dialekt (N=132)	194 teikn	+ 16 teikn	190,1
Ortografiske avvik (N=1043)	170 teikn	- 109 teikn	225,2
Piktogram (N=296)	124 teikn	- 65 teikn	147,9
<i>N=1949***</i>		<i>179 teikn***</i>	

N= Det samla talet på svar og kommentarar i kategorien.

Grøn linje markerer at funnet er signifikant på eit femprosentnivå.

* *Gjennomsnittleg lengde på ytringar i kategorien.*

** *Skilnaden mellom den gjennomsnittlege lengda i kategorien og den gjennomsnittlege lengda for dei andre ytringane i materialet. Talet er altså ikkje ei samanlikning med gjennomsnittet i N=1949. Sjå delkapittel 3.3 for meir om dette.*

*** *Inkluderer dei 482 ytringane utan dialekt, ortografiske avvik eller piktogram.*

4.8 Oppsummering av resultata

Denne undersøkinga har for det første leitt etter utvalde språklege og semiotiske ressursar i 1949 svar og kommentarar på «Nordnorsk debatt» under valkampen 2017. For det andre har undersøkinga sett korleis dei ortografiske avvika, dei dialektale innslaga og piktogramma er fordelt i samtalar om ulike tema og starta av ulike innleiarar. Dette delkapittelet samanfattar dei mest sentrale funna, før diskusjonen av dei kjem i neste kapittel.

75 prosent av ytringane har minst eitt innslag av slike ressursar. Dermed skriv språkbrukarane heilt etter ein av dei to rettskrivingsnormalane i berre 25 prosent av ytringane. Dei ortografiske avvika er det vanlegaste av dei tre trekka i undersøkinga: 54 prosent av ytringane har forkorta ord, eller dei har teikn, store eller små bokstavar som vik av frå ein av rettskrivingsnormalane. Det går derimot ikkje seinare for ein språkbrukar på «Nordnorsk debatt» å ytre seg skriftleg på ein ukonvensjonell måte. Tvert om går det signifikant kortare tid for ein språkbrukar å produsere og publisere ei ytring med slike ortografiske avvik enn ei ytring utan.

Signifikant fleire ortografiske avvik har ytringane om innvandringspolitikk og helse- og omsorgspolitikk. Heilt på topp er helse- og omsorgspolitikk der 71 prosent av ytringane har minst eitt innslag av dette trekket. 56 prosent av ytringane om innvandring har ortografiske avvik. Undersøkinga har også vist at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» skriv lengre ytringar på kortare tid om desse to temaat.

Tre andre tema har signifikant færre ytringar med ortografiske avvik. Dei to første er finans- og næringspolitikk med høvesvis 47 og 45 prosent av ytringane. Samepolitikk ligg nesten heilt nedst på rangeringa. I samtalane om dette temaet har 44 prosent av ytringane ortografiske avvik.

Dialekt er det minst hyppige av dei tre trekka i undersøkinga. 7 prosent av ytringane skil seg frå ein av rettskrivingsnormalane på ein måte som truleg skriv seg til talemålet til språkbrukaren.

Heller ikkje dialektytringane er jamt fordelt på «Nordnorsk debatt». To tema med signifikant fleire dialektyringar er arbeids- og sosialpolitikk og distriktpolitikk. I samtalane om arbeids- og sosialpolitikk har 25 prosent av ytringane dialektinnslag, og om distriktpolitikk har 17 prosent av ytringane dette språktrekket. Eit tema peikar seg ut med signifikant færre dialektyringar enn resten av materialet, og det er forsvars politikk. I desse samtalane er det berre 2 prosent dialektyringar.

Heller ikkje pictogramma er sjeldne på «Nordnorsk debatt» i vakkampen 2017. 15 prosent av ytringane i materialet har minst eitt eksemplar av denne semiotiske ressursen, og det ser ut til å påverke ytringa på minst to måtar. Svara og kommentarane med pictogram er signifikant kortare enn andre ytringar i materialet. I tillegg går det litt kortare tid etter førre ytring før ein språkbrukar har produsert og publisert ei ytring med pictogram enn utan. Undersøkinga har også vist at denne semiotiske ressursen er hyppigast i dei samtalane på «Nordnorsk debatt» som er starta av privatpersonar.

Det er signifikant fleire ytringar med pictogram på «Nordnorsk debatt» når innvandring er tema. I desse digitale, politiske samtalane har 17 prosent av ytringane minst ei slik teikning eller figur. Endå fleire ytringar med pictogram er det i samtalane om valanalyse. Om dette temaet har 20 prosent av ytringane dette trekket. To tema har signifikant færre ytringar med pictogram. Det første er næringspolitikk, der 11 prosent av ytringane har minst eitt pictogram. Det andre temaet er helse- og omsorgspolitikk, der ingen av ytringane har pictogram.

5 Tolking og diskusjon av resultata

5.1 Ortografiske avvik i politisk CMC

I denne undersøkinga har 54 prosent av ytringane eitt eller fleire avvik frå ein av dei to skriftnormalane på norsk, som «tilliten vi ikke har.....» og «Fakta må på bordet NÅ». Med dette talet kan vi for det første slå fast at ortografiske avvik er eit vanlegare trekk enn dialekt og piktogram i politisk CMC på «Nordnorsk debatt». For det andre er det nødvendig å sjå på dette språktrekket meir som normalen enn avviket.

Det er rett nok store interne variasjonar mellom dei 1043 ytringane i materialet med dette språktrekket. Her finn vi bodskap skrivne i versalar, som «Det er AP SOM SPLITTER DET NORSKE FOLK», vi finn ytringar som sluttar med fleire spørsmålsteikn eller utropsteikn, som for eksempel «hjernedøde journalister!!!». Ikkje minst finn vi dei mange ytringane som sluttar utan noko teikn i det heile.

Trass dei interne variasjonane kan vi leite etter lover i denne tilsynelatande lovløysa. CMC har ifølge Sebba (2007:50) utvikla språklege subkulturar som også involverar ortografiske avvik. Desse avvika bryt rett nok med rettskrivingsnormalane, men dei sluttar seg likevel til ei eller anna norm: «So we should be prepared to find, within the unregulated space of spelling, examples of [...] *non-standard* orthographic norms» (Sebba 2007:46). Også Stæhr og Mortensen (2018) tar eit oppgjer med det dei meiner er eit unyansert fokus på det kaotiske i sosiale medium når dei seier at «sociale medier også er karakteriseret ved at være både socialt og interaktionelt velorganiserte rum med deres egne normer for social og sproglig opførsel» (Stæhr og Mortensen 2018:10).

Ei slik norm for språkleg oppførsel i politisk CMC har vi allereie sett: Meir enn halvdelen av eit så stort materiale som i denne undersøkinga har altså minst eitt brot mot ein av dei to norske skriftnormalane. Også tidsvariabelen i denne undersøkinga tyder på at ortografiske avvik er normalen. Monka (2018:55) seier at det går raskare for ein språkbrukar å produsere umarkert språk fordi det fell lettast. Denne undersøkinga viser ein samanheng mellom raskt samtaletempo og ortografiske avvik. Logikken frå Monka tilseier då at ortografiske avvik er det umarkerte språket i politisk CMC.

Dermed kan vi seie at *norma for politisk CMC er vidare enn den offisielle rettskrivinga*. Det betyr at ein ikkje kan forvente at språket i politiske diskusjonar på nett er korrekt etter rettskrivinga, slik ein kan for eksempel i kronikkar eller lesarbrev i avisa.

Denne konklusjonen kan verke sjølvsagd, men han er eit viktig korrektiv i møte med den språkideologien som fleire internasjonale studiar har avdekkja (Preston 1982; Preston 1985; Jaffé og Walton 2000; Monka 2018). I ein studie som kombinerte leseprøvar og intervju fann Jaffé og Walton (2000) at ein rangerer sosiale identitetar basert på skriftspråk på same måte som ein feller dommar basert på talemål. Eit fleirtal av deltakarane i studien karakteriserte stemma bak ein tekst med ortografiske avvik som lite utdanna (Jaffé og Walton 2000:572). Dei avdekkja også at ein større del ortografiske avvik i teksten auka stigmaet knytt til stemma bak. Tendensen til å slutte frå del til heilskap på denne måten kallar Jaffé og Walton for ‘ortografisk metonymi’.

5.1.1 Eit nytt ortografisk regime

Etter konklusjonen om den utvida norma kan det også vere grunn til å utfordre Sebba (2007:43) om plasseringa av CMC blant dei ortografiske regima. Sebba plasserer CMC i eit delvis regulert område, saman med romanar og annan litteratur som «bend the normal rules» (Sebba 2007:44). Mengda ortografiske avvik talar etter mitt syn for at CMC høyrer heime nærmare dei uregulerte regima på skalaen som Sebba (2007:43) beskriv. Vi kan også sjå nokon eksempel som etter mitt syn er meir radikale enn at dei «bøyer» reglane:

1. «[...] MANGE MÅ MATES MED TESKJE [...]»
2. «[...] EGNEfantasier er KORREKTE [...]»
3. «?????????????»

Ytringane 1 til 3 illustrerer at CMC og litteraturen sjeldan står saman på skalaen mellom dei fullt regulerte og dei uregulerte ortografiske regima. I tillegg til desse skriftspråklege eksempla støttar også dei mange pictogramma på «Nordnorsk debatt» ein slik konklusjon. Denne ytringa frå materialet har for eksempel ikkje nokon andre teikn enn emotikon: «🔥🔥🔫💣💣».

5.1.2 Smarttelefonane gir arenakollaps

Det betyr likevel ikkje at Sebba (2007) hadde feil då han omtalte dei ortografiske regima og plasserte CMC på skalaen. I åra etter har medieringa (Hougaard og Balleby 2019) gitt CMC radikalt nye vilkår. Etter at selskapet Apple lanserte iPhoneen i 2007 har smarttelefonane blitt allemannseige. No har 95 prosent av nordmenn over ni år ein slik telefon. Det er 40 prosent fleire enn for berre fem år sidan (Statistisk sentralbyrå 2019). Øverby (2018) definerer smarttelefonane som ein «mobil enhet som kombinerer funksjonalitet fra en mobiltelefon og en datamaskin». Han presiserer vidare at smarttelefonane både har eit digitalt kamera og gir

brukaren tilgang til ei rekke tenester og applikasjonar (appar). Den store trykkfølsame skjermen med eit digitalt tastatur er likevel eit felles verktøy for alt ein brukar smarttelefonen til.

No brukar vi altså den same mobile eininga til ei nesten uavgrensa mengde språkhandlingar. Vi kan skrive handleliste til oss sjølve, invitere til eit møte på jobb om ein time, seie frå til borna om at vi kjem seint heim, leite etter ein partnar for natta eller livet – og ytre oss om innvandringspolitikk på Facebook. Dette gjer vi altså på den same skjermen, og vi treng ikkje ta pausar mellom språkhandlingane. Denne medieringa (Hougaard og Balleby 2019, jf. delkapittel 2.9 ovanfor) kan skape meir enn den kontekstkollapsen som Marwick og boyd (2011) omtalar. For å forstå CMC etter at smarttelefonar er blitt allemannseige, meiner eg vi også må snakke om ein ‘arenakollaps’.

Marwick og boyd viser korleis kontekstkollaps *innanfor* ein språkbruksarena som Twitter eller Facebook kan påverke språklege handlingar. Teorien fangar likevel ikkje opp dei raske skifta *mellom* språkbruksarenaer, som kan vere svært ulike på minst tre måtar. For det første kan temaet for samtalane vere fast eller skiftande. Når ein snakkar med ein digital eller verkeleg rådgjevar via nettbanken, diskuterer ein berre personleg økonomi. På Facebook kan ein derimot delta i samtalar om ei stor mengde tema. Skilnaden mellom nettbanken og Facebook illustrerer også at talet på deltakarar på ein språkbruksarena kan variere mykje. Ein tredje ulikskap mellom språkbruksarenaene er formålet med språkhandlinga. Ei melding til sonen i huset om at ein er heime om 20 minutt har eit ganske annleis formål enn meiningsytringa om forsvarspolitikk på Facebook og løftet ein gir på sjekke-appen Tinder (Svennevig 2012).

Ein arenakollaps definerer eg derfor som *raske* og *ubevisste* skifte mellom ulike språkbruksarenaer på same digitale verktøy. Vi ser at slike skifte dermed blir ein kombinasjon av strukturelle faktorar på makronivået og individuelle faktorar på mikronivået (Litt 2012). På makronivået ligg smarttelefonen. Han er verktøy for alle kanalar og gjer dei raske skifta mogleg. At desse skifta er ubevisste, blir derimot ein individuell faktor.

Kjenneteiknet i ein slik arenakollaps er dei uregulerte grensene mellom språkbruksarenaene. Det er lett å tenke seg at dei bevisste tankane og dermed språket ikkje alltid heng med når fingrane allereie er over på ein ny app, eller som Stæhr og Mortensen (2018:21) seier det: «[A]rtefakter og redskaper som fx smartphonen udvider vores tankevirksomhed ud over vores egne hoveder». Utan at dei brukar mitt omgrep arenakollaps fangar dei kjernen i det når dei vidare seier at teknologien fjernar skiljet mellom interne kognitive prosessar og eksterne dataprosessar.

Den avvikande ortografien i CMC kan dermed vere eit resultat av arenakollapsen. Då har smarttelefonane medialisert (Hougaard og Balleby 2019) CMC endå meir enn det Sebba såg i 2007. Hougaard og Balleby (2019:8) seier at det har «[...] betydning for digitale dialoger hvilket medie der bruges som platform for dialogen». Vidare er dei heilt konkrete på at «[...] det er heller ikke uvæsentlig hvilken type telefon man bruker fordi telefonens styresystem kan have afgørende betydning [...].».

5.1.3 Dempa tale eller rop i politisk CMC

Det ligg fleire ikkje-standardiserte ortografiske normer for politisk CMC under denne første og største norma vi har diskutert så langt. For å finne desse gjer vi eit punktnedslag i 100 vilkårleg valde ytringar med ortografiske avvik. To motstridande trekk peikar seg då ut: Tendensen til å dempe seg og tendensen til å rope. Variasjonane vi diskuterer under, er alle i gruppa Sebba (2007:37) kalla ‘munnlegmarkørar’, men dei tar altså ytringa i to heilt ulike retningar.

Den første tendensen ser vi når språkbrukaren brukar ortografien for å gi ytringa ein roleg start eller slutt. Av dei 100 ytringane i punktnedslaget sluttar heile 45 utan punktum. Ytterlegare seks ytringar startar utan stor forbokstav, og fire avsluttar med fleire enn tre prikker. Dei åtte prikkane i ytringa «Selvfølgelig er det masse faktafeil.....» er rekorden i talet på prikker i heile materialet frå «Nordnorsk debatt». Lagt saman kan vi seie at 55 av dei 100 ytringane i dette punktnedslaget har munnlegmarkørar som dempar prosodien i ytringa.

Vi finn likevel ein annan og motstridande tendens i dei 100 utvalde ytringane frå «Nordnorsk debatt». 10 av desse ytringane har minst eitt ord skrivne med berre store bokstavar, slik som i dette eksempelet: «[...] MÅ absolutt bevares». I tillegg sluttar 16 ytringar med to eller fleire utrops- eller spørsmålsteikn, som i «[...] Hæren er blitt av?». Slik forsterkar munnlegmarkørane prosodien i 26 av dei 100 ytringane i punktnedslaget.

Med to motstridande tendensar blir det relevant å diskutere om den dempa talen eller ropet representerer essensen i politisk CMC best (Sebba 2007:83). Tala i det tilfeldige utvalet viser at tendensen til å dempe seg er sterkare enn tendensen til å rope i dei politiske diskusjonane på Facebook. Munnlegmarkørane gjer ytringane lågmælte i 45 av dei 100 ytringane, mens dei forsterkar den tenkte prosodien i 26 av ytringane.

Tidlegare forsking peikar også på at politisk CMC er prega av etterhald. Shoemark mfl. (2017) har undersøkt twitteraktivitet før folkeavstemminga om skotsk sjølvstende i 2014. Her fann dei fleire skotske dialektuttrykk i ytringane markert med støtte til skotsk uavhengigheit enn i dei

ytringane som med såkalla emneknaggar uttrykker støtte til å halde fram i den britiske unionen (Shoemark mfl. 2017:1244). Like viktig om undersøkinga frå Skottland er at språkbrukarane brukte færre av denne typen munnlegmarkørar (Sebba 2007:37) når dei ytra seg om folkeavstemminga enn om andre tema. På det grunnlaget konkluderer forskarane med at språkbrukarane dei undersøkte, «are not choosing to express this identity strongly in political discourse aimed at a broad audience» (Shoemark mfl. 2017:1247).

5.1.4 Ikonar for politisk CMC

Teorien om *ikonisering* (Irvine og Gal 2000) kan vere ein nyttig inngang for å diskutere denne tendensen til etterhald i politisk CMC. Sebba (2007:82-83) viser at visse språktrekk kan vere ikoniske representasjonar av sosiale grupper eller aktivitetar på ein slik måte at det aktuelle teiknet eller språktrekket uttrykker essensen eller den ibuande naturen ved ein sosial aktivitet eller gruppe (Sebba 2007:82-83; Irvine og Gal 2000:37). Mi undersøking antydar kanskje at essensen i politisk CMC er dempa, ved at språkbrukarane opnar ytringane sine i den eine eller begge endane. Slik blir fråværet av punktum, dei små bokstavane og dei mange prikkane i slutten av ytringane ikona for ein dempa politisk CMC.

Om vi tolkar ortografien som ikonar for ein dempa politisk CMC, kan vi forklare det med både teknologien og individet som utgangspunkt. Den teknologiske forklaringa støttar seg på teorien om dei medialiserte dialogressursane (Hougaard og Balleby 2019). Hougaard og Balleby (2019:11) peikar på ein vesentleg skilnad mellom dei digitale dialogane i sosiale medium og dei fysiske dialogane: Dei fysiske dialogane sluttar når partane går kvar til sitt. Dei digitale kanalane er derimot alltid opne, og det blir alltid mogleg å legge noko til i samtalet. «Man kan mene at dette gør at våres digitale dialoger på den måde ligner vores fysiske dialoger mindre, og at brugerne tilskyndes til konstant at holde dialogen i gang» (Hougaard og Balleby 2019:11-12). Slik kan vi tolke den særegne teiknsettinga og dei små bokstavane som medialiserte dialogressursar, hyppig i bruk for å vise at dialogen ikkje er avslutta.

På individnivå kan teorien om det førestilte publikumet (Marwick og boyd 2011) vere ei forklaring. Marwick og boyd (2011) viser at brukarar vegrar seg for å diskutere kontroversielle tema på den digitale plattforma Twitter: «Without the ability to vary information flow based on audience, participants could not risk a sensitive topic being viewed by the wrong person» (Marwick og boyd 2011:125). Dei ortografiske avvika er kanskje eit uttrykk for ein liknande sjølvsensor i politisk CMC på Facebook: Om ein trass frykta for den mest sensitive mottakaren (Marwick og boyd 2011:125) vel å ytre seg, vil ein vise seg som dempa og open for både førre

og neste talar. Vi er i så fall vitne til det Marwick og boyd kallar ein «ongoing frontstage identity performance» (2011:124). Ortografiske teikn som punktum, små bokstavar og prikkar blir då språklege ressursar i den symbolske interaksjonismen. Det bevisste eller ubevisste målet for språkbrukaren er å oppnå ein identitet som ein roleg debattant.

Når vi skal forstå korfor politisk CMC er dempa, står ikkje den individuelle og den teknologiske forklaringa i motsetnad til kvarandre. Vi ser at dei språklege ressursane i den symbolske interaksjonismen er dei same medialiserte dialogressursane som språkbrukaren brukar for å halde samtalen i gang. Når to slike krefter verkar saman, blir sannsynlegvis ikoniseringa av politisk CMC endå fastare. Eg trur derfor vi kan vente oss meir, og ikkje mindre av desse ortografiske avvika i digitale, politiske diskusjonar. Det kan likevel hende dei ikkje blir like hyppige i alle samtalar. Denne undersøkinga har vist at samtalar om enkelte tema har signifikant færre ortografiske avvik, mens andre har signifikant fleire. Vi skal vidare diskutere begge desse tendensane.

5.1.5 Seriøse samtalar om finansar og næring

Ein av konklusjonane så langt i analysen er at norma i politisk CMC ser ut til å vere vidare enn dei norske rettskrivingsnormalane. Sagt på ein annan måte kan ein ikkje forvente å finne den same normerte språkbruken i politiske diskusjonar på digitale plattformer som på dei analoge språkbruksarenaene. På den bakgrunnen er det interessant å diskutere nokon av dei temaa som vik av frå denne norma i den eine eller andre retninga. Vi begynner med dei temaa der språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» utnyttar den vide norma sjeldnare. Om finans- og næringspolitikk skriv dei med færre ortografiske avvik enn om andre tema i undersøkinga.

Diskusjonane til Marwick og boyd (2007) om den sosiale interaksjonismen er nyttig for å forstå denne tendensen. Ein av strategiane for språkhandlingane i sosiale medium er å etablere eller halde på eit føretrekt sjølvbilde (Marwick og boyd 2011:123), og språk er ein nyttig ressurs for å konstruere og forhandle identitet (Bucholtz og Hall 2005; Tagg og Seargeant 2016). Det er derfor nærliggande å tenke at ein ønsker å vise seg som trygg og kompetent når ein diskuterer seriøse tema som finans- og næringspolitikk. Sebba (2007:55) skriv at standardisert språk «characterises messages which are on topics which contributors are treating as serious [...].».

I seg sjølv er det inga bru mellom språkleg og økonomisk kompetanse, men teorien om indeksikalitetsprinsippet (Bucholtz og Hall 2005:594) seier at det finst ideologiar om kva for språkbrukarar som kan eller bør kunne produsere visse språktrekk. Vi har allereie i delkapittel

5.1 sett eksempel på slike ideologiar, der ein assosierer ortografiske avvik med lite utdanna menneske (Jaffe og Walton 2000; Monka 2018). Standardisert språk kan då indeksere kompetanse og utdanning. Slik blir standardortografien ein ressurs når språkbrukaren møter sitt førestilte publikum i samtalar om finans- og næringspolitikk. Denne konklusjonen kviler også på det siste prinsippet i teoriane til Bucholtz og Hall (2005) om korleis språk konstruerer identitet. Dette prinsippet seier at språkhandlingane også spring ut av ubevisste val og vanar (Bucholtz og Hall 2005:606).

5.1.6 Ikkje det same med samepolitikk

I delkapittel 4.2 såg vi at samepolitikk er eit tema med signifikant færre ytringar med avvik frå standardortografi. Det er ikkje like lett å tolke diskusjonane om samepolitikk som finans- og næringspolitikk. Problemet oppstår når vi samanliknar med innvandringspolitikk, som ligg høgt på den andre sida av skalaen. I desse diskusjonane har 56 prosent av ytringane ortografiske avvik. Det er 5 prosent meir enn i dei andre politiske diskusjonane på «Nordnorsk debatt» under valkampen 2017. Det interessante er at begge desse temaa handlar om minoritetspolitikk, men dei viser altså ulike språklege mønster.

Sebba (2007) diskuterer ortografi som ressurs i konstruksjonar og forhandlingar om nasjonale og etniske identitetar og seier at «[...] in particular issues of nationalism and internationalism, ultimately outweigh lingustic ones in the selection of orthographic practices» (Sebba 2007:84). Han har blant anna undersøkt CMC om den britiske komi-karakteren Ali G, som brukar mange kreolske språktrekk på britisk TV. Ali G var både populær og kontroversiell i Storbritannia på 2000-talet. Dermed finst det mykje CMC om karakteren Ali G og språket, som igjen kan tolkast som ein indirekte diskusjon om posisjonen til den kreolske kulturen i Storbritannia. I analysen av noko av dette materialet finn Sebba (2007:50-57) både ytringar som til liks med Ali G brukar kreolske språktrekk, og ytringar skrivne etter standard engelsk ortografi.

Ytringane utan avvik frå den standardiserte engelske ortografien meiner Sebba kan vere uttrykk for eitt av to: Språkbrukaren kan på den eine sida vurdere emnet som seriøst. Som diskutert i dei førre avsnitta blir då standardortografien ein ressurs språkbrukaren kan bruke i den symbolske interaksjonismen (Marwick og boyd 2011). På den andre sida kan språkbrukaren vere fiendtleg innstilt til den kreolske kulturen som Ali G representerer, og bruke den engelske standardortografien for å markere dette.

Desse to alternativa frå Sebba er utgangspunktet for diskusjonen av den signifikant lågare delen av ortografiske avvik i samtalar om samepolitikk under valkampen 2017. I desse debattane vel språkbrukarane vekk den vide ortografiske norma i politisk CMC, og skriv heller etter rettskrivingsnormalen. Spørsmålet er om språkbrukarane gjer det fordi dei meiner temaet er seriøst eller fordi dei er fiendtleg innstilt til den samiske kulturen.

5.1.7 Standardortografi i respekt?

Den eine tolkinga av desse språkhandlingane er altså at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» har ei bevisst eller ubevisst haldning til temaet som seriøst. Sebba (2007:55) nemner nettopp rasisme som eit så seriøst tema at språkbrukarane brukar standardortografi. Til forskjell frå finans- og næringspolitikk er temaet seriøst fordi det er kontroversielt, eller til og med betent.

Ein skal ikkje ha følgt dei samepolitiske debattane i Nord-Norge og Tromsø tett for å vite at samepolitikk er både kontroversielt og betent i den nordnorske offentlegheita. I valkampen 2017 var det seks år sidan kommunestyret først søkte Tromsø kommune inn i forvaltingsområdet for samisk språk, før eit nytt politisk fleirtal trekte søknaden få månader seinare. Begge vedtaka skapte stor debatt på både dei digitale og analoge språkbruksarenaene (Vangsnes 2013).

I diskusjonane om sjølvsensuren i møtet med det førestilte publikumet seier Marwick og boyd (2011:125) at ein språkbrukar må ta omsyn til at kontroversielle eller negative tema kan skyve publikum vekk. Det kan hende det er nettopp slike omsyn som gjer at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» vel det mest nøytrale skriftspråket dei kjänner, når dei ytrar seg om samepolitikk. Slik blir standardisert bokmål eller nynorsk nok ein gong ein språkleg ressurs i møte med den mest sensitive mottakaren i det førestilte publikumet, men på ein litt annan måte enn i diskusjonar om finans- og næringspolitikk. I ytringar om desse økonomiske temaa vel ein standardortografien for å vise kompetanse, mens i samepolitikken indekserer det same språktrekket respekt eller nøytralitet. Det er i så fall den same tendensen som Shoemark mfl. (2017) fann i skotske Twitter-straumar, der tendensen var færre avvik frå standardortografien når skotsk sjølvstende var tema.

5.1.8 Standardortografi i protest?

Den andre tolkinga av standardortografien om samepolitikk er ein parallel til det negative alternativet som Sebba (2007) har i analysen av CMC om Ali G. Posisjoneringsprinsippet til Bucholtz og Hall (2005) seier at språket blir brukt for å tre inn i og uttrykke eit standpunkt eller haldning. Vidare presiserer relasjonsprinsippet at eit slikt standpunkt eller haldning ikkje er autonom, og språket kan vere eit verktøy for å posisjonere seg *i høve til andre*. Vi kan følge logikken i begge desse prinsippa når vi tolkar fråveret av ortografiske avvik i debattar om samepolitikk.

For det første kan det standardiserte språket indeksere at ein vil vere lojal eller til og med favorisere det norske språket. Slik blir den låge delen ortografiske avvik ein funksjon av posisjoneringsprinsippet. Ei slik slutning støttar seg blant andre på Sebba (2007:127), som peikar på at også i språkstriden om minoritetsspråket galisisk er ulike politiske syn styrka og uttrykt gjennom ulike ortografiske praksistar.

Samtidig er også relasjonsprinsippet verksamt fordi ein med det same språktrekket markerer avstand til det samiske. I førre delkapittel gjorde eg kort greie for korleis språkstriden mellom det norske og samiske stadig er aktuell i Nord-Noreg generelt, og blussa opp i Tromsø spesielt for nokon år sidan. Mæhlum og Hårstad (2018:3013) peikar på at å innlemme ein kommune i det samiske forvaltingsområdet inneber å styrke det samiske språket i faktisk språkbruk og praktisk språkarbeid. Når dette konkrete spørsmålet er bakteppet for dei samepolitiske debattane, kan det hende språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» har ei oppfatning av at dei står i ein språkleg konkurransesituasjon, der utvida rettar for det samiske går ut over det norske språket. Eksempla under kan illustrere korleis ei slik forståing kjem til uttrykk på «Nordnorsk debatt»:

1. «Er det ikke enklere at samene lærer norsk?»
2. «Om 30 år eller der omkring vil vi sannsynligvis streve for å berge det norske språket».
3. «Da mener jeg at det er mer praktisk at vi kommuniserer på Norsk i Norge»

Det bevisste eller ubevisste føremålet med å halde seg til ein av dei to rettskrivingsnormalane, i staden for å variere, kan vere å konsolidere hegemoniet til norsk over samisk (Woolard 2005:4). Dette kan derfor vere eit eksempel på språk brukt for å skape Abstand (Sebba 2007:114). Om dette er riktig tolking av den låge delen ortografiske avvik, er språkideologien om anonymitet verksam. Woolard (2005:4) seier at det er nettopp det dominante språket som har privilegiet og fordelen av å representera den anonyme stemma frå «nowhere». Eit dominante språk kan oppnå ‘saturation of consciousness’ i eit samfunn. Omgrepet lårer

Woolard frå teoretikaren Raymond Williams (2006:135), og kan best omsettast til ‘metta medvit’. Om ein variant eller varietet oppnår metta medvit, har han fått ein overordna posisjon som alle held for sjølvsagd og ingen lenger stiller spørsmål ved (Woolard 2005:4). Silverstein (2003:219) omtalar det som «ærefrykt for standarden».

Særleg tre innvendingar er relevante mot at standardortografien kan bidra til å konsolidere hegemoniet til norsk over samisk. For det første kan det hende at dei som ytrar seg i akkurat desse debattane, meir enn andre følger rettskrivinga fordi dei sjølve har samiskspråkleg bakgrunn. Til det er å seie at innvendinga hadde vore meir relevant om vi diskuterte talemålsprega avvik frå rettskrivningsnorma, og ikkje forkorta ord, ukonvensjonell teiknsetting eller store bokstavar i heile eller fleire ord. Som neste delkapittel vil vise, er det verken fleire eller færre dialektprega ytringar om samepolitikk enn andre tema i undersøkinga.

Den andre innvendinga er at alternativet til standarden for dei fleste språkbrukarar på «Nordnorsk debatt» uansett ikkje ville vore innslag av samisk, men kanskje frå eigen dialekt. Til det har Silverstein (2003:219) ein interessant kommentar om at hegemoniet omfattar all variasjon i språkområdet: «[...] hegemonic in the sense that ideologically it constitutes the «neutral» top-and-center of all variability that is thus around-and-below it».

Den tredje innvendinga er at språkbrukarar i valkampen 2017 neppe har behov for å understreke det språklege hegemoniet for norsk overfor samisk, fordi meir enn 100 års fornorskingspolitikk har gjort jobben. Det kan likevel hende at vi her møter det Hårstad og Mæhlum (2018:314) kallar ein «stivnet ideologi i form av sterke institusjonelt forankrete føringer for hva som er god og riktig praksis». Dei brukar omgrepene ‘homogeniserende instans’ for arenaene der ein stivna ideologi framleis verkar. Den høge bruken av standardisert språk om samepolitikk i denne undersøkinga gjer det interessant å diskutere om ein digital språkbruksarena som Facebook er ein homogeniserande instans i Nord-Noreg.

Om vi tolkar standardortografien som eit uttrykk for protest meir enn respekt, kan vi også forklare at diskusjonane om innvandring har signifikant fleire ortografiske avvik. Begge temaa handlar om omsynet til minoritarar, men relasjonsprinsippet verkar neppe på same måte i desse diskusjonane. Språkbrukarane har nok ikkje det same behovet for å posisjonere norsk i møtet med innvandrurar. Denne gruppa er langt meir mangfaldig språkleg enn den samiske befolkninga i Norge, og dei har andre språklege rettar. Samtalane om innvandringspolitikk viser derfor eit anna språkleg mønster, og det skal vi diskutere i neste avsnitt.

5.1.9 Engasjert språkøkonomisering og fleire ortografiske avvik

Innvandring og helse- og omsorgspolitikk er dei to temaer der samtalane har signifikant fleire ytringar med ortografiske avvik enn resten av materialet. Tabell 3 og 4 i delkapittel 4.2 har vist at dette ikkje er det einaste trekket dei deler. Om begge desse temaer skriv språkbrukarane signifikant lengre enn om andre tema, og dei brukar kortare tid etter førre ytring før dei har produsert og publisert si eiga. Kombinasjonen av språktrekk, kort responstid og lange ytringar tyder på at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» føretrekker den synkrone samtalesituasjonen, eller primærinteraksjonen (Goffman 1983) i desse debattane. Dei brukar språkøkonomiseringa som strategi, men då for å kutte ned på tida, ikkje ytringa. Tvert om kan det sjå ut som debattantane har meir på hjartet om innvandring, helse og omsorg enn om andre tema.

Det er ikkje like lett å peike på korleis desse funna heng saman med identitetkonstruksjon, men det er kanskje heller ikkje nødvendig. Ei forklaring kan vere at innvandring, helse og omsorg var engasjerande tema i valkampen 2017 og at dette kjem til syne i mange av kommunikasjonsvariablene i denne undersøkinga. For innvandring støttar ‘Velgerundersøkelsen’ frå Statistisk sentralbyrå (2017) denne forklaringa. Tala frå undersøkinga viser at innvandring var den viktigaste saka for veljarane ved stortingsvalet i 2017. 28 prosent av veljarane meinte dei hadde denne saka høgast i bevisstheita då dei stemte. Det er meir enn dobbelt så mange som ved stortingsvalet i 2013. I oppsummeringa av denne undersøkinga skriv Statistisk sentralbyrå (2017) sjølv at «[d]et mest påfallende trekket ved velgernes dagsorden i 2017 er ifølge velgerundersøkelsen hvor dominerende innvandringssaken ser ut til å være i velgernes bevissthet».

Velgerundersøkelsen (Statistisk sentralbyrå 2017) viser ikkje tilsvarande tal for helse- og omsorgspolitikk som for innvandring. For 17 prosent av veljarane var helse den viktigaste saka, og 12 prosent tenkte mest på eldreomsorg då dei stemte. Med innsikt i lokale forhold kan vi likevel halde det som sannsynleg at helse- og omsorgspolitikk engasjerte debattantane på «Nordnorsk debatt» under valkampen 2017. Då var det to år sidan det borgarlege fleirtalet vedtok å konkurranseutsette heimetenesta i Tromsø kommune, men i mai 2017 hadde partia Ap, SV og Raudt fleirtal i kommunestyret og reverserte denne politikken. Det skapte mykje lokal debatt (*iTromsø* 2017), og det pregar også materialet som ligg til grunn for mi undersøking. Av dei 28 ytringane som handlar om helse- og omsorgspolitikk, er det berre to som handlar om noko anna enn det nokon av debattantane kallar fritt brukarval og andre kallar privatisering i helsepolitikken.

Det er dermed ikkje usannsynleg at også det politiske engasjementet rundt denne lokale saka har påverka CMC i «Nordnorsk debatt» om nokon tema, men identitetsforhandlingar har gjort det om i samtalar om andre tema.

Spørsmålet om identitet blir like viktig i det neste delkapittelet, der analysen tar for seg dialektytringar på «Nordnorsk debatt». Då handlar diskusjonen særleg om gruppeidentitetar på lokale eller regionale nivå.

5.2 Dialekt i politisk CMC

7 prosent av ytringane på «Nordnorsk debatt» frå valkampen 2017 har eitt eller fleire dialekttrekk. Sjølv om ortografiske avvik og piktogram altså er endå vanlegare i materialet, er det ikkje naturleg å konkludere med at dialekt er eit uvanleg trekk i politisk CMC. Delkapittel 3.7.2 gjorde greie for korfor funna i denne undersøkinga ikkje lar seg samanlikne direkte med funna Evjen gjorde for dialekt i debattforum på nett. Likevel er det interessant at 3,65 prosent av innlegga om politikk i det samla materialet til Evjen (2011:69) var på dialekt, mens altså 7 prosent av datamaterialet for denne undersøkinga er dialektytringar. Den mest relevante samanlikninga er kanskje mellom samtalar om politikk på «Nordnorsk debatt» og på den nordnorske språkbruksarenaen i undersøkinga til Evjen, nordlending.no. Då blir gapet endå større; frå 1,72 prosent dialektytringar om politikk på nordlending.no (Evjen 2011:52) til 7 prosent av ytringane på «Nordnorsk debatt».

Skilnadane mellom Evjen (2011) og denne undersøkinga skriv seg kanskje mest til metoden: I tillegg til at vi har to ulike definisjonar på ei dialektytring, er undersøkingane frå ulike digitale språkbruksarenaer. Felles for undersøkingane er den norske konteksten der den ytre språkhistoria kanskje framleis viser seg i resultata.

5.2.1 Korfor våge dialekt?

Internasjonale arbeid om språkideologi og identitet gir viktige perspektiv for å tolke funna i denne undersøkinga frå ein norsk språkbruksarena. Den ortografiske metonymien som Jaffe og Walton (2000) fann, er allereie nemnd. Her skal vi ta med at også Preston (1985:328) seier at ‘eye-dialect’ devaluerer språkbrukaren «[...] by making him or her appear boorish, uneducated, rustic, gangsterish and so on».

Marwick og boyd (2011) gir ei anna nyttig ramme når dei beskriv korleis språkbrukaren må finne eit balansepunkt i den sosiale interaksjonismen i sosiale medium. Forventningane frå det førestilte publikumet ligg på den eine sida av vekta, og på den andre sida ligg den sosiale norma

om å vise seg autentisk. Marwick og boyd (2011:124) påpeikar her at også det autentiske og samme er ein konstruksjon som vil variere etter konteksten, mens Woolard (2005:2) presiserer at ein varietet får verdi som autentisk når han kan seiast å ha djupe røter i eit sosialt og geografisk territorium.

I dette perspektivet blir det interessante spørsmålet korfor språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» i 7 prosent av ytringane vel å trasse stigmaet som kan følge av dialektortografi (Preston 1985; Jaffe og Walton 2000; Sebba 2007; Monka 2018). I eksempel 1 til 3 finn vi presensformer utan -r i «va» og «ligg», og det personlege pronomenet «dæ» som er kjent frå talemålet i området. I orda «koffer» og «nu» ligg det også fonologiske trekk som truleg skriv seg frå talemålet til språkbrukaren.

1. «[...] koffer blei grustaket på leirbakken jo vegvesne va redd [...]»
2. «[...] SKJÆP DÆ.....[...]»
3. «[...] Håper nu at det også ligg følelser bak [...]»

Når vi ser desse eksempla, kan vi stille spørsmålet over på ein annan måte: Korfor meiner språkbrukarane bak 7 prosent av ytringane at slik autentisitet ikkje bryt med forventningane frå det førestilte publikumet (Marwick og boyd 2011)?

5.2.2 Planlagd variasjon i Noreg

Eit mogleg svar på spørsmålet er at den ytre, nære språkhistoria gjer internasjonale funn om språkideologi mindre gyldige for norske tilhøve. Garrett (2010:7) seier at språkplanlegginga kan påverke haldningane til det same språket, fordi sterkare standardisering gjer at meir «emphasis is placed on correctness». Det er derfor interessant å diskutere om språkplanlegginga har gjort at ein norsk språkbrukar kan bruke dialektortografi med mindre risiko for det språkideologiske stigmaet som Preston (1985), Jaffe og Walton (2000), Sebba (2007) og Monka (2018) omtalar.

I Noreg har vi ingen offisiell tradisjon for normering av talemål (Vikør 2007:221)¹⁰, men ein lang tradisjon for å respektere dialektmangfaldet. Med det såkalla talemålsvedtaket sa Stortinget allereie i 1878 at undervisinga «saavidt muligt» skal skje på barnas talemål. Prinsippet er stadfesta i opplæringslova frå 1998, som seier at både elevar og lærarar sjølve vel kva målform dei vil bruke i munnlege situasjonar. Måollova frå 1980 regulerer at vi også som vaksne møter begge dei norske målformene i kommunikasjonen frå og med staten. Vikør

¹⁰ Formuleringa «offisiell tradisjon» er vald bevisst, i respekt for dei talemålsforskarane som problematiserer påstanden om at Noreg ikkje har eit standardtalemål (Mæhlum 2009).

(2007:178) samanfattar situasjonen med at valfridomen har vore eit særmerke for norsk språkplanlegging.

Røyneland (2017:97) skriv at særleg etter den såkalla dialektbølga på 1970-talet «har dialektbruk økt aksept og dialektene har vunnet innpass også på arenaer der de tradisjonelt har vært mer eller mindre utestengte». Det betyr likevel ikkje at alle talemål har same posisjon (Mæhlum 2009). Vikør (2018:346) seier at også i Noreg har dei talemåla som ligg nærmast dei standardiserte skriftspråka, høgast status. Han gir derfor denne oppsummeringa for talemålsvariasjon i det norske språksamfunnet:

«[d]et er blitt stadig større aksept for dialekt i stadig fleire brukssituasjonar. Det er da også i dag mange nordmenn som berre bruker dialekt i alle situasjonar, men det er ganske vanleg å tilpasse dialekten slik at han skal fungere så godt som råd andsynes andre menneske med andre talemålsvarietatar» (Vikør 2018:348).

Den siste versjonen av språkreglane i NRK (2007) er eit praktisk eksempel på oppsummeringa frå Røyneland (2017) og Vikør (2018). Desse reglane seier at «NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket, også når det gjeld dialektbruk og uttale som er farga av andre språk». Då dei nye språkreglane kom i 2007, var ei viktig endring at redaktørane kan gjere unntak frå regelen om at programleiarar i nyheitssendingar skal bruke «offisielt bokmål eller nynorsk» (NRK 2007).

Etter at reglane var innførte, undersøkte NRK og Språkrådet kva haldningar nordmenn har til dialekt. Ein av konklusjonane frå denne undersøkinga er at nordmenn er dialektvennlege. 70 prosent av dei spurde er heilt eller delvis ueinige i påstanden om at «[d]et er for mye dialektbruk i samfunnet». 75 prosent er også positive til at programleiarar på riksdekkande radio og TV snakkar dialekt (Språkrådet 2009). Ei anna undersøking har Heli (2011) gjort blant tilsette i NRK som brukar eige språk på radio eller TV. Sidan desse språkbrukarane er viktige normgjevarar i det norske språksamfunnet, er undersøkinga interessant for denne diskusjonen. I undersøkinga til Heli seier 40 prosent av dei NRK-tilsette at nyheitsopplesarar på landsdekkande sendingar bør bruke sin eigen dialekt. Heli (2011:43) omtalar funnet som «en seier for de nye språkreglene med sitt økte fokus på dialekter, men også en kritikk mot at de kanskje ikke er liberale nok».

Den norske språkplanlegginga viser altså vilje til både skriftleg og munnleg variasjon. Konsekvensen er at nordmenn er vane med å lese og høre ulike variantar og varietetar. Det er nærliggande å tru at språkbrukarane i dette språksamfunnet har lågare terskel for å produsere dialektortografi sjølv.

Eit sideblikk til nabolandet Danmark støttar resonnementet. I motsetning til den norske situasjonen har det danske språksamfunnet eit standardtalemål, og tilsvarande mindre tradisjon og aksept for dialektale variasjonar (Stæhr 2014:66). Ei undersøking viser at unge, danske språkbrukarar korrigerer både seg sjølv og andre i metaspråklege kommentarar på Facebook (Stæhr 2014). For eksempel skriv dei danske språkbrukarane ‘(staves)’ etter eit ord eller ytring for å markere at dei er usikre på stavninga, og dei brukar asterisk-teiknet (*) framfor eit ord dei korrigerer hos seg sjølve eller andre. I materialet på 1949 ytringar frå «Nordnorsk debatt» finst det derimot ingen metaspråklege kommentarar. Det kan støtte resonnementet om at desse er skrivne i eit språksamfunn med større aksept for språkleg variasjon, og at det visar seg i meir dialektortografi.

Dette er kanskje også forklaringa på at det ikkje er signifikant færre dialektytringar om verken finans- eller næringspolitikk. Til liks med hypotesen om ortografiske avvik tok hypotesen om dialekt utgangspunkt i at seriøse tema gir ein samtale med meir standardisert språk. I førre delkapittel såg vi at dette stemte for ortografiske avvik, og kanskje er den ytre språkhistoria forklaringa på at det derimot ikkje stemmer for dialektinnslag.

Dermed har vi brukt den ytre språkhistoria i Noreg for å konkretisere det førestilte publikumet (Marwick og boyd 2011), slik Litt (2012:333) oppmodar til: «If the imagined audience plays such a powerful role in determining how and what we communicate [...] it is necessary to understand better what influences its construction». Vi kan sjå på den norske språkplanlegginga som ein del av det Litt (2012) kallar strukturelle faktorar på makronivå.

Ei samanfatting av dette delkapittelet vil vere at den norske språkplanlegginga har gjort den mest sensitive mottakaren mindre sensitiv for dialektortografi. Då er det nærliggande å tru at ein språkbrukar på ein norsk språkbruksarena med låg risiko brukar dialekt for å vise seg autentisk, og framleis kan balansere godt mellom autentisitet og forventningane frå det førestilte publikumet (Marwick og boyd 2011).

I nokon diskusjonar brukar likevel språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» mindre dialekt, og i andre monaleg meir. Finans- og næringspolitikk er allereie nemnde. I dei neste delkapitla skal vi diskutere fleire.

5.2.3 ‘The voice from nowhere’ om forsvar

Teorien om det førestilte publikumet er eit godt grunnlag også for å forstå korfor det er signifikant færre dialektytringar i diskusjonar om forsvarspolitikk, altså stikk i strid med hypotesen. Igjen kan detaljar om samtalene peike på moglege forklaringar på funnet.

74 prosent av dei 172 ytringane om forsvarspolitikk høyrer til i samtalar om basen for Noregs maritime overvakingsfly bør vere på Andøya eller Evenes. Dette konkrete emnet for dei digitale, politiske samtalane har to særtrekk som kan vere til ytterlegare hjelp i diskusjonen.

For det første var og er denne politiske debatten i stor grad ein kamp om tal og nokså kompliserte fakta om flyfag, forsvar og internasjonale relasjoner (*Dagsavisen* 2017). Det gir grunn til å tru at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» vil framstille seg som kompetente og sikre i saka og såleis vel bort dialektortografi til fordel for standardspråket (Preston 1985; Jaffe og Walton 2000; Sebba 2007; Monka 2018). Eit liknande motiv for å velje bort dialektortografi fann Bihl og Grönvall (2017) i ei undersøking om dialektortografi på Facebook frå språkbrukarar i Värmland. Her fortel nokon av informantane at dei unngår å skrive på dialekt i ytringar som dei er opptatte av at alle skal forstå (Bihl og Grönvall 2017:140). I desse samtalane om forsvarspolitikk indekserer (Bucholtz og Hall 2005:594) dermed det standardiserte språket kompetanse og truverd. Slik aukar språkbrukarane autoriteten til både seg sjølv og meiningsytringane sine i «Nordnorsk debatt». Autoriteten konstruerer dei ved å velje ‘a voice from nowhere’, som framstiller språkbrukaren som ein representant for eit større fellesskap og ikkje for særinteresser (Woolard 2008:4).

I tillegg er det relevant at begge Nordlands-kommunane Andøy og Evenes ligg i randsona av dekningsområdet til Nordlys og «Nordnorsk debatt». Om vi går ut frå at det er ein samanheng mellom bustad og kva ein meiner er den beste basen, har altså tilhengarane på begge sider av saka lik tilhørsel til språkbruksarenaen i denne undersøkinga. Det gjer det vanskeleg for språkbrukarane i desse diskusjonane å konstruere den mest sensitive mottakaren som ein mental skapning. I staden må ein vere oppmerksam på ein potensiell konflikt i det førestilte publikumet. Anten ein argumenterer for Andøya eller Evenes, kan den mest sensitive mottakaren vere ein med motsett syn og til stades i debatten. Slik blir det vanskeleg å kjenne igjen fellesskapet rundt eit politisk standpunkt, noko Tagg og Seargeant (2016) peikar på som eit utgangspunkt for CMC. Slike uavklarte allianseforhold blir eit ytterlegare argument for å velje ‘a voice from nowhere’ i samtalane om forsvarspolitikk på «Nordnorsk debatt».

5.2.4 ‘The voice from somewhere’ om distrikt

Debattane på «Nordnorsk debatt» om basen for Noregs maritime overvakingsfly handlar blant anna om arbeidsplassar og vekst eller fall for små lokalsamfunn. Sidan det ligg så mykje distriktpolitikk baka inn i denne forsvarspolitiske saka, skulle ein forvente det same språklege mønsteret i diskusjonane om distriktpolitikk. I staden er det motsett: Samtalane om distriktpolitikk har signifikant fleire ytringar med dialektortografi. Her vel altså språkbrukarane den motsette strategien for å gi seg sjølve og meiningsytringa autoritet, nemleg autensiteten som ligg i ‘a voice from somewhere’. Ideologien bak seier at varieteten som kjem til uttrykk, må vere geografisk eller sosialt forankra, også i bevisstheita til mottakaren. Varietetar utan slike røter manglar autensitet og dermed verdi i identitetsforhandlingar (Woolard 2008:2).

Her er det riktig å minne om prinsippet til Bucholtz og Hall (2005:695) som seier at identitet er fragmentert og at ein går inn og ut av posisjonar: «Because identity is inherently relational, it will always be partial, produced through contextually situated and ideologically informed configurations of self and other». I tråd med dette er det heilt rimeleg å tru at ein og same språkbrukar kan velje ‘a voice form nowhere’ om forsvarspolitikk og ‘a voice from somewhere’ om distriktpolitikk. Poenget er teoretisk avklarande, sjølv om denne undersøkinga rett nok er på gruppenivå. For å undersøke fragmenteringsprinsippet frå Bucholtz og Hall på dette materialet frå «Nordnorsk debatt», kunne det ha vore spennande å følge dei individuelle variasjonane hos ein eller fleire av dei 922 språkbrukarane. Det ligg derimot utanfor rammene for denne undersøkinga.

Eit djupdykk i emna for dei distriktpolitiske samtalane kan vere nyttig for å forstå språkhandlingane. Med unntak av tre høyrer alle ytringane om distriktpolitikk til i samtalar med ein fellesnemnar: Motstand mot statleg vedtatte reformer om strukturen i politietaten, kommunegrenser og nye regionar til erstatning for dei gamle fylka. Av desse peikar særleg regionreforma seg ut som eit viktig emne for diskusjon mellom språkbrukarane i denne undersøkinga. Monka (2019:40) minner om at det kan vere verdifullt å kjenne haldningar på den geografiske staden der ein gjer språklege undersøkingar. For mi undersøking betyr det staden der eg antar dei fleste debattantane på «Nordnorsk debatt» bur, altså dekningsområdet for Nordlys. Her har NRK (2017) avdekkja kva folk i Troms og Finnmark meinte om regionreforma berre få veker før datamaterialet for denne undersøkinga blei produsert. Nesten seks av ti i dette området er negative til vedtaket frå Stortinget om å slå saman dei to fylka.

Den negative haldninga kan for det første ha eit element av den politiske sentrum-periferiaksen, som framleis pregar den norske offentlegheita og relasjonane mellom ulike landsdelar (Mæhlum og Hårstad 2018:271). For det andre kan haldninga handle om identiteten knytt til dagens fylke. Mæhlum og Hårstad (2018:252) seier at det geografiske elementet ser ut til å ha «en særskilt posisjon i vår opplevelse av identitet». Dei legg til at dette kan gjelde både lokale, regionale og nasjonale tilhørsler. I diskusjonen om geografi og identitet peikar dei på at det latinske ordet ‘idem’, som betyr ‘den eller det same’, er det etymologiske opphavet til ordet ‘identitet’. Eit sentralt poeng frå Mæhlum og Hårstad er at ønsket om å skape samanheng med andre ikkje berre er på individnivå:

«Minst like betydningsfullt er den identiteten som forbines med ulike *sosiale grupper* [...] Territorielle enheter som nasjonen eller regionen vil nettopp kunne representer slike forestil fellesskap. Her er det da snakk om en type kollektiv identitet som blir tilskrevet den aktuelle gruppen - dels ved at *andre* mener å kunne identifisere bestemte egenskaper eller karaktertrekk som typiske representanter for denne gruppen, dels ved at gruppen *selv* identifiserer seg som tilhørende et fellesskap med bestemte karakteristiske trekk» (Mæhlum og Hårstad 2018:252-253).

Gruppa i desse diskusjonane har eit fellesskap i motstanden mot sentralstyrte prosessar som hovudsakeleg verkar på lokalt nivå. Undersøkinga frå NRK (2017) avdekkja at befolkninga i Troms og Finnmark ironisk nok er einige om at dei ikkje hører saman. Det er altså ei klart avgrensa einigheit i denne gruppa, som handlar om at dei er så ulike at dei ikkje hører til i den same administrative eininga. Mæhlum og Hårstad omtalar desse språkbrukarane ganske presist:

«Det hersker, og har hersket, en kontinuerlig spenning mellom enhet og mangfold innen det nordnorske – med på én side noen felles historiske erfaringer med en sentralstyrta periferi, og på den andre siden erkjennelsen av mangfold og kontraster, framfor alt på det etniske og kulturelle planet» (Mæhlum og Hårstad 2018:270)».

Den store delen dialektytringar kan altså vere ein strategi frå språkbrukarane for å styrke gruppa og bekrefte sin eigen posisjon i den same gruppa. Chambers (1995:250) seier at det ubevisste, felles motivet for sosiolingvistiske variasjonar er «the profound need for people to show they belong somewhere [...]». Vi er då nær det Mæhlum og Hårstad (2018:265) omtalar som ein ‘identitetsregion’. Til forskjell frå ein funksjonell eller administrativ region er ein identitetsregion eit resultat av spontane prosessar på grasrotplan (Hårstad 2005:95).

Vi kan altså tolke den store delen dialektytringar om distriktpolitikk som bidrag for å konstruere og styrke ein identitetsregion, der motstanden mot sentralstyrte prosessar er ein fellesnemnar og dialektortografi er eit felles uttrykk. Ei slik tolking støttar ein annan tanke frå Mæhlum og Hårstad (2018) når dei diskuterer om globaliseringa har gitt dei geografiske rammene mindre mening når det seinmoderne mennesket konstruerer identiteten sin. Dei meiner at staden tvert imot har fått «økt betydning for det globaliserte mennesket» (Mæhlum

og Hårstad 2018:320). Globaliseringa har rett nok gjort mange sosiale funksjonar mindre avhengige av geografiske rammer. Slik er ikkje lenger lokal identitet sjølvsagd og medfødd, men noko individet no konstruerer. «På denne måten får lokal egenart ny og intensivert betydning i en tilstedeværelse som på mange plan oppleves å mangle faste holdepunkt», seier Mæhlum og Hårstad (2018:322). Dei illustrerer dette poenget med eksempel frå marknadsføring, men det er ein interessant tanke dersom dialektortografiens tolkast som eit språkleg uttrykk for slik ‘relokalisering’ (Mæhlum og Hårstad 2018:324).

Tanken om ein identitetsregion gjer også det førestilte publikumet annleis i dei digitale diskusjonane om distriktpolitikk enn når forsvarspolitikk er tema. Felles reformmotstand i gruppa eller identitetsregionen gjer den mest sensitive mottakaren til ein mindre komplisert mental skapning enn i diskusjonane om forsvarspolitikk. I samtalane om distriktpolitikk risikerer språkbrukaren i langt mindre grad å ha ein meiningsmotstandar med i publikumet sitt. Tvert imot kan ho eller han halde det som truleg at publikumet er einige om å vere ueinige med fleirtalet på Stortinget. Med det som utgangspunkt kan ho eller han, også med språklege verkemiddel, kople sin eigen identitet saman med gruppa i identitetsregionen.

5.3 Piktogram i politisk CMC

15 prosent eller 296 av ytringane frå «Nordnorsk debatt» har ein av dei semiotiske ressursane som er samla i omgrepet piktogram: Dei fleste er emojiar, men i materialet finn vi også nokon emotikon, teikningar, animasjonar eller bilde. Dermed kan vi seie at piktogram er eit vanleg trekk i politisk CMC på «Nordnorsk debatt» i valkampen 2017.

Vi kan tenke oss minst to forklaringar på den nokså høge delen piktogram i materialet. Begge tar utgangspunkt i at «ansikt til ansikt-domenet», eit anna namn Goffman (1983:2) brukar om primærinteraksjonen, ikkje er oppnåeleg på dei digitale språkbruksarenaene. Dermed blir forholdet til publikumet meir komplisert. Marwick og boyd (2011) har vist korleis mottakarane av ytringane i sosiale medium blir mindre konkrete og meir ein mental konstruksjon. Dei to alternative forklaringane representerer to moglege strategiar for å bøte på situasjonen.

Det første alternativet er at piktogramma er verktøy for å gi samtalens tempo. For å diskutere ein slik strategi blir teorien om språkøkonomisering sentral (Androutsopoulos 2011; Christensen, Jensen og Stæhr 2018; Rathje 2018). Det andre alternativet er at denne semiotiske ressursen gir den språklege ytringa høgare presisjon. Her tar diskusjonen utgangspunkt i at

piktogramma formidlar meir enn førelsar, og er ein sentral del av den illokusjonære språkhandlinga (Dresner og Herring 2010).

5.3.1 Piktogram gir samtalen tempo

For å starte diskusjonen om den første strategien skal vi sjå på nokon særtrekk ved ytringane som har eitt eller fleire piktogram. I delkapittel 4.7 viste tabell 13 at ytringane med piktogram er signifikant kortare enn resten av ytringane i materialet. Ei ytring med ein slik semiotisk ressurs har 124 teikn, altså 65 færre enn ytringane frå «Nordnorsk debatt» utan piktogram. Eksempla under gir eit inntrykk av kor lang ei ytring på 124 teikn er.

1. «Ser du for deg at Norge i dag har den samme nytte av innvandring som USA hadde for 100 år siden. Noe kan være forskjellig.»
2. «Tromsø kan jo bygge slott til kongen mens dem venter på Troms banen?? Det er på stormanns galskapen mann skal kjennes igjennom.»

Denne signifikante skilnaden i lengde viser at språkbrukarar som vel å bruke eit piktogram, brukar mindre språk for å skape og formidle mening. I 30 av ytringane i materialet fungerer piktogramma som den einaste semiotiske ressursen. Eksempla under viser korleis piktogramma har erstatta språket fullstendig:

1. «👉👉👉👉»
2. «👎😡»
3. «👏»

I tillegg såg vi i tabell 12 i delkapittel 4.6 at det i gjennomsnitt går 182 minutt etter førre ytring før ein språkbrukar har produsert og publisert ei ytring med piktogram. Sjølv om skilnaden ikkje er signifikant, er det relevant å nemne at dette er 23 minutt raskare enn for ytringane som berre inneheld språk og ikkje piktogram.

5.3.2 Språkøkonomisering og skjermtid

Når vi ser desse korrelasjonane mellom piktogram, tid og lengde på ytringa, er det nærliggande å trekke inn teorien om språkøkonomisering (Androutsopoulos 2011; Christensen, Jensen og Stæhr 2018; Rathje 2018). Med det vi veit om mediebruk i 2019 manglar teorien likevel ei fullgod forklaring på korfor språkbrukaren vil spare tid og korte ned på lengda i ytringane sine. Den gjennomsnittlege nordmannen brukar no 167 minutt på internett dagleg. Det er nesten 50 minutt meir enn for fem år sidan (Statistisk sentralbyrå 2019). Når skjermtid ser ut til å vere alt anna enn ein knapp ressurs, blir det openberre spørsmålet kva som hastar så mykje for språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» at dei brukar eit piktogram for å forkorte ytringa.

5.3.3 *Kopplingstrong*

Ut frå desse tala om medievanane i 2019 blir det interessant å diskutere korfor språkbrukarane kuttar i språket som semiotisk ressurs og heller ytrar seg med ei teikning eller eit bilde. Goffman (1983:3) legg vekt på at tid er ein kritisk faktor for at primærinteraksjonen ikkje skal kollapse:

«For always in the interaction order, the engrossment and involvement of the participant - of only their attention - is critical, and these cognitive states cannot be sustained for extended periods of time or much survive forced lapses and interruption» (Goffman 1983:3).

Goffman (1983) gir oss altså to premiss i diskusjonen. For det første rangerer han den synkrone samtalesituasjonen, altså primærinteraksjonen, som «the premordial real thing» (Goffman 1983:3). For det andre seier han at denne samtalen står og fell på at det ikkje går for lang tid i turvekslinga. Om Goffman har rett i desse premissane, må vi anta at ein språkbrukar jobbar for å komme så nær ein slik samtale som mogleg, også på dei digitale språkbruksarenaene.

Med utgangspunkt i tankane frå Goffman (1983) om primærinteraksjonen vil eg lansere ein teori om at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» viser ‘kopplingstrong’. Det sentrale kjenneteiknet på at ein språkbrukar har kopplingstrong er at han eller ho er sanntidssøkande. Språkbrukaren vil skape den synkrone samtalen att, og brukar semiotiske ressursar for å få det til.

Kopplingstrongen handlar mindre om konstruksjon av identitet og forhandlingar med eit publikum enn dei teoriane vi har brukt i diskusjonane så langt. Snarare handlar teorien om kopplingstrong om at ein språkbrukar vil konstruere ein primær, føretrekt samtalsituasjon, og då nærmast forhandlar om tid. Deumert (2014:12) er inne på det same når ho seier at «[a] sense of shared presence can be brought about, for example, by linguistic means [...].».

Teorien om kopplingstrong baserer seg også på ei anna forståing av mobilitet enn litteraturen vanlegvis gjer når han trekker fram særtrekk i sosiale medium. For eksempel skriv Staude og Marthinsen (2013:64) at «[d]en geografiske avstanden, som begrenser vår ansikt til ansikt-kontakt, blir borte». Sameleis skriv Enjolras mfl. (2013:26) at «[l]iten verden-effekten handler om at det blir kort vei mellom alle som deltar i nettverket». Fokuset ligg altså på at sosiale medium gjer avstand i rom til eit mindre problem for kommunikasjonen. I teorien om kopplingstrong ligg derimot fokuset på kva moglegeheter språkbrukaren i CMC har for å gjere avstanden i tid mindre.

Dei mange piktogramma på «Nordnorsk debatt» kan vi tolke som eit nyttig verktøy for språkbrukarar med kopplingstrong. Dei er då det Hougaard og Balleby (2019:12) kallar for

medialiserte dialogressursar, altså ressursar for at den digitale dialogen kan likne den fysiske samtalens. Inspirert av Goffman (1983) og Hougaard og Balleby (2019) held eg altså fram den sanntidssøkande språkbrukaren med kopplingstrong som ei alternativ forklaring på piktogramma.

5.3.4 Kopplingstrong mot privatpersonar

Teorien til Goffman (1983) om primærinteraksjonen og min eigen teori om kopplingstrongen er også nyttige for å forstå korfor nokon innleiarar ser ut til å starte digitale, politiske samtalar med monaleg fleire piktogram enn andre. I delkapittel 4.5 viser tabell 9 at privatpersonar startar dei diskusjonane som har flest ytringar med piktogram som semiotisk ressurs. Heilt på den andre sida av skalaen finn vi samtalane som er innleia av ein representant frå offentleg sektor. Ingen ytringar i desse diskusjonane inneheld eit piktogram. Bakgrunnen for skilnaden kan vere at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» ikkje forventar eller føretrekker den same samtalesituasjonen i møte med representantar frå offentleg sektor som med privatpersonar.

Primærinteraksjonen (Goffman 1983), der samtalens er synkron og partane er fysisk til stades, er nok språkbrukarane mest vane med i samtalar med privatpersonar. Goffman (1983:3) brukar formuleringar som «one another's immediate presence» og «the sustained, intimate coordination of action» for å beskrive primærinteraksjonen. Dette er neppe ei god skildring av samtalesituasjonen ein er van med i kommunikasjonen med representantar frå offentleg sektor. I dette materialet er det fire samtalar som er innleia av representantar frå offentleg sektor. Innleiarane for desse samtalane er alle toppleiarar i offentlege verksemder og har kjente namn i landsdelen. Det er lite truleg at språkbrukarane verken er vane med, forventar eller for den saks skull føretrekker ein så nær samtalesituasjon med desse. For dei fleste går samtalar med slike debattantar føre seg utanfor «ansikt til ansikt-domenet» Goffman (1983:2).

På denne bakgrunnen er det grunn til å tru at kopplingstrongen verkar sterkare i samtalane som er innleia av privatpersonar og svakare når representantar frå offentleg sektor startar diskusjonen. Piktogramma blir då ein semiotisk ressurs for å korte ned ytringa og tida det tar for å skrive ho, slik at ein ikkje får påtvinga opphold som kan øydeleggje primærinteraksjonen (Goffman 1983:3).

Både responstida i samtalens og lengda på ytringane støttar denne tolkinga. Som vi såg i tabell 10 i delkapittel 4.5, er det privatpersonar som startar dei raskaste samtalane i materialet. Vidare såg vi i tabell 11 at ytringane i desse samtalane var signifikant kortare enn i diskusjonar som

blir starta av andre innleiarar. Sameleis viste tabellane at representantane frå offentleg sektor innleia samtalar med lengre gjennomsnittleg responstid og lengre ytringar.

Samtalar starta av privatpersonar er altså meir synkrone enn dei som er innleia av representantar frå offentleg sektor. Ulik grad av koplingstrong hos språkbrukarane i desse samtalane kan forklare dette, fordi ein er van med eller føretrekker ein meir synkron og nær samtale med privatpersonar enn med representantar frå offentleg sektor.

Denne tolkinga baserer seg på at språkbrukarar har ulike forventningar til samtalesituasjonen etter ulike typar innleiarar. Ei innvending blir då at innleiarane ikkje nødvendigvis er ein samtalepartnar vidare i diskusjonen. Sjølv om det er ein toppleiar frå offentlegheita som startar samtalen, så går samtalen framleis føre seg mellom privatpersonar.

For å møte denne innvendinga støttar eg meg på teoriane frå Marwick og boyd (2011) og Litt (2012) om det førestilte publikumet når eg meiner at desse representantane frå offentlegheita likevel er sterkt til stades i samtalesituasjonen. For det første har dei levert den første og lengste replikken i meiningsutvekslinga. Dermed har dei introdusert tema og fakta som resten av samtalen dreiar seg om. For det andre går samtalen føre seg på ein språkbruksarena med ein kontekstkollaps. Då veit ikkje språkbrukaren kven som les og eventuelt vel å svare på ytringa. Den aktuelle toppleiaren kan potensielt når som helst komme inn i samtalen att, og det tar kanskje språkbrukaren omsyn til. Representanten frå offentleg sektor blir dermed den mest sensitive mottakaren i det førestilte publikumet (Marwick og boyd 2011:125-126). Etter resonnementa frå Litt (2012) blir desse toppleiarane blant dei strukturelle faktorane som er med på å konstruere det førestilte publikumet som ein mental skapning.

5.3.5 Piktogram gir ytringa illokusjonær presisjon

Det førestilte publikumet er sentralt også i den andre moglege forklaringa av at 15 prosent av ytringane i materialet har minst eitt piktogram. På ein digital språkbruksarena som «Nordnorsk debatt» er ikkje samtalepartnarane i «one another's response presence» og kan heller ikkje oppretthalde «the sustained, intimate coordination», som i primærinteraksjonen (Goffman 1983:3).

Då kan det lettare oppstå brot mellom intensjonen i den illokusjonære språkhandlinga og effekten som den same ytringa har som perlokusjonær språkhandling (Austin 1962). Desse to ytringane i materialet frå «Nordnorsk debatt» kan tene som eksempel:

1. «[...] Artig om du hadde en mening om det [...]»
2. «[...] så da stemmer ikke det du skriver [...]»

Begge eksempla kan tolkast som ein invitasjon frå den eine språkbrukaren til den andre om å utdjupe eit resonnement. Det er likevel uråd å vite om mottakaren oppfattar ytringa som ein vennleg invitasjon til vidare samtale eller kjenner seg avslørt som uvitande. Austin (1962:105) kallar dette ein komplikasjon som kan oppstå i forholdet mellom motivet bak og verknaden av ei språkhandling:

«We must always remember the distinction between producing effects or consequences which are intended or unintended; and (i) when the speaker intends to produce an effect it may nevertheless not occur, and (ii) when he does not intend to produce it or intends not to produce it may nevertheless occur».

Austin (1962:106) seier at løysinga på komplikasjonen ligg i «normale lingvistiske verktøy» som språkbrukaren kan bruke for å reservere seg mot misforståingar. Som eksempel på slike verktøy nemner Austin adverb som modererer ytringa. Mellom teorien til Austin og valkampen 2017 ligg det 60 år og ein digital revolusjon som har påverka språkbruksarenaene vesentleg (Hjarvard 2007; Litt 2012; Hougaard og Balleby 2019). Då kan det vere på sin plass å revidere repertoaret av «normale lingvistiske verktøy» (Austin 1962:106), slik Dresner og Herring (2010) gjer.

Piktogramma i CMC kan vere eit verktøy for å klassifisere eller gi riktig styrke til den illokusjonære språkhandlinga. Vi kan igjen sjå på eksempla frå «Nordnorsk debatt», men denne gongen er piktogramma frå originalversjonane med i ytringane:

1. «[...] Artig om du hadde en mening om det 😊»
2. «[...] så da stemmer ikke det du skriver 😞»

I begge eksempla tener piktogramma til å dempe ytringa, og slik gjere det mindre sannsynleg at ho blir oppfatta uvennleg.

Eit djupdykk og finteljing i materialet frå «Nordnorsk debatt» styrkar forklaringa om at piktogramma i materialet blir brukt for å skape slike samsvar mellom intensjonen og effekten, eller illokusjonen og perlokusjonen. Tabell 14 viser resultatet etter at dei 296 ytringane med piktogram er sorterte etter dei tre funksjonane som Dresner og Herring (2010) viser at denne semiotiske ressursen kan ha.

Tabell 14: Piktogramma fordelt etter funksjon

PIKTOGRAM SOM INDIKERER FØLELSAR	PIKTOGRAM SOM INDIKERER ANDRE MEININGAR	PIKTOGRAM SOM INDIKERER ILLOKUSJONÆR KRAFT
25 % (74)	29 % (86)	46 % (136)
N= 296		

Her ser vi at 25 prosent av ytringane har eit piktogram som ein kan seie uttrykker følelsar, og dette blir dermed den minste av dei tre kategoriane. Denne ytringa frå ein av debattane om innvandringspolitikk kan tene som eksempel på eit piktogram med slik funksjon: «[...] de som må på ferie til hjemlandet» (Lie 2011) på emojiar får altså minst støtte i materialet frå «Nordnorsk debatt». Vidare har 29 prosent av ytringane eit piktogram som får fram ei mening eller haldning som ikkje er knytt til følelsar. Den største klassen er ytringane med piktogram som er med på å gi eller presisere den illokusjonære krafta til ytringa. 46 prosent, eller nesten halvparten av ytringane, høyrer til i denne gruppa.

5.3.6 Medialisert digital dialog

Dei to forklaringane på piktogramma utelukkar ikkje kvarandre. Anten vi tolkar piktogramma som et verktøy for å gi samtalen tempo eller for å presisere ytringa, viser sorteringa i tabell 14 for det første at den primære funksjonen til emojiane i CMC neppe er å formidle følelsar. For det andre blir piktogramma eit argument for at Goffman (1983) hadde rett i argumentasjonen om primærinteraksjonen. I så fall kan ein anta at dette også er ein samtalesituasjon som språkbrukarane med ulike verktøy prøver å komme tilbake til. Då er begge dei to forklaringane relevante: I vakuumet etter «ansikt til ansikt-domenet» (Goffman 1983:2) hjelper piktogramma både til å senke responstida og gjere ytringa meir presis. Piktogramma blir dermed eit konkret eksempel på kva som skjer når den digitale dialogen blir medialisert og språkbrukaren tilpassar seg desse vilkåra (Hjarvard 2007:30; Hougaard og Balleby 2019:8).

5.3.7 Presise ytringar om næring

Dresner og Herring (2010) nemner det ikkje eksplisitt, men det er nærliggande å bruke omsynet til det førestilte publikumet (Marwick og boyd 2011) som ei forklaring på det bevisste eller ubevisste behovet for å presisere den illokusjonære krafta i ytringa (Dresner og Herring 2010). Når publikumet på den digitale språkbruksarenaen er ukjent, eller ein kan anta at dei blir meir sensitive, aukar også trøngen hos språkbrukaren til å unngå misforståingar.

I delkapittel 5.1.5 har vi diskutert den låge delen ortografiske avvik i samtalar om finans- og næringspolitikk. Resonnementet var at ein språkbrukar i den sosiale interaksjonismen (Marwick og boyd 2011) vil stå fram som trygg og kompetent i diskusjonane om seriøse tema som desse. Standardisert ortografi kan då vere eit verktøy for å konstruere og halde på ein slik identitet i møtet med det førestilte publikumet. I dette bildet kan vi også plassere funnet frå delkapittel 4.4, der tabell 6 viser at samtalar om næringspolitikk har signifikant færre piktogram enn mange andre samtalar i materialet.

Funksjonen som piktogramma har i desse diskusjonane, gir ytterlegare støtte til den tolkinga at dette er eit tema der språkbrukaren vil vise seg trygg og kompetent. I tabell 14 over er alle ytringane med piktogram sorterte etter dei tre funksjonane som Dresner og Herring (2010) meiner dei kan ha: Uttrykk for følelsar, uttrykk for ei meining eller haldning som ikkje er knytt til følelsar – eller som eit verktøy for å gjere den illokusjonære ytringa meir presis. Når alle dei 296 ytringane med piktogram er med i sorteringa, kjem det fram at piktogramma indikerer følelsar i 25 prosent av tilfella. I 46 prosent av ytringane er piktogramma eit verktøy for at den illokusjonære språkhandlinga skal bli presis. Forholdet mellom desse to funksjonane blir endå sterke når berre dei 17 ytringane om næringspolitikk er med i sorteringa. I berre ei ytring om næringspolitikk indikerer piktogrammet følelsar, mens dei presiserer den illokusjonære krafta i 11 ytringar. Her er det rett nok så små tal at det er uråd å slutte ut ifrå dei. Tendensen kan likevel styrke tolkinga om at språkbrukaren vil uttrykke seg med mindre følelsar og meir presisjon i dei digitale samtalane om næringspolitikk.

Samtalane om finanspolitikk bryt med mønsteret diskutert over, sjølv om dette er eit like seriøst tema som næringspolitikk. Det er fleire ytringar med piktogram i desse samtalane enn i materialet elles, men skilnaden er ikkje signifikant. Ein annan grunn til ikkje å legge stor vekt på dette funnet, er at 80 prosent av ytringane i denne gruppa handlar om korleis skattereglane har ramma finansmannen Stein Erik Hagen. Det er derfor uråd å vite om språkbrukarane vel så mykje diskuterer kjendisen som finanspolitikk.

5.3.7 Kopplingstrongen skil innvandring frå helse og omsorg

Delkapittel 5.1.9 viste at innvandring til liks med helse- og omsorgspolitikk har digitale samtalar med fleire ortografiske avvik, raskare tempo og lengre ytringar enn resten av materialet. Oppsummeringa blei at begge temaa var engasjerande i valkampen 2017, og at dette kjem til syne i kommunikasjonsvariablene i undersøkinga.

Når det gjeld pictogram, skil desse to temaene lag. Debattane om helse- og omsorgspolitikk har ingen ytringar med denne semiotiske ressursen, mens innvandring er det eine av dei to temaene i materialet som har signifikant fleire ytringar med pictogram enn resten av materialet. Ein skilnad mellom desse debattane ligg i kven som er innleiar, og her kan det ligge ei mogleg forklaring.

I delkapittel 5.3.4 har eg argumentert for at kopplingstrøgen hos språkbrukarane er sterkest i dialogen med privatpersonar. Med desse samtalepartnerane er språkbrukarane mest vane med dei samtidige samtalane der begge er fysisk til stades. I samtalar med representantar frå offentleg sektor har derimot ikkje språkbrukarane same erfaring med eller preferanse for primærinteraksjonen (Goffman 1983).

Det er nettopp representantar frå offentleg sektor som har starta debattane der 26 av dei 28 ytringane om helse- og omsorgspolitikk høyrer til. Privatpersonar har derimot ikkje starta nokon samtalar om dette temaet. I samtalane om innvandringspolitikk er det annleis. 30 prosent av dei 932 ytringane om innvandringspolitikk høyrer til i samtalar innleia av privatpersonar.

Dei resterande 70 prosent av ytringane om innvandring står i debattar som er starta av ein redaksjonell medarbeidar. Denne gruppa innleiarar blir sentral i neste delkapittel, som drøftar korfor valanalyse til liks med innvandring har signifikant fleire ytringar med pictogram.

5.3.8 Atterhald i samtale med redaksjonelle medarbeidrar

I debattar om valanalyse i denne studien er det berre ein samtale med til saman sju ytringar som ikkje er starta av redaksjonelle medarbeidrarar. Det gjer det relevant å tolke også desse samtalane med utgangspunkt i teorien om det forestilte publikumet (Mawick og boyd 2011).

Agendasettar er eit anna omgrep vi trygt kan bruke om dei redaksjonelle medarbeidarane. Dei er kommentatorar, redaktørar og andre kjende stemmer i den nordnorske offentlegheita, og dei følger politikken tettare enn folk flest. I kraft av å vere redaksjonelle medarbeidrarar har dei også direkte tilgang på språkbruksarenaen der desse diskusjonane går. Det gir ikkje mening å omtale redaktørar og kommentatorar som ‘sensitive’ mottakarar i det forestilte publikumet (Mawick og boyd 2011). I denne samanhengen vil eg omsetje omgrepet til ‘den potensielt mest kritiske mottakaren’. Ei anna relevant nemning er «identities of expertise». Omgrepet kjem frå Newon (2011), som har analysert CMC på ein ganske annan språkbruksarena enn denne undersøkinga. I rollespelet World of Warcraft finn Newon (2011:133-134) at nokon spelarar og språkbrukarar har «identities of expertise», kjenneteikna av «skill, dedication, and experience».

Tempoet i samtalane på «Nordnorsk debatt» gir også ei viss støtte til denne tolkinga om asymmetri i forholdet mellom dei redaksjonelle medarbeidarane og andre språkbrukarar. Sjølv om funnet ikkje er signifikant, viste tabell 10 i delkapittel 4.5 at ein språkbrukar brukar lengre tid på å produsere og publisere ei ytring i samtalar som redaksjonelle medarbeidarar startar. Det kan tyde på at språkbrukaren held seg litt tilbake i desse samtalane.

Dermed utfordrar denne undersøkinga eit av dogma om sosiale medium, som seier at kommunikasjonen på desse plattformene jamnar ut makt. Gregersen (2018:281) seier at «Autoritet er ikke det samme nu som det var før internettet» fordi «autoritet har det vanskeligere i et rum hvor så meget informasjon står til rådighed for den enkelte». Staude og Marthinsen (2013) går endå lengre og nemner likeverd som eit av fem sentrale trekk ved sosial mediekommunikasjon. Denne studien frå «Nordnorsk debatt» antydar derimot at makta mellom media og meinigmann framleis ikkje er jamna ut i sosiale medium.

I tillegg til dette asymmetriske maktforholdet mellom språkbrukarane og innleiarane kan valanalyse seiast å vere eit komplisert tema med mykje uvisse. På det tidspunktet samtalane går føre seg, ligg valresultatet fram i tid, og diskusjonane blir i stor grad spådomar. Til skilnad frå den munnlege samtalens ligg dei digitale spora av valanalysen tilgjengeleg for all ettertid. Slik løper språkbrukaren ein risiko for å bli avslørt som uvitande når fasiten kjem på valdagen. Samtalane om valanalyse kombinerer altså innleiarar med makt og eit tema med uvisse. Denne kombinasjonen kan gi språkbrukaren behov for å reservere seg i diskusjonane om valanalyse, og kommunikasjonen ber preg av slik atterhald.

Den eine måten språkbrukaren tilpassar seg, ser ut til å vere at dei ikkje vil seie for mykje. I delkapittel 4.2 viste tabell 4 at lengda på ytringane om valanalyse ligg på gjennomsnittet for heile materialet. Ei tolking av piktogramma i ytringane om valanalyse kan derfor vere at dei indekserer atterhald i desse samtalane. I så fall er dei eit verktøy i språkokonomisering (Androutsopoulos 2011), motivert av å ikkje seie for mykje om eit komplisert tema med eit potensielt kritisk publikum. Ein annan fordel med piktogramma er at dei ikkje uttrykker ei like presis mening som språk som semiotisk ressurs. I diskusjonar om eit tema med mykje uvisse, som valanalyse, kan derfor mindre språk og meir teikning vere ein fordel.

Det ser nemleg ikkje ut som hastverk, eller det eg har kalla kopplingstrongen, er formålet med å bruke eit piktogram i ytringar om valanalyse. Tabell 3 i delkapittel 4.2 viste at det tar signifikant lengre tid før ein språkbrukar har produsert og publisert ei ytring om valanalyse enn om andre tema, sjølv om desse ytringane altså ikkje er spesielt lange.

Ei oppsummering av diskusjonen kan vere at debattane om valanalyse innleia av redaksjonelle medarbeidarar viser korleis posisjoneringsprinsippet og relasjonsprinsippet (Bucholtz og Hall 2005) kan verke i politisk CMC. Språkbrukarane posisjonerer seg i høve til redaksjonelle medarbeidarar blant anna ved hjelp av pictogram. Motivet kan vere å uttrykkje seg på ein måte som ikkje skil seg for mykje frå dei redaksjonelle medarbeidarane, men heller minimerer risikoen for å ta feil når valresultatet blir klart.

Som Bucholtz og Hall (2005:591) presiserer, kan denne posisjoneringa sjå annleis ut i samtalar om eit anna tema med mindre uvisse. Dette illustrerer kor komplekse diskusjonane mellom språk og identitet kan bli. Etter dette djupdykket i funn frå «Nordnorsk debatt» og teoriar som kan forklare dei, tar derfor neste kapittel oss til overflata og samanfattar diskusjonane.

6 Oppsummering og avslutning

Dette prosjektet har undersøkt 1949 ytringar frå Facebook-sida «Nordnorsk debatt» for å seie noko om kva som kjenneteiknar CMC når vi diskuterer politikk. Eit overordna funn er at norma for språket i dei digitale, politiske samtalane ser ut til å vere vid. Berre 25 prosent av ytringane i materialet har språk som er heilt i tråd med ein av dei to norske rettskrivingsnormalane. 75 prosent av ytringane har minst eit av dei tre trekka som denne undersøkinga har leitt etter: Ortografiske avvik, dialektinnslag og pictogram.

Av desse tre trekka er dei ortografiske avvika klart vanlegast. 54 prosent av ytringane i materialet bryt med rettskrivingsnormalane ved å korte ned på orda eller ved å bruke teikn eller bokstavar på ein ukonvensjonell måte. Dette høge talet og dei mange eksempla bak kan for det første gi CMC ein ny posisjon på skalaen for ortografiske regime. 12 år etter at Sebba (2007:44) plasserte CMC saman med litteratur som «bend the normal rules» bør politisk CMC klassifiserast som eit endå meir uregulert ortografisk regime. For det andre viser kanskje den store andelen ortografiske avvik kva som skjer med språket når det blir medialisert (Hougaard og Balleby 2019), altså påverka av dei tekniske tilhøva på den digitale plattforma som ytringane blir formidla på.

For å forstå heile bildet blir teoriane om mediering, medialisering og medialektale trekk (Hougaard og Balleby 2019) supplert av ein ny teori om arenakollaps. Arenakollaps oppstår i dei raske skifta mellom ulike språkbruksarenaer på same digitale verktøy, men der språkbrukaren ikkje reflekterer over vekslingane. Det er lett å sjå at teorien om arenakollaps supplerer teorien til Marwick og boyd (2011) om kontekstkollaps, utan at dei overlappar. Mens kontekstkollaps beskriv ein prosess *innanfor* ein språkbruksarena, seier arenakollaps noko om kva som skjer i vekslinga *mellan* arenaene.

Om norma for politisk CMC er så vid som denne undersøkinga antydar, bør det få konsekvensar for synet på samfunnsdebatten og dei som deltar i han. Ein kan altså ikkje forvente standardisert ortografi i politiske debattar på digitale flater. Då bør ein språkbrukar som deltar, heller ikkje bli møtt med den type språkideologi som blant andre Jaffe og Walton (2000) har avdekkta. Deltakarane i studien deira slutta at det stod ein språkbrukar med låg utdanning bak ein tekst med ortografiske avvik. Det er grunn til uro om norske politikarar, journalistar og andre politiske agendasettarar devaluerer deltakarane på ein digital språkbruksarena ut frå den språklege åtferda deira, all den tid åtferda ganske enkelt er i tråd med norma for arenaen.

Med stor talemålsvariasjon og to skriftnormalar har vi god tradisjon og aksept for språkleg mangfald i Noreg. Forhåpentleg kan resultata frå denne undersøkinga bidra til å normalisere synet på det varierte språket i politisk CMC. Slik kan debatten på dei digitale og analoge plattformene bli vurdert og lytta til på like fot, også om ytringane i CMC manglar punktum, har mange store bokstavar eller fleire utropsteikn.

Ei anna positiv forventing vi kan ha etter denne undersøkinga, er at toleransen for talemålsvariasjon blir meir enn språkhistorie. Når 7 prosent av ytringane i materialet har eitt eller fleire dialekttrekk, kan det gi gode framtidsvilkår for dialektane på både analoge og digitale språkbruksarenaer (Monka 2018:56). For å spå meir nøyaktig om dette trengst det undersøkingar som blant anna viser forholdet mellom dialekt og standardspråk innanfor ei ytring, og om norske språkbrukarar brukar dialekt i visse språklege element. Det kan vise i kva grad språkbrukarar gjennomfører dialektskrivinga i sosiale medium, eit spørsmål som blant andre Vangsnæs (2019) etterlyser svar på: «Så langt er det få eller ingen grundige kvalitative undersøkingar av korleis dialektskriving faktisk ser ut, og korleis det varierer». Heller ikkje denne undersøkinga oppfyller dette ønsket, som i staden blir eit av forslaga til vidare forsking.

Like viktig som mengda avvik er funksjonen dei ser ut til å ha på «Nordnorsk debatt». Ein detaljstudie i dei ortografiske avvika tyder på at dei blir mykje brukt for å dempe prosodien i ytringa. Det kan sjå ut som at språkbrukarane først og fremst brukar dei ortografiske avvika som eit språkleg verkemiddel for å vise seg som ein roleg debattant som er open for både førre og neste talar. Ein liknande funksjon kan mange av pictogramma i materialet ha. Desse små teikningane kan vere eit verktøy for å presisere, klassifisere eller gi riktig styrke til den illokusjonære språkhandlinga. Effekten er ofte at ytringa blir oppfatta meir dempa eller vennleg.

I samtalar om seriøse tema som finans- og næringspolitikk kan det sjå ut som at debattantane ikkje berre vil vere rolege, men også trygge og kompetente. Det kan vere forklaringa på at språkbrukarane på «Nordnorsk debatt» brukar færre ortografiske avvik og pictogram om desse to temaa.

Eit liknande motiv i identitetsforhandlingane kan ligge bak den låge delen ortografiske avvik også om samepolitikk. Ein måte å sjå dette resultatet på er at språkbrukarane i respekt for denne betente saka vel det mest nøytrale skriftspråket dei kjenner. Det er ei tolking som baserer seg på teorien frå Marwick og boyd (2011) om at språkbrukarar i sosiale medium tilpassar seg den mest sensitive mottakaren i det førestilte publikumet. Denne teorien har vist seg å ha stor relevans for å forstå fleire av resultata i undersøkinga.

Undersøkinga gir altså ikkje Bondevik (2019) rett i at ei ytring på Facebook er «noen raske ord og et klick, vippes, så er det sendt, ofte uten å tenke seg mye om», at aggressivitet er standarden og at språkbrukarane «bare kan "lire" av seg noe». Forhåpentleg kan denne undersøkinga dempe noko av den kriseforståinga som pregar ordskiftet rundt politiske debatt på Facebook, som Bondevik berre er ein av fleire talsmenn for.

Sjølv ikkje dei mange ortografiske avvika og piktogramma i debattane om innvandring treng bekrefte dommen frå Bondevik (2019) om «språkleg forfall», «søppel» og «trussel mot demokratiet». Desse ytringane er også signifikant lengre enn ytringane om andre tema. Når temaet er innvandring, brukar språkbrukarane signifikant i tillegg kortare tid etter førre ytring før dei har produsert og publisert si eiga. Alle desse trekka kan uttrykke eit engasjement der ein med språklege og semiotiske verkemiddel jobbar seg så nær den synkrone og nærværande kommunikasjonssituasjonen som mogleg. Slike motiv representerer ikkje nødvendigvis den aggressiviteten og trusselen mot demokratiet som Bondevik (2019) åtvarar mot.

Meir alvorleg er den andre tolkinga av den låge delen ortografiske avvik i diskusjonane om samepolitikk. Desse språkhandlingane kan også indeksere at ein vil vere lojal til eller favorisere det norske språket framfor det samiske. I så fall brukar debattantane dette språktrekket for å styrke hegemoniet til norsk over samisk.

Ei slik konfliktorientert gruppetenking kan ligge bak også den høge delen dialektytringar om distriktpolitikk i materialet. Dette språktrekket kan komme frå ei gruppe som opplever og uttrykker motstand mot avgjerder frå nasjonale politikarar. I så fall er det den politiske sentrum-periferi-aksen som får eit språkleg uttrykk i form av ‘a voice from somewhere’ (Woolard 2008) på «Nordnorsk debatt».

På den andre sida har debattane om forsvars politikk få dialektale innslag. Ein slik ‘voice from nowhere’ kan for det første indeksere kompetanse i ein så kompleks sak som Forsvaret i nord. For det andre kan den låge delen dialektinnslag vere eit uttrykk for at språkbrukarane er usikre på den mest sensitive mottakaren i det førestilte publikumet for debatten (Marwick og boyd 2011). Den store konflikten i materialet er om dei maritime overvakingsflya bør ligge på Andenes eller Evenes, og representantar frå begge sider av striden er nok representerte som lesarar og potensielle motdebattantar på «Nordnorsk debatt».

Eit anna punkt til ettertanke er korleis språkbrukarane i undersøkinga ser ut til å opptre ulikt i samtalar alt etter kven som startar dei. Når privatpersonar startar dei digitale, politiske

samtalane, får diskusjonen blant anna signifikant fleire ytringar med pictogram enn dei som blir innleia av andre. I desse samtalane brukar språkbrukarane også signifikant kortare tid etter førre ytring før dei har produsert og publisert si eiga. Forklaringa kan vere at språkbrukarane er vane med eller føretrekker ein meir synkron og nær samtale med privatpersonar. Ein slik samtalesituasjon var av Goffman (1983) kalla primærinteraksjonen, og han meiner alle andre språkbruksarenaer er reduserte versjonar av denne. Eg har i dette arbeidet introdusert teorien om kopplingstrong for å vise korleis den sanntidssøkande språkbrukaren kommuniserer for å komme så nær som mogleg til primærinteraksjonen i samtalar med privatpersonar.

I samtalar som er innleia av redaksjonelle medarbeidarar, ser det derimot ut som om kopplingstrongen er svakare, og samtalen er heller prega av etterhald. Dette kan vere eit uttrykk for eit asymmetrisk forhold mellom kommentatorar, leiarar og journalistar på den eine sida av samfunnsdebatten og andre språkbrukarar på den andre. Dette er det nærmaste undersøkinga kjem det demokratiske problemet som Bondevik (2019) er uroa for etter å ha følgt den offentlege debatten på Facebook.

6.1 Vidare forsking

Funna og diskusjonane i dette arbeidet har vist kor komplekse samanhengane mellom språk, identitet og politikk kan vere. I fleire av analysane er den politiske konteksten ein sentral del av forklaringa, og denne konteksten vil sjå annleis ut på ei anna tid med andre kampsaker. For eksempel vil kanskje ikkje distriktpolitiske debattar vere like prega av dialekt på «Nordnorsk debatt» i ein valkamp der grensene mellom nordnorske fylke og kommunar er meir avklarte.

Det er likevel fleire potensielle forskingsprosjekt som kan svare ytterlegare på spørsmålet som var utgangspunktet for dette arbeidet: *Kva kjenneteiknar språket i politiske debattar i sosiale medium?* Vangsnæs (2019) etterlyser som nemnt grundige kvalitative undersøkingar av korleis dialektskriving ser ut og varierer. To andre prosjekt peikar seg ut etter diskusjonane i dette arbeidet.

Det første prosjektet er ein internasjonal, komparativ studie som testar teorien om at språkhistoria i Noreg har skapt ein toleranse for dialekt også i CMC. Facebook er ein internasjonal språkbruksarena, der nokon politiske tema blir debattert samtidig i fleire land. Berekraft er kanskje det klaraste eksemplet på eit slikt tema akkurat no. Dermed er det mogleg å gjennomføre ein komparativ studie der temaet og språkbruksarenaen er lik, men språkhistoria og språkstoda varierer.

Det andre potensielle prosjektet kan jobbe vidare med teorien om kopplingstrong, for å sjå kva som kan styrke eller svekke denne. I teorien gir eg Goffman (1983) rett i at primærinteraksjonen med fysisk nærvær og ein nokså synkron samtale er den opphavelege kommunikasjonsforma. Derfor seier eg at språkbrukarar på digitale flater er sanntidssøkande og brukar språklege og semiotiske ressursar for å komme så nær primærinteraksjonen som mogleg. Det vil vere interessant å sjå korleis denne teorien står seg testa mot eit materiale frå ein annan digital språkbruksarena, for eksempel Snapchat eller Twitter.

I tillegg er datamaterialet for denne undersøkinga systematisert og koda på ein måte som gjer det tilgjengeleg for vidare forsking, sjølv sagt etter avklaring med Personvernombudet for forskning (NSD). Det er altså fullt mogleg å komme nærmare svaret på kva som er «en helt ordinær spissformulert Facebook-melding», for å bruke orda frå dei to topp-politikarane som fekk innleie dette arbeidet.

Litteratur og andre kjelder

- amedia [u.å.]: <https://www.amedia.no/virksomheten/vare-mediehus/Nordlys> [Lesedato 05.09.2019].
- Androutsopoulos, Jannis (2000): «Non-standard spellings in media texts: the case of German fanzies». *Journal of Sociolinguistics* 4 (4): 514-533. <doi.org/10.1111/1467-9481.00128>
- Androutsopoulos, Jannis (2011): «Language change and digital media: a review of conceptions and evidence». I: Coupland, Niklas og Tore Kristiansen (red.): *Standard Languages and Language Standards in a Changing Europe*. Oslo: Novus Press.
- Androutsopoulos, Jannis (2013): «Online Data Collection». I: Mallinson, Christine, Becky Childs og Gerard Van Herk (red.): *Data Collection in Sociolinguistics. Methods and Applications*. New York: Routledge.
- Austin, John L. (1962): *How to do things with words*. Cambridge: Harvard University Press.
- Bakkevoll, Geir (2017): *Søringkuka og forbanna mannskit*. [Upublisert] semesteroppgåve. Tromsø: UiT Norges arktiske universitet, fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning.
- Barton, David og Carmen Lee (2013): *Language online. Investigating Digital Texts and Practices*. New York: Routledge.
- Bihl, Bjørn og Camilla Grönvall (2017): «Dialektala uppdateringar på Facebook». I: Östman, Jan-Ola, Caroline Sandström, Pamela Gustavsson og Lisa Södergård (red.): *Ideologi, identitet, intervention: Nordisk dialektologi 10*. Helsingfors: Helsingfors universitet, Nordica vid Finska, finskugriska och nordiska institutionen: 133-147. <http://hdl.handle.net/10138/224299>
- Bolander, Brook og Miriam A. Locher (2014): «Doing sociolinguistic research on computer-mediated data: A review of four methodological issues». *Discourse, Context and Media* 3: 14-26. <doi.org/10.1016/j.dcm.2013.10.004>
- Bondevik, Kjell Magne (2019): «Språklig søppel er en trussel mot demokratiet». *Aftenposten* nettutgåve, 09.10.2019. <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/y3y8nE/spraaklig-soeppel-er-en-trussel-mot-demokratiet-kjell-magne-bondevik> [Lesedato 09.10.2019].
- Bucher, Taina (2012): «Want to Be on the Top? Algorithmic Power and the Threat of Invisibility on Facebook». *New Media & Society* 14 (7): 1164-1180. <doi.org/10.1177/1461444812440159>
- Bucholtz, Mary og Kira Hall (2005): «Identity and interaction: a sociocultural linguistic approach». *Discourse Studies* 7 (4-5): 585-614. <doi.org/10.1177/1461445605054407>
- Chambers, Jack (1995): *Sociolinguistic Theory*. Oxford: Blackwell.
- Christensen, Tanya Karoli, Torben Juel Jensen og Andreas Candefors Stæhr (2018): «Funktionel grammatik – Grammatik i de sociale medier». I: Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (red.): *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange*. Samfundslitteratur.
- Dagbladet, 08.12.2014: «Susanne Kaluza (33) kjempet i ni måneder – mens hun var gravid – mot regjeringens reservasjonssak. Og vant». <https://www.dagbladet.no/kultur/susanne-kaluza-33-kjempet-i-ni-maneder---mens-hun-var-gravid---mot-regjeringens-reservasjonssak-og-vant/60893624> [Lesedato 01.09.2018].
- Dagbladet, 21.11.2016: «Kristoffer Joner i strupen på Sylvi Listhaug: – Ganske kvalmende». <https://www.dagbladet.no/nyheter/kristoffer-joner-i-strupen-pa-sylvi-listhaug---ganske-kvalmende/65365566> [Lesedato 01.09.2018].
- Dagsavisen, 01.11.2017: «Kampen om Andøya». <https://www.dagsavisen.no/innenriks/kampen-om-andoya-1.1048816> [Lesedato 23. desember 2017].
- Deumert, Ana (2014): *Sociolinguistics and Mobile Communication*. Edinburgh: Edinburgh University Press.

Dresner, Eli og Susan C. Herring (2010): «Functions of the Nonverbal in CMC: Emoticons and Illocutionary Force». *Communication Theory* 20 (3): 249-268. doi.org/10.1111/j.1468-2885.2010.01362.x

Eckert, Penelope (2012) «Three Waves of Variation Study: The Emergence of Meaning in the Study of Sociolinguistic Variation». *Annual Review of Anthropology* 41: 87-100. doi.org/10.1146/annurev-anthro-092611-145828

Eckert, Penelope (2013): «Ethics in linguistic research». I: Podesva, Robert J. og Devyani Sharma (red.): *Research Methods in Linguistics*. New York: Cambridge University Press. doi.org/10.1017/CBO9781139013734.003

Enjolras, Bernard, Rune Karlsen, Kari Steen-Johnsen og Dag Wollebæk (2013): *Liker, liker ikke. #sosiale medier, samfunnsengasjement og offentlighet*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Evjen, Liv Ragnhild (2011): *æ sitt med klump i halsen når æ skriv det hær. Dialekt i skriftspråket i debattforum knytt til tre norske nettavisar*. Mastergradsoppgåve i nordisk språk. Tromsø: Universitetet i Tromsø, fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning. <https://hdl.handle.net/10037/4067>

Garret, Peter (2010): *Attitudes to language*. Cambridge: Cambridge University Press.

Goffmann, Erving (1983): «The Interaction Order: American Sociological Association, 1982 Presidential Address». *American Sociological Review* 48 (1): 1-17. doi.org/10.2307/2095141

Gregersen, Frans (2018): «Verden har forandret sig – De sociale medier og sproget». I: Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (red.): *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange*. Samfunds litteratur.

Hagen, Carl I. (2018): «Grovt, Hanne Skartveit!». *VG*, 03.04.2018:33.

Häkkinen, Kaisa (1990): *Mistä sanat tulevat : suomalaista etymologiaa*. Helsinki: Suomalaisen kirjallisuuden seura.

Heli, Siri Sølberg (2011): *Jæi, je eller æ - holdninger til standardspråk og dialekt i NRK*. Mastergradsoppgåve i nordisk språk. Oslo: Universitetet i Oslo, institutt for lingvistiske og nordiske studier. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-30698>

Hellevik, Ottar (1999): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hern, Alex (2015): «Don't know the difference between emoji and emoticons? Let me explain». *The Guardian*, nettutgåve, 06.02.2015. <https://www.theguardian.com/technology/2015/feb/06/difference-between-emoji-and-emoticons-explained> [Lesedato 02.07.2019].

Hjarvard, Stig (2007): «Sprogets medialisering» *Språk i Norden 2007 Mediespråk*: 29-45.

Hole, Svein-Erik (2018): «Skal vi slutte å dele saker på Facebook nå?». *Digi.no*, 12.01.2018. <https://www.digi.no/artikler/kommentar-skal-vi-slutte-a-dele-saker-pa-facebook-na/416889> [Lesedato 28.01.2018].

Holme, Idar Magne og Bernt Krohn Solvang (1996): *Metodevalg og metodebruk*. Oslo: Tano Aschehoug.

Hornæs, Hans Petter (2003): *Hypotesetesting for mastergradsstudium i informasjonssikkerhet*. Gjøvik: Høgskolen i Gjøvik. <http://www.ansatt.hig.no/hansh/Portefolio/Stat/StatDS.pdf> [Lesedato 13.05.2019].

Hougaard, Tina Thode og Lasse Balleby (2019): «Medialetale træk i digitale dialoger». *Språk i Norden 2019 Tema: Språket i sociala medier*: 7-23. <https://tidsskrift.dk/sin/issue/view/8308/831>

Hårstad, Stian (2005): «Den problematiske regionaliseringen». *Målstryting* 7: 89-107. doi.org/10.7557/malbr.2005.7

Hårstad, Stian, Terje Lohndal og Brit Mæhlum (2017): *Innganger til språkvitenskap. Teori, metode og faghistorie*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Ipsos (2019): *Ipsos SoMe-tracker Q2'19*. <https://www.ipsos.com/nb-no/ipsos-some-tracker-q219> [Lesedato 18.10.2019].

Irvine, Judith T. og Susan Gal (2000): «Language Ideology and Linguistic Differentiation». I: Paul V. Kroslkrity (red.): *Regimes of Language: Ideologies, politics, and identities*. Santa Fe: School of American Research Press.

iTromsø 31.05.2017: «Nå stenger kommunen døra for private aktører i omsorgssektoren». <https://www.itromso.no/nyheter/2017/05/31/N%C3%A5-stenger-kommunen-d%C3%B8ra-for-private-akt%C3%B8rer-i-omsorgssektoren-14807650.ece> [Lesedato 08.10.2019].

Jacobsen, Dag Ingvar (2005): *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Jaffe, Alexandra og Shana Walton (2002): «The voices people read: Orthography and the representation of non-standard speech». *Journal of Sociolinguistics* 4 (4): 561-587. doi.org/10.1111/1467-9481.00130

Jahr, Ernst Håkon og Olav Skare (1996): *Nordnorske dialektar*. Oslo: Novus forlag.

Kloss, Heinz (1967): «'Abstand Languages' and 'Ausbau Languages'». *Anthropological Linguistics* 9 (7): 29-41. <https://www.jstor.org/stable/30029461>

Knutsen, Tove K. (2018): «Pinlig, Carl I. Hagen!». *VG*, 05.04.2018:33.

Kristiansen, Tore (2018): «Sociodialectology». I: Boberg, Charles, John Nerbonne og Dominic Watt (red.): *The Handbook of Dialectology*. Hoboken: John Wiley & Sons, Inc.

Lande, Thor Magnus (2017): *My kjedelige grena i ol ass. Stilistisk variasjon i en gruppechat på Facebook*. Masteroppgåve i nordisk språk ved lektorutdanninga. Tromsø: UiT Norges arktiske universitet, fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning. <https://hdl.handle.net/10037/11323>

Lie, Svein (2011). *Det digitale språket*. Oslo: Ling forlag.

Lindlof, Thomas og Bryan C. Taylor (2017): *Qualitative Communication Research Methods*. London: Sage Publishing.

Litt, Eden (2012): «Knock, Knock. Who's there? The Imagined Audience». *Journal of Broadcasting & Electronic Media* 56 (3): 330-345. doi.org/10.1080/08838151.2012.705195

Marwick, Alice E. og danah boyd (2011): «I Tweet Honestly, I Tweet Passionately: Twitter Users, Context Collapse, and the Imagined Audience». *New Media and Society* 13(1): 113–133. doi.org/10.1177/1461444810365313

Milner, Ryan M. (2011): «The Study of Cultures Online: Some Methodological and Ethical Tensions». *Graduate Journal of Social Science* 8 (3): 14-35. http://gjss.org/sites/default/files/issues/Journal-08-03_Full-Issue.pdf

Monka, Malene (2018): «Sociolinguistik – Dialektbruk på tværs af online- og offlinekontekster». I: Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (red.): *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange*. Samfunds litteratur.

Mortensen, Kristine Køhler (2018): «Multimodalitet – Venskaber på tværs af billeder og tekst». I: Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (red.): *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange*. Samfunds litteratur.

Moyer, Melissa G. (2008): «Research as Practice: Linking Theory, Method and Data». I: Wei, Li og Melissa G. Moyer (red.): *The Blackwell Guide to Research Methods in Bilingualism and Multilingualism*. Oxford: Blackwell Publishing Ltd.

Mæhlum, Brit 2009: «Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål». *Norsk lingvistisk tidsskrift* 27 (1): 7-26. http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf

Mæhlum, Brit og Stian Hårstad (2018): «Nasjonale og regionale identiteter». I: Bull, Tove (red.): *Norsk språkhistorie III. Ideologi*. Oslo: Novus forlag.

Mållova (1980): *Lov 4. november 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste*.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5>

NESH Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (2014): *Etske retningslinjer for forskning på Internett*. <https://www.etikkom.no/globalassets/documents/publikasjoner-som-pdf/forskingsetiske-retningslinjer-for-forskning-pa-internett.pdf> [Lesedato 28.01.2018].

NESH Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (2019): *Forskningsetisk veileder for internettforskning*. <https://www.etikkom.no/globalassets/documents/publikasjoner-som-pdf/forskingsetisk-veileder-for-internettforskning/forskningsetisk-veileder-for-internettforskning-interaktiv.pdf> [Lesedato 01.10.2019].

Newon, Lisa (2011): «Multimodal Creativity and Identities of Expertise in the Digital Ecology of a World of Warcraft Guild». I: Thurlow, Crispin og Kristine Mroczek (red.): *Digital Discourse. Language in the New Media*. Oxford: Oxford University Press.

NRK (2007): *Språkreglar (nynorsk)*. <https://sprak.nrk.no/rettleiing/nynorsk/> [Lesedato 13. mars 2019].

NRK, 21.07.2017: «Stor motstand mot felles fylke lengst nord». <https://www.nrk.no/troms/stor-motstand-mot-felles-fylke-lengst-nord-1.13610619> [Lesedato 20. august 2019].

Omdal, Helge og Lars Vikør (2002): *Språknormer i Norge: Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. Oslo: Cappelen Akademisk.

Opplæringslova (1998): *Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den videregående opplæringa*.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Preston, Dennis R. (1982): «'Ritin' Fowllower Daun 'Rong: Folklorists' Failures in Phonology». *The Journal of American Folklore* 95 (377): 304-326. doi.org/10.2307/539912

Preston, Dennis R. (1985): «The Li'l Abner Syndrome: Written Representations of Speech». *American Speech* 60 (4): 328-336. <https://www.jstor.org/stable/454910>

Rathje, Marianne (2018): «Genre- og kontekstanalyse – Verbale kortformer i unges digitale tekster og skoletekster». I: Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (red.): *Sociale medier og sprogs Analytiske tilgange*. Samfundslitteratur.

Røyneland, Unn (2017): «Hva skal til for å høres ut som du hører til? Forestilling om dialektale identiteter i det senmoderne Norge». I: Östman, Jan-Ola, Caroline Sandström, Pamela Gustavsson og Lisa Södergård (red.): *Ideologi, identitet, intervention: Nordisk dialektologi 10*. Helsingfors: Helsingfors universitet, Nordica vid Finska, finskugriska och nordiska institutionen: 91-111. <http://hdl.handle.net/10138/224299>

Sandøy, Helge (1996): *Talemål*. Oslo: Novus forlag.

Searle, John R. (1973): «Austin on Locutionary and Illlocutionary Acts». I: Berlin, Sir Isaiah mfl.: *Essays on J.L Austin*. Oxford: Oxford University Press.

Sebba, Mark (2007): *Spelling and Society*. Cambridge: Cambridge University Press.

Shoemark, Philippa mfl. (2017): «Aye or naw, whit dae ye hink? Scottish independence and linguistic identity on social media». *Proceedings of the 15th Conference of the European Chapter of the Association for Computational Linguistics*. 1: 1239-1248. doi.org/10.18653/v1/e17-1116

Silverstein, Michael (2003): «Indexical order and the dialectics of sociolinguistic life». *Language & Communication* 23 (3-4): 193-229. [doi.org/10.1016/S0271-5309\(03\)00013-2](https://doi.org/10.1016/S0271-5309(03)00013-2)

Skovholt, Karianne (2009): «Smilefjes i e-post – på trynet?». *Språknytt* 37 (4): 23-24.
<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Språknytt/Arkivet/Språknytt-2009/Språknytt-42009/Smilefjes-i-e-post--helt-pa-trynet/> [Lesedato 27.10.2019]

Språkrådet (2009): *Notat fra Lars Anders Kulbrandstad. Holdninger til dialekt og aksentpreget norsk*.
<https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/notat-om-nrk-undersokelse.pdf> [Lesedato 17. august 2019].

Stanghelle, Harald (2019): «Det sutres ikke i Nord-Norge!». *Aftenposten*, nettutgåve, 24.07.2019.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kommentar/i/awq45O/Det-sutres-ikke-i-Nord-Norge--Harald-Stanghelle> [Lesedato 25.07.2019].

Statistisk sentralbyrå (2017): Drøyt 1 av 4 tenkte på innvandring da de stemte. <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/droyst-1-av-4-tenkte-pa-innvandring-da-de-stemte> [Lesedato 08.10.2019].

Statistisk sentralbyrå (2019): *Norsk mediebarometer 2018*. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/_attachment/384577?_ts=16a92faad18

Staude, Cecile og Svein Tore Martinsen (2013): *Sosial kommunikasjon. Personlig – Samtale – Verdi*. Oslo: Kommuneforlaget.

Stæhr, Andreas Candefors (2014): *Social media and everyday language use among Copenhagen youth*. København: Københavns universitet, Det Humanistiske Fakultet.

Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (2018): «Introduktion – Sprog og sociale medier». I: Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (red.): *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange*. Samfundslitteratur.

Stæhr, Andreas Candefors (2018): «Sproglig etnografi – Sociale medier og kommunikativ refleksivitet». I: Stæhr, Andreas Candefors og Kristine Køhler Mortensen (red.): *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange*. Samfundslitteratur.

Svennevig, Jan (2012). *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Oslo: Cappelen Damm AS.

Tagg, Caroline og Philip Seager (2016): «Facebook and the discursive construction of the social network». I: Georgakopoulou, Alexandra og Tereza Spilioti (red.): *The Routledge Handbook of Language and Digital Communication*. London: Routledge.

Tatman, Rachael (2015): «#go awn. Sociophonetic variation in variant spellings on Twitter». *Proceedings of the 31st annual NorthWest Linguistics Conference* 25 (2): 97 - 108.

Trechter, Sara (2013): «Social Ethics for Sociolinguistics». I: Mallinson, Christine, Becky Childs og Gerard Van Herk (red.): *Data Collection in Sociolinguistics. Methods and Applications*. New York: Routledge.

Valgloven (2002): *Lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer (valgloven)*.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>

Vangnes, Øystein (2013): «Dialekt i sosiale medium – det norske perspektivet». *Språk i Norden 2019 Tema: Språket i sociala medier*: 94-109. <https://tidsskrift.dk/sin/issue/view/8308/831>

Vangnes, Øystein (2013): *Språkleg toleranse i Noreg - Norge, for faen!* Oslo: Samlaget.

VG 12.09.2017: «Nord-Norge snudde ryggen til Arbeiderpartiet»
<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/AojeM/nord-norge-snudde-ryggen-til-arbeiderpartiet> [Lesedato 30.09.2019].

Vikør, Lars (2007): *Språkplanlegging: Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus forlag.

Vikør, Lars (2018): «Standardspråk og normering». I: Bull, Tove (red.): *Norsk språkhistorie III. Ideologi*. Oslo: Novus forlag.

Williams, Raymond (2006): «Base and Superstructure in Marxist Cultural Theory». I: Durham, Meenakshi Gigi og Douglas M. Kellner (red.): *Media and cultural studies*. Blackwell Publishing.

Woolard, Kathryn A. (2005): «Language and Identity Choice in Catalonia: The Interplay of Contrasting Ideologies of Linguistic Authority». *Workshop on Language Ideology and Change in Multilingual Communities*. <https://escholarship.org/uc/item/47n938cp>

Østerud, Øyvind, Kjell Goldmann og Mogens N. Pedersen (1997): *Statsvitenskapelig leksikon*. Oslo: Universitetsforlaget.

Øverby, Harald (2018): «smarttelefon». *Store norske leksikon*, snl.no. <https://snl.no/smarttelefon> [Lesedato 22.07.2019].

Vedlegg 2: Tilråding fra NSD Personvernombudet for forskning



Øystein Alexander Vangsnes

9019 TROMSØ

Vår dato: 19.02.2018

Vår ref: 56296 / 3 / LH

Deres dato:

Deres ref:

Tilrådning fra NSD Personvernombudet for forskning § 7-27

Personvernombudet for forskning viser til meldeskjema mottatt 30.09.2017 for prosjektet:

56296	Synkron og diakrone politiske samtalar på Facebook
Behandlingsansvarlig	UiT Norges arktiske universitet, ved institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Øystein Alexander Vangsnes
Student	Geir Bakkevoll

Vurdering

Etter gjennomgang av opplysningene i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon finner vi at prosjektet er unntatt konsesjonsplikt og at personopplysningene som blir samlet inn i dette prosjektet er regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. På den neste siden er vår vurdering av prosjektopplegget slik det er meldt til oss. Du kan nå gå i gang med å behandle personopplysninger.

Vilkår for vår anbefaling

Vår anbefaling forutsetter at du gjennomfører prosjektet i tråd med:

- opplysningene gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon
- vår prosjektvurdering, se side 2
- eventuell korrespondanse med oss

Meld fra hvis du gjør vesentlige endringer i prosjektet

Dersom prosjektet endrer seg, kan det være nødvendig å sende inn endringsmelding. På våre nettsider finner du svar på hvilke [endringer](#) du må melde, samt endringsskjema.

Opplysninger om prosjektet blir lagt ut på våre nettsider og i Meldingsarkivet

Vi har lagt ut opplysninger om prosjektet på nettsidene våre. Alle våre institusjoner har også tilgang til egne prosjekter i [Meldingsarkivet](#).

Vi tar kontakt om status for behandling av personopplysninger ved prosjektlutt

Ved prosjektlutt 01.12.2019 vil vi ta kontakt for å avklare status for behandlingen av personopplysninger.

Se våre nettsider eller ta kontakt dersom du har spørsmål. Vi ønsker lykke til med prosjektet!

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Vennlig hilsen

Dag Kiberg

Lise Aasen Haveraaen

Kontaktperson: Lise Aasen Haveraaen tlf: 55 58 21 19 / Lise.Haveraaen@nsd.no

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Geir Bakkevoll, geir.bakkevoll@gmail.com



Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 56296

BAKGRUNN OG FORMÅL

«Tema for prosjektet er språket i sosiale medium, nærmere presisert: Computer Mediated Communication (CMC) i sosiale medium når vi diskuterer politikk. Problemstillinga er korleis og i kva grad dei synkronne (samtidige) samtalesituasjonane skil seg språkleg frå dei diakrone, med tanke på dialekt, pictogram, ortografiske avvik - og kraftuttrykk/bannskap.»

METODE

Data samles inn via Nordnorsk debatt sin Facebookside. Student vil gå gjennom samtaler/tråder som ligger på Facebooksiden, og identifisere aktuelle samtaler som vil brukes i prosjektet. Når aktuelle samtaler er identifisert vil student legge igjen en kommentar på slutten av den aktuelle samtalet/tråden, der det informeres om prosjektet. Informantene har reservasjonsrett. Student vil kun skrive ut samtaler der det er informert om studien, og samtalene anonymiseres fortløpende. Student vil vente med å skrive ut samtaler/tråder til det har gått noen dager, for å sikre at flest mulig blir informert om studien. Dersom noen reserverer seg etter at samtalene er skrevet ut, vil disse makuleres, jf. epostkorrespondanse med student.

Informasjonsskrivet vi mottok på epost 06.02.2018 er godt utformet.

Personvernombudet anser at behandlingen av personopplysningene det er snakk om er nødvendig for prosjektets formål. Det fokuseres på personenes språkbruk heller enn på meningsinnhold. Personvernombudet finner at behandlingen av personopplysninger kan finne sted med hjemmel i personopplysningsloven § 8 d) og 9 h.).

Vi viser forøvrig til NESH sine forskningsetiske retningslinjer for internettforskning:

<https://www.etikkom.no/forskingsetiske-retningslinjer/etiske-retningslinjer-for-forskning-pa-internett/>

SENSITIVE PERSONOPPLYSNINGER

Det fremgår av meldeskjema at du vil behandle sensitive opplysninger om etnisk bakgrunn eller politisk/filosofisk/religiøs oppfatning.

INFORMASJONSSIKKERHET

Personvernombudet forutsetter at du behandler alle data i tråd med UiT Norges arktiske universitet sine retningslinjer for datahåndtering og informasjonssikkerhet.

PROSJEKTSLETT OG ANONYMISERING

Prosjektslett er oppgitt til 01.12.2019, jf. epost fra student datert 06.02.2018. Det fremgår av meldeskjema at du vil anonymisere datamaterialet ved prosjektslett. Anonymisering innebærer vanligvis å:
- slette direkte identifiserbare opplysninger som navn, fødselsnummer, koblingsnøkkel

Vedlegg 3: Informasjonsskriv til språkbrukarane i «Nordnorsk debatt»

Jeg studerer språk ved UiT - Norges arktiske universitet, og interesserer meg spesielt for språket i sosiale medier. I prosjektet som jeg nå holder på med, forsker jeg på forskjeller i språk mellom samtaler på Facebook som går raskt - og samtaler som går sakte. Denne tråden er av de samtalene jeg ønsker ha med i materialet jeg skal forske på. Dersom du ikke ønsker at kommentaren du har lagt igjen her, skal være en del av det språklige materialet, kan du sende meg ei melding her på Facebook, på telefon 455 11 828 eller per epost til geir.bakkevoll@gmail.com, og du trenger ikke oppgi noen grunn for dette. Ta også kontakt hvis du vil ha mer informasjon om prosjektet, enten med meg eller prosjektets veileder ved UiT, Øystein Vangsnes (oystein.vangsnes@uit.no). Jeg vil allerede her presisere to sentrale ting: Det ene er at det ikke er meningsinnholdet i kommentarene jeg studerer, men ulike språklige trekk. Den andre viktige presiseringen er at jeg verken bruker navn, bilde eller noen annen informasjon som identifiserer deg. Tvert imot blir alle slike opplysninger anonymisert gjennom hele forskningsprosjektet. Prosjektet er slutt 1. desember 2019, og alt materiale jeg har studert, vil da bli slettet.

